

Å leve mellom kjønn

Ein kvalitativ studie av kjønns mangfald og identitetsforhandlingar hos menneske med kjønnsidentitetstematikk

—
Sigrid Agnethe Hansen

Masteroppgåve i samfunnsplanlegging og kulturforståing - Mai 2014

SAMANDRAG

I denne studien utforskar eg kva det vil seie å leve mellom kjønn. Det er ein kvalitativ studie som baserer seg på ti intervju med ti informantar frå ulike stader i Norge. Informantane er menneske med kjønnsidentitetstematikk, og er ei blanding av transpersonar og menneske med diagnosen transseksualisme. Fokus for studien er å vise korleis desse menneska forhandlar og forvaltar sin kjønnsidentitet, både for seg sjølv og i møte med samfunnet for øvrig. Ein del av informantane går eller har gått igjennom ein kjønnskorrigerande prosess, medan ein annan del av informantane lever i ein slags mellomposisjon mellom kjønna og utfordrar den normative tokjønnsmodellen som i analysane viser seg å gjere seg gjeldande for fleire av informantane i utvalet. Studien stiller spørsmål om livskvalitet og gir rom for subjektive og personlege erfaringar rundt det å leve som ein kjønna ”andenhet”, som er eit viktig analytisk omgrep henta frå Dorte Marie Søndergaard. Studien er inspirert av poststrukturalistisk feministisk teori, dekonstruksjon og queer theory. I tillegg til Søndergaards dekonstruksjonistiske inspirasjon, er også Judith Butler sitt performativitets-omgrep nytta som ein mogleg måte å forstå kjønn på.

FORORD

Når eg no skriv desse orda, er det eit teikn på at snart to år med studier er over. Det er både vemodig og godt på same tid. Arbeidet med denne masteroppgåva har vore fantastisk spennande, givande, lærerikt og innimellom totalt utmattande. Resultatet har blitt ei oppgåve eg sjølv er stolt av, og som eg håpar andre vil ha glede og interesse av.

Det er fleire som skal ha takk for at denne oppgåva har blitt til. For det første vil eg takke alle mine ti informantar som stilte opp til intervju, og som på den måten skapte det viktigaste grunnlaget for teksten. Kvar og ein fortener ein takk for å ha stilt opp og latt meg få innblikk og innsikt i korleis det er å leve med kjønnsidentitetstematikk. Eg vil også takke Luca Dalen Epseth, Skeiv Ungdom, Harry Benjamin Ressurscenter og Forbundet for transpersoner i Norge for å ha delt informasjonsskrivet mitt og hjulpet til i arbeidet med å få tak i informantar. Ein takk går også til Marion Arntzen på Stensveen Ressurscenter som inviterte meg til ”mangfoldskafé” på Kapp – det blei ein ettermiddag eg aldri kjem til å gløyme!

Ein stor takk går til min eminente rettleiar, Anniken Førde, som har gjort ein heilt framifrå jobb for å få meg i mål. Takk for gode innspel, kritisk lesing av arbeidet mitt og mange gode samtalar. Det har betydd veldig mykje for meg, og eg har hatt stor glede av våre diskusjonar, både faglege og mindre faglege.

Eg vil også takke heile gjengen på SPL-14 for to herlege år, med seminargrupper, kaffepausar og tapaskveldar. Takk for filosofiske samtalar og mykje latter som sikkert har forlenga livet mitt med nokre år.

Ellers vil eg takke vener og kjenningar som har måtte høyre meg snakke om masteroppgåva mi dei to siste åra, både for innspel og interesse. Ein spesiell takk går til familien min, som har heia på meg heile tida og hatt trua på meg når eg ikkje har hatt det sjølv. Det skal de ha hjarteleg takk for.

Og til sist vil eg takke Sigbjørn. Takk for at du har haldt ut. Takk for at du har vore stødig som ei klippe.

INNHALD

SAMANDRAG	i
FORORD	iii
KAPITTEL 1: Å LEVE MELLOM KJØNN – EI INNLEIING	
Alle desse spørsmåla	1
Fødd sånn eller blitt sånn?	2
Mellom kjønna: Eit møte med Linn	4
Ein sommar i mangfaldet	6
Men kva er egentleg kjønn?	8
Transtankar	9
Å leve mellom kjønn	10
Ein verdig representant	12
Møte med randpersonar	14
Problemstilling og spørsmål til analyse	15
Oppbygging	16
KAPITTEL 2: NORGE I MANGFALDIGE UTFORDRINGAR	
Å kartlegge terrenget	18
Om å nytte seg av definisjonar	19
Ordliste og omgrep	20
Distinksjonen mellom <i>transperson</i> og <i>transseksuell</i>	22
Behandling av F64.0	25
Norske utfordringar og politiske løysingar	27
Populærkulturelle diskursar og nokre ambivalensar	30
KAPITTEL 3: Å SKJØNNE KJØNN: TEORETISK TILNÆRMING	
Å plassere kjønn	33
Poststrukturalistisk feministisk teori og tankegang	34
Dekonstruksjon: Det kjente blir utfordra	36
”Gender is always a doing”	38
Queer: Problematisering av norma	41
Operasjonalisering; utgangspunkt i dei subjektive erfaringane	42
KAPITTEL 4: INN I MANGFALDET, UT I VERDA!	
Å finne subjektet	44
Det sjølvbiografiske elementet i metodisk arbeid	44
Inngong til eit feltarbeid	46
Planlegging og rekruttering	47
Menneska i mellomrommet: Om utvalet	48
Ein observerande ettermiddag	49
Den gode samtalen og den kvalifiserte samtalepartnaren	50
Møtet med trans: Den ”eine” møter den ”andre”?	51

Intervju som ”relasjonell praksis”	53
Forskingsetiske refleksjonar	55

KAPITTEL 5: Å FINNE SEG SJØLV – HISTORIER OM Å KOMME UT

Innleiing	57
Kome ut-prosessar: Kjønnnet blir italesat	58
Kristoffer: ”Eg var ei tikkande bombe”	60
”Det hemmelege kjem fram i lyset”: Reaksjonar frå andre	62
”...Og så var det ei heil verd av berre sanne som meg!” Om fellesskap	64
Tilbake til det hemmelege	66
Kjønn som noko ein gjer	69

KAPITTEL 6: ”UNDER ARBEID”; KROPPEN SOM EIT ”WORK IN PROGRESS”

Spørsmål som dukkar opp	71
”Det får vere som det er, når det ikkje blei som det skulle”	71
Får du leve eller døy?	74
Å gå i Storgata med flat brystkasse	76
Normbrytarane	77
Nokre avsluttande undringar	79

KAPITTEL 7: Å LEVE I MELLOMROMMET; GRENSEHISTORIER

Kva slags rolle spelar kjønn i grensene?	82
”Det var litt som å lande”	82
”Det klassiske problemet er jo damedoen”: Om fysiske grenser	84
”Kva er du egentleg?”	86
Grenser for trans	88
Kjønn: Offentleg eller privat? Om forestilte grenser	90
Normeringa si makt	91

KAPITTEL 8: Å LEVE MED KJØNN – EI AVSLUTNING

Tilnærmingar til teksten	93
Oppsummering	94
Det usedvanlege kan bidra til synleggjeringa av det sedvanlege	96
Avslutning	97

KJELDER	100
----------------	-----

VEDLEGG

Informasjonsskriv	103
Intervjuguide/temaoversikt	105

”VALERIE: Det finnes så mange ulike måter å være i skumringen på. Kjønnen er slett ikke et fengsel. Det er en mulighet. Det er bare ulike måter å fortelle på. Skriv din egen fortelling” (Stridsberg 2007:120).

KAPITTEL 1: Å LEVE MELLOM KJØNN – EI INNLEIING

Alle desse spørsmåla

*"One day I'll grow up, I'll be a beautiful woman.
One day I'll grow up, I'll be a beautiful girl
But for today I am a child
For today I am a boy" (Antony Hegarty 2005)¹*

Korleis kan du vere sikker på at den mannen som gir deg pose i butikken er ein mann? Korleis kan du vere sikker på at dette er eit legitimt spørsmål? Korleis kan du nokon gong vere sikker på at du kan seie kven som er mann og kven som ikkje er det? Kva er det som gjer at det er viktig? Korfor er det viktig å stadfeste kva kjønn eit anna menneske har? Kva er det som avgjer kva ein mann er og er laga av? Og kven er det som avgjer det? Er det du, er det han sjølv, eller nokon heilt andre? Er det personnummeret som avgjer, er det genitalia, eller er det klesstil? Kva tid blir det viktig å avgjere?

Og kva når du går forbi nokon i gata som du intuitivt snur deg etter, ikkje fordi du synst han eller ho var så fin, men fordi du ikkje forsto det du så? Når du må snu deg ein ekstra gong og verkeleg sjå etter, var det ein mann eller var det ei kvinne...? Eller kva med dei gongane du står i dokø og legg merke til at personen framfor deg heilt openbart må stå i feil kø? Eller? Og kva med han som nettopp melde seg i resepsjonen på legesenteret, han som reiste seg og gjekk inn til legen, enno det var eit kvinnenamn som blei ropt opp? Han som ikkje kan reise på ferie til andre land, fordi han er livredd for å vise fram passet sitt der det står F for *female*, ikkje M for *male*, fordi han er livredd for å bli tatt inn til tollkontroll, fordi ingen andre enn han sjølv kan vite at han er mann, for det er ingen papir som seier at han er noko anna enn ei kvinne i manneklede. Han som alltid får det same spørsmålet på fest: Men korleis har du *eigentleg sex*?

Dette er spørsmål eg på ein eller annan måte har stilt meg sjølv eller andre det siste året. Det er også spørsmål eg sjølv har blitt konfrontert med i møte med andre menneske, som til dagleg føler desse spørsmåla på kroppen. I dei første tilfella er spørsmåla retta mot kjønn, kva vi eigentleg kan vite om eit anna menneske sitt kjønn, i tillegg til at dei ber med seg ei undring over vår trong til å definere og å forstå andre sitt kjønn. I dei andre tilfella, er kjønnet

¹ Frå songen "For today I am a boy" frå albumet *I am a bird now* (2005) av Antony and the Johnsons. Antony Hegarty er frontfigur i bandet og uttalt transperson.

sett på prøve. Det er ei usikkerheit, noko tvetydig, eller noko uforståeleg. Så er spørsmålet: Uforståeleg for kven? Usikkert for kven? I dei fleste tilfella, er det nok uforståeleg for den som står som tilskodar. Det ukjente eller uvante lever iblant oss. Kjønn er ikkje nødvendigvis stabilt og statisk, enkelt og forståeleg. Kjønn kan også vere kaotisk og uhandgripeleg. Korleis gir vi så rom for dette kaotiske og uhandgripelege? Klarar vi det? Kan vi handtere mangfaldet?

Dei fleste av oss har ein viss idé om kva kjønn er, og dei fleste av oss bruker minimalt med tid på å reflektere over vår eigen kjønnsidentitet. Kjønn er, for dei fleste av oss, noko stabilt, både for oss sjølv og også i møte med andre menneske. Når eg møter eit anna menneske, er kjønn det første eg kan leggje merke til. Det første eg kan sjå, er om vedkommande er mann eller kvinne. Eg kan kategorisere den andre, plassere han eller ho i ein bås som seier at han eller ho er mann eller kvinne. Det gir meg ein viss orden og ein viss form for stabilitet i ei verd som tidvis kan virke kaotisk. Kjønn er det stabile i ei slik verd. Andre faktorar som alder, etnisitet eller seksualitet er ofte vanskelegare å få grep om. Berre kjønn står igjen som det enkle og handfaste. Eg vil no gjerne ta lesaren med inn i historier kor kjønn ikkje nødvendigvis er verken enkelt eller handfast. Eg vil ta lesaren med inn i det ukjente, det uvante, det usikre. Eg vil ta lesaren med inn i *mellomrommet* mellom kjønna.

Fødd sånn eller blitt sånn?

I 2010 blei ein spotlight retta mot moderne kjønnsforskning gjennom tv-programserien *Hjernevask*, produsert av Harald Eia og Ole-Martin Ihle. I eit par av programma var forskjellen mellom kjønna tema, og målet var å finne ut om det var arv eller miljø som hadde størst påverknad på korleis eit menneske blir som vaksen. Slik kom spørsmålet: Fødd sånn eller blitt sånn? Etter tv-serien gav Eia og Ihle ut ei bok med nettopp denne tittelen, *Født sånn eller blitt sånn?*, kor dei bygger vidare på materialet dei hadde samla inn. Det som gjorde at denne boka vakte merksemd og skapte debatt, var at Eia og Ihle stilte seg svært kritisk til norsk samfunnsforskning som blei sagt å vere for opptatt av sosial påverknad. I ei melding i VG blir denne ueinigheita så vidt skissert: ”Forskere har allerede før tv-premierer beskyldt Eia for å ha en forutinntatt agenda og misjon: Nemlig å overbevise det norske folk om at det meste skyldes gener”². I ein artikkel om boka, oppsummerer Isabelle Dussauge poenget til Eia

² Ja, takk – hjerne: <http://www.vg.no/rampelys/artikkel.php?artid=582108> Publisert 01.03.2010

og Ihle: ”Så som vi är, är vi födda! Låt oss begrava samhällsvetenskap, humaniora och andra teorier som försöker belysa maktförhållanden inklusive hur vi naturaliserar orättvisor (...) Och låt oss älska att vi föds olikt begåvade; det är naturligt och därför värdefullt” (Dussauge 435:2010). Dussauge legg her ikkje skjul på at ho er ueinig med Eia og Ihle, på lik linje med mange andre samfunnsforskarar. For *Hjernevask* skapte ein debatt, eller snarare, blåste liv i ein offentlig diskusjon om kjønn og om likestilling. Kunne det vere så enkelt at kvinner og menn gjer forskjellige ting, vel forskjellige yrke, til trass for at dei lever i verdas mest likestilte land, rett og slett på grunn av sine genar? Heilt forenkla syntest svaret Eia og Ihle tilbydde å vere ja.

Det er ikkje slik at Eia og Ihle skal få all æra for å ha bringa kjønnsforskning fram i lyset. Diskusjonen dei tok fram med *Hjernevask*, er ein diskusjon som har gått føre seg i forskarmiljø i mange år, og det er ein debatt med mange ulike synspunkt. Kjønnsforskning som eget felt har eksistert i fleire tiår. Kort sagt kan ein seie at grunnideen om at menn og kvinner er fødd ulike og dermed har ulike forutsetningar i livet, er den som har vore mest utfordra, kanskje spesielt innanfor samfunnsvitenskapleg hald. Mykje av den samfunnsvitenskaplege kjønnsforskninga har vore opptatt av å fjerne seg frå slike essensialistiske standpunkt, og heller gjort grundige forsøk på å opne for nye oppfatningar av kjønn. Stikkord her er sosial påverknad, sosial konstruksjon og performativitet. Desse teoretiske omgrepa, jobba fram særleg av poststrukturalistar som til dømes Judith Butler, har gjort seg spesielt gjeldande innanfor kjønnsforskninga, da dei gir rom for nye og alternative måtar å tenke kjønn på. Og det er nettopp dette teoretiske landskapet eg vil halde meg til i denne oppgåva. Her og no vil eg ikkje gå nærmare inn i denne diskusjonen eller inn i desse omgrepa, eg vil berre understreke at det er ein lang diskusjon som har røter i eit forskingsfelt som slettest ikkje er nytt. Samfunnsvitenskaplege tilnærmingar til kjønn gjer at ein kan ta omsyn til meir enn berre genar og biologiske faktorar.

Sjølvsagt er dette berre ein flik av ein større diskusjon, men det denne diskusjonen viser, er at det finst interesse for å diskutere spørsmål som handlar om kjønn, og særleg det som handlar om forskjellar, likskap og likestilling mellom kjønn. *Hjernevask* klarte å skissere at det finst to relativt polariserte vitenskaplege måtar for å tenke på kjønn; ein biologisk og ein sosial modell. Dette vil eg kome nærmare inn på i teoridelen av denne oppgåva, men her og no vil eg skissere denne diskusjonen for å vise at problemstillingar rundt kjønn alltid er aktuelt. Store diskusjonar som dette kan reise eit spørsmål som ”fødd sånn eller blitt sånn?”, og når

slike spørsmål blir stilt, blir nye spørsmål til. I dette arbeidet, kor transseksualisme er eit tema, vil slike spørsmål nødvendigvis i stor grad handle om korleis ein kjønnsidentitet blir til. Eg vil poengtere at eg i dette arbeidet vil nytte meg av samfunnsvitskaplege analyseverktøy og omgrepsapparat for å gjere eit forsøk på å forstå kva kjønn er – eller enno meir: Kva kjønn kan vere.

Mellom kjønna: Eit møte med Linn

Eg skal møte Linn³ på stamkafeen hennar i Oslo. Vi har avtalt å møtast ved eit bestemt tidspunkt og ved eit konkret bord i kafeen. Det einaste eg veit om Linn, er at ho har vore gjennom ein kjønnskorrigeringsprosess⁴, på bakgrunn av sin diagnose, transseksualisme. Ein vil altså kunne seie at Linn er transseksuell. Ein transseksuell er ein som frå barndomen eller puberteten opplever at han eller ho psykisk tilhøyrer det motsette kjønn, altså motsatt av sitt kroppslege kjønn⁵. Dette er altså det eg veit om Linn: Da ho vaks opp, var ho sikker på at ho tilhørte motsett kjønn enn det ho var fødd som. Frå alle moglege sensasjonbaserte, tabloide nyhendesaker om transseksuelle, har eg meir eller mindre bevisst danna meg eit bilde av korleis menneske som Linn ser ut. Dette tar eg meg sjølv i å tenke medan eg ventar på Linn, medan eg sjølv skjønner kor teit det høyrast ut.

Linn er nokre år eldre enn meg, kledd i skjørt og utringa t-skjorte, det er ein varm sommardag. Ho framstår som ei kvinne som er trygg på seg sjølv, og snakkar samanhengande, utan pausar, om vanskelege tema. Grunnen til at vi møter kvarandre, er nettopp for å snakke om vanskelege tema. Om kropp, kjønn, identitet. Og ho har mykje å fortelje. Om korleis ho som liten gut forsto at ho ikkje var som dei andre gutane, all den tid ho var heilt sikker på at ho eigentleg var ei jente. Om den fridomen ho som liten fikk til å eksperimentere med sitt kjønnsuttrykk, og om korleis denne fridomen blei tatt ifrå ho i møtet med skolen. Om kjærastar som ikkje har klart å leve med diagnosen hennar. Etterkvart som ho kom i puberteten, fikk Linn kontakt med Rikshospitalet, kor ho skulle få starte på hormonbehandling og få operasjonar for å bli den kvinna ho følte seg som. Seksjon for transseksualisme ved Rikshospitalet er den einaste staden ein får diagnosen transseksualisme

³ Linn er her anonymisert med tanke på namn. Ingen av informantane er oppført med sitt eget namn eller eit som liknar, men har blitt tildelt nye namn av meg.

⁴ Kjønnskorrigerering er det ein tidlegare omtalte som ”kjønnskifte”. Fordi det er omdiskutert korvidt ein kan skifte kjønn, er kjønnskorrigerering eit betre omgrep. ”Kjønnsbekreftende” eller ”kjønnskorrigerende” behandling er to ord som blir nytta om kvarandre. I denne oppgåva vil eg halde meg til ”kjønnskorrigerande”.

⁵ Definisjon frå Harry Benjamin Ressurssenter (HBRS): <http://www.hbrs.no/no/transseksualisme/>

og behandling for denne i Norge. Så skjedde det ho ikkje hadde venta seg: Seksjonen for transseksualisme ved Rikshospitalet blei lagt ned, utan å gi beskjed til ho som sat og venta på behandling. Og det som gjer sterkast inntrykk, er når ho fortel om korleis det rett og slett blei for mykje for ho å leve med usikkerheita om kva tid ho skulle få den hjelpa ho visste ho trong for å kunne bli eit heilt menneske. Linn følte at ho rett og slett måtte melde seg ut av samfunnet, fordi ho ikkje fant sin plass, fordi "alle" såg ein mann i kvinneklede når dei såg ho. Dei såg ikkje den kvinna ho følte ho var, fordi ho ikkje hadde fått den hormonbehandlinga og dei operasjonane som trengst for å få eit "godt" fysisk resultat. Dermed haldt ho seg heime i leilegheita, aleine med tankane. Ho fortel:

"Eg var jo veldig asosial. Sat inne i ei leilegheit, betalt av sosialkontoret, heile veka. Løp ned dei siste fem minutta før stengetid når det var mørkt og kjøpte det eg trong for resten av veka, og haldt meg mykje inne, da. Prøvde å gå ut når det var mørkt for ikkje å synast så godt, ikkje leggast merke til. Ein blir litt lei av at folk snur seg og peiker, lurar på kva slags monster eller freak som kjem gåande der. Så det er ondt og vanskeleg." (Linn)

Linn omtalar seg sjølv som eit "monster" eller ein "freak" i den tida ho gjekk og venta på å få kome inn til behandling på Rikshospitalet. Det var slik andre såg ho, dei som snudde seg på gata og peika. Denne historia frå Linn sitt liv viser oss korleis dei problemstillingane eg skisserte innleiingsvis speler ein rolle i enkelte menneske sine liv. Historia viser oss korleis det kan vere å vere annleis i ei verd kor kjønn er delt opp i "menn" og "kvinner", og kva det kostar av menneskelege krefter å falle utanfor desse kategoriane.

Og det er her eg må stoppe opp. For det er nettopp her eg vil halde meg i teksten vidare, i dette møtet med kjønn, i dette møtet med ein kjønna "andre". La oss så seie at eg i min daglege omgang med omverda møter eit visst antal personar. Dette er forskjellige menneske med forskjellige roller, alt ifrå kassadamer til postmenn, ifrå medstudentar til professorar. Alle desse menneska vil ha noko ved seg som gjer at eg vil kategorisere dei som kvinner eller menn. Det kan vere reint kroppsleg, som fysiske karakteristika eller ansiktstrekk, frisyre, stemmeleie eller klesdrakt. Det er dette som er det synlege i kjønn, slik ein møter det i kvardagen. Det ytre ber bud om kva som finst på innsida. I filmen *Alt om min far* frå 2002, blir dette forklara meir elegant og presist av legen og transvestitten Esben Esther Pirelli Benestad:

”Når vi viser oss som kjønn i verden, så viser vi en overflate. Og den overflaten er viktig, for den forhandler vi med verden med. (...) Og vår overflate som mann og kvinne er høyst forskjellig. For en kvinneoverflate bærer bud om en kvinnekropp på innsiden” (Benestad 2002).

Og det er hit eg vil. Vi skal tillate oss å bli røska litt i, og vi skal tillate oss å gjere eit forsøk på å konfrontere det vi dagleg tar for gitt. Eg vil med dette gå inn i ein større diskusjon om kva kjønn er, kva det betyr for oss og, ikkje minst, korleis det er å leve med kjønn. Måten eg vil gjere det på, er å skrive fram historier og erfaringar om å leve som kjønn i verda, i samfunnet og i relasjon til andre - historier og erfaringar fortalt frå menneske som til dagleg er i forhandlingar rundt sitt kjønn og sitt kjønnsuttrykk. Det er historier frå små pikerom, frå dokøer, frå lunsjrom og sjukehus, historier frå andre land, frå hovudstaden til små bygder, om å vere i forhold, om å vere aleine, om mødre og bestemødre, om kjærleik og om redsel. Det er historier om å vere annleis, men likevel er dette historier eg trur mange også kan kjenne seg igjen i, all den tid det handlar om å vere eit menneske i verda.

Ein sommar i mangfaldet

Juni 2013 var eg på feltarbeid i tre store byar; Tromsø, Oslo og Bergen. I desse tre byane utførte eg datainnsamlinga mi, som for det meste besto av møter og intervju med menneske eg ikkje kjente frå før, men som eg var nysgjerrig på. I alt gjennomførte eg ti intervju med ti informantar, som alle delte med meg sine opplevingar om det å vere kjønn i verda. Nokre av informantane mine er transseksuelle eller har diagnosen transseksualisme, og nokre av informantane mine definerer seg sjølv som transpersonar. Det er ein forskjell på desse to definisjonane, som eg vil kome nærmare inn på seinare. Her og no er det viktigaste å greie ut om det som er materialet mitt, og korleis det blei til. Og for å gjere det, vil eg begynne på starten, sommaren 2012.

Eg sit i bilen på veg til heimbygda til han eg lever med, da ein radiokanal har opplesing av dagens mest spennande nyhendesaker. I programmet tar dei eit dypdykk i saka som opphavleg blei publisert i avisa Finnmarken, ”Eneste transe i bygda”⁶. Saka handla om transseksuelle Morten frå Bærum, som flytta til Bugøynes i Finnmark, kor han kunne starte eit nytt liv som kvinne. I saka publisert på nett står det å lese at «hans største drøm er å kunne

⁶ Eneste transe i bygda: <http://www.nordlys.no/nyheter/article6151735.ece> Publisert 17.07.2012

gå på butikken kledd som kvinne og bli behandlet som alle andre», noko eg også hugsar frå radioreportasjen. Det er sjelden eg hugsar radioreportasjer så sterkt, som noko som set så usletteleg inntrykk, men denne gongen sette minnet frå radioen seg ekstra sterkt i kroppen. Eg blei nysgjerrig og eg blei fascinert. Det slo meg at min fridom til å gjere kva som helst, til å gå kor som helst, til å opphalde meg i kva rom som helst, var så stor, fordi min kjønna kropp og min kjønnsidentitet var på lik linje. Eg hadde aldri tvila på at eg var kvinne, eller vore redd for at andre ikkje skulle oppfatte meg som nettopp kvinne. Plutselig innsåg eg at ein slik fridom var ein privilegert fridom, ein som ikkje gjeld for alle til ei kvar tid. Og dette ville eg gjerne vite meir om. Mitt møte med Linn, som eg fortalde om over, blei i så måte eit sterkt møte kor denne fridomen ikkje gjaldt og kor eg verkeleg forsto at denne fridomen til å vere kjønns var ein fridom eg tok for gitt.

Radioreportasjen om den einaste transen i bygda, blei altså eit startskot for ei lang tankerekke, som til slutt fikk liv i det som skulle bli denne masteroppgåva lesaren no har framfor seg. Eg visste at det fanst fleire som Morten, og eg visste at eg måtte få dei i tale. Eg visste at eg ville skrive om kjønns, men eg visste også at eg ville gjere det på alternative måtar. Eg ville ha tak i det alternative, det eg ikkje kjente, som eg kunne utforske og vere nysgjerrig på. Det skulle handle om nye måtar å tenke kjønns på, som kunne utfordre det klassiske bildet av kategoriane mann og kvinne, og etterkvart som eg las meg meir opp på feltet, skjønnte eg at det skulle handle om måtar å *gjere* kjønns på. Prosjektet skulle undersøke korleis kjønns blir gjort av transseksuelle og transpersonar, fordi desse antakeleg ville vere reflekterte rundt det å gjere kjønns, og fordi dei også kanskje ville gjere det på alternative måtar. Tanken var at dei ville dele historier og erfaringar frå sitt liv som ville fortelje meg korleis kategorien mann ikkje trengte å vere ein statisk storleik, men at den kunne fyllast med ulik meining og ulikt innhald. På same måte skulle slike historier gi nye perspektiv på det å vere kvinne. I sum ville desse historiene og erfaringane gi eit bilde av kjønns mangfald. I dei ti intervjuane eg har gjort med ti ulike menneske, er det nettopp desse historiene og erfaringane om kjønns mangfald og kjønns betydingar som kjem til syne. Det er dette kjønns mangfaldet eg ønsker å ta lesaren med inn i, for å gjere forsøk på å vise korleis det gjer seg gjeldande og for å gjere forsøk på å forstå det. Mangfald blir av mange sett på som eit gode i eit samfunn, som til dømes Regjeringa her skriv i ei stortingsmelding frå 2012 om kulturelt mangfold:

”Det er bra for Norge at det bor menneske her med tilknytning til andre land. Det å ha bakgrunn fra og kjennskap til andre land og kulturer er en ressurs, for den enkelte og

for samfunnet, og det er viktig å anerkjenne og ta i bruk ulike erfaringer og kompetanse” (Regjeringen 2012⁷).

Noko liknande er det verre å finne når ein leitar etter meldingar om kjønns mangfald. Likevel må ein vel kunne tru at det er ”viktig å anerkjenne og ta i bruk ulike erfaringer og kompetanse” også når det gjeld kjønns mangfald? Før eg kan gå vidare med utforskinga av kjønns mangfald, vil eg no gå vidare til å sjå kort på tankar og forståingar om kjønn.

Men kva er eigentleg kjønn?

Tidlegare har eg nemnt at eit viktig fokus for intervjua med informantane mine var å få fram historier om korleis dei gjer kjønn, og få fram korleis kjønn er viktig i kvardagen deira. Ei gjengs førestilling om kjønn, er at det for det første handlar om kropp, og for det andre at det handlar om korleis vi *er*. Sagt på ein annan måte, kan ein skilje mellom biologisk kjønn og sosialt kjønn. Biologisk kjønn er reint biologiske fakta, som skil jenter frå gutar ved at gutar har utovertiss og jenter ikkje har det. Jørgen Lorentzen skriv at ”biologien, og den biologiske forskjellen, er altså et fundament for hvordan vi forstår kjønn og hvordan vi nærmer oss mennesker” (Lorentzen 2006:23). Han poengterer at biologiske forskjellar finst, men at kjønnsforskninga si rolle er å vere kritisk til kor mykje desse forskjellane har å seie. Menneske er ikkje berre produkt av biologi, men også sine omgivnader, og vi er da inne på det som blir omtala som sosialt kjønn. Sosialt kjønn er skapt av historiske, kulturelle og sosiale prosessar. Ein konsekvens av sosialt kjønn er kjønnsroller. Ein slik kjønnsrolle kan vere ”flink pike”. Spør deg sjølv: Er flinke piker flinke fordi dei er jenter, eller fordi dei har blitt *sosialisert* inn i ei slik rolle fordi dei er jenter? Fordi sosialt kjønn altså er betinga av historiske, kulturelle og sosiale prosessar, er dei også dynamiske. Å vere jente i dag er ikkje det same som å vere jente for hundre år sidan. Kjønnsrollene endrar seg, og grensene mellom ”kvinneleg” og ”mannleg” blir stadig utvida og utfordra. Spørsmålet er om kjønnskategoriane er gjenstand for den same revurderinga og revideringa.

Som nemnt ovanfor, er kjønn kanskje den mest grunnleggande kategorien vi veit om. Det er ein kategori vi blir plassert inn i før vi kjem til verda, og ein kategori vi er forventa å halde oss innanfor: Enten er du mann, eller så er du kvinne. Det er ein kategori alle skjønner. Vi

⁷ Stortingsmelding 6 (2012-2013), Regjeringen.no:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-6-20122013/8/1/1.html?id=706043>

ønsker orden. Slik vil vi at det skal vere. Men slik er det ikkje for alle. Transseksuelle er menneske som opplever at kjønnsidentiteten og kjønnsuttrykket ikkje stemmer overeins. Dilemmaet deira er at kroppens kjønn ikkje stemmer med psykens kjønn, skriv Toril Moi i boka *Hva er en kvinne?* (Moi 2002). Dorte Marie Søndergaard snakkar om ein dualisme mellom ein ”førstehet” og ein ”andenhet”, altså at ein identitet ekskluderer ”det andre” (Søndergaard 2000). Eg tenker at det å leve i ”feil” kropp eller med ”feil” kjønn vil vere ein slik ”andenhet”, det vil vere noko vi ikkje heilt klarer å setje i ein kategori, sjølv om vi vil det. Transseksualisme representerer, slik eg ser det, ein ”andenhet”. I denne oppgåva vil eg ikkje berre sjå nærmare på kva denne ”andenheten” er, men også sjå på kva det normale er gjennom framandgjeringsprosessar. Brot med normaliserte kategoriar fortel oss ikkje kun noko om kva det andre består av, men det fortel oss vel så mykje om dei normene som finst og kva vi ser på som det ”normale”. Gjennom å setje lys på ulike erfaringar med slike normbrot i fokus, kjem norma til syne. Der det er ei norm, vil det også vere nokre som vil utfordre norma – slik er det også her.

Transtankar

Det du no har framfor deg, er ein studie av kjønnsidentitetsprosessar hos transseksuelle og transpersonar i Norge. Som antyda over, er fokuset på kjønn, og spesielt på kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, og korleis desse skaper eit kjønns mangfald. Det handlar om forhandlingar med seg sjølv, med andre og med omverda for å få leve som det kjønn og i det kjønnsuttrykket ein ønsker. Det handlar om retten til respekt for sin kjønnsidentitet, og om retten til ikkje å måtte velje mellom kjønna. Det handlar om å vere mann eller kvinne på sine egne premisser, og kva det kostar. For å setje lesaren inn i slike konkrete situasjonar, gir eg ordet til Kristin Fridtun og teksten hennar, ”Transtankar”:

”Du viser legitimasjon på polet og vert møtt med mistenksame augnekast: ’Øh, er du sikker på at det er ditt? Det står at det høyrer til ei dame?’ Du helsar på nye folk og seier namnet ditt, dei stussar og må spørja om att, dei får ikkje namnet til å passa. Du har eksamen og skal berre ein tur på do, eksamensvakta fylgjer deg, du strenar i veg mot målet ditt, kjem fram, tek i døra, den døra med ein kjole på, skal til å gå inn, men då kvesser eksamensvakta i: ’Du! Den er for damer!’” (Fridtun 47:2013).

Fridtun lever som transperson i Norge, fødd som kvinne, men med mannleg kjønnsuttrykk. I ”Transtankar” fortel ho om situasjonar kor dette kan opplevast som svært problematisk, både

for ho sjølv og for omverda. Det Fridtun gjer, er å leve mellom kjønna. Ho har ein kvinnekropp, og dette viser seg i alle identifikasjonspapir og -kort. Problema oppstår når ho så må vise fram desse og folk blir mistenksame – det er jo ein gut som står framfor dei, ikkje ei jente som heiter Kristin! Situasjonar kor enkeltmenneske blir konfrontert med kjønnet sine grenser eller moglegheiter, vil vere fokus for teksten.

Å leve mellom kjønn

Både historia om Kristin sitt dobesøk og forteljinga om Linn sine butikkturar i kveldens skumring, seier noko spesielt. Kristin, som er fødd som kvinne, men som lever i eit maskulint kjønnsuttrykk, opplever ein pinleg situasjon som oppstår når ho er på veg inn på det toalettet ho alltid nyttar, og blir nekta åtgang av eksamensvakta. Det oppstår ei forvirring, og antakeleg blir begge to ganske flau, med kvar sin grunn: Kristin fordi ho må forklare at ho er jente, eksamensvakta fordi ho trudde noko anna. Det er ein sterk norm i samfunnet at kvinner skal gå på damedo, og menn på herredo. Denne norma skal liksom ikkje rokkast ved. Kjønn er viktig i denne situasjonen. Den gjer seg gjeldande fordi kjønnet her opptre som noko litt ambivalent: Kjønnsuttrykket og den kjønna kroppen spelar ikkje på lag. Her er det samfunnet sine kjønnsnormar som viser seg i det eksamensvakta vil hindre Kristin i å gå på feil do. Linn si historie handlar også om omverda sitt auge på menneske som er utanom det vanlege. I den fassen av livet kor ho gjekk og venta på å få behandling hos Rikshospitalet, måtte ho leve i eit kvinneuttrykk, til trass for at ho fysisk ikkje såg ut som ei kvinne, slik ho fortel det sjølv. I ventinga på å få starte behandlinga mot å bli den kvinna ho alltid hadde følt seg som, følte ho seg altså ikkje særleg kvinneleg, men meir som ”eit monster”. Samfunnets forventningar til kva ei kvinne skal vere og korleis ei kvinne skal sjå ut, gjorde at ho følte ho kom til kort, og såg seg dermed nødt til å isolere seg i heimen, og berre forlate leilegheita når det var minst mogleg sjanse for å møte folk. Ein kan nesten seie at samfunnets kjønnsnormar blei så sterke for Linn at dei blei som eit fengsel for ho.

Kva har så desse forteljingane til Kristin og Linn å tilby? Som eg nemnde innleiingsvis, vil eg ta lesaren med inn i *mellomrommet* mellom kjønna. For det er dette dei to forteljingane kan gi oss: Eit vindauge inn til korleis det er å leve mellom kjønn. Eg vil vise betydninga av kjønn, og viktigheita av å bli akseptert som det kjønna mennesket ein opplever seg sjølv som. For mange menneske er nok kjønn ein bagatell, eller i det minste noko ein tar så for gitt at ein ikkje tenker eller reflekterer så mykje over det. Mange har funnet sin plass i ein

kjønnskategori, og blitt der. Men ønsket om å få høyre til i ein kjønnskategori, og prosessen med å finne sin plass, kan også vere lang og tidkrevande, og det er mange kjensle involvert. Dette vil eg gå inn i ved å sjå på korleis det er å leve mellom kjønn.

I Kristin sitt tilfelle er det eit mellomrom som oppstår ved at andre rundt ho ikkje blir heilt sikre på kjønnnet hennar og er dermed usikre på i kva kjønnsbås dei skal setje ho, og kor det oppstår smått pinlege situasjonar når dei gjer eit forsøk på nettopp dette. I Linn sitt tilfelle handlar det om eit mellomrom som er avhengig av tid. Ho visste at ho på eit tidspunkt ville få hjelp og starte kjønnskorrigeringsprosessen som ville gjere ho til den kvinna ho følte seg som. At ho enno ikkje såg ut som ei kvinne, skulle ho klare å leve med. Ho ville få hjelp, noko ho også fikk etterkvart. Når eg seinare i teksten skal presentere Linn igjen, er det med fleire historier frå tida før kjønnskorrigeringa tok til. Historiene frå denne mellomfasen, er sterk lesing, og lesaren vil etterkvart forstå korleis det å leve mellom kjønn til tider kan virke uuthaldeleg.

Materialet denne oppgåva bygger på er altså erfaringar og historier om å leve mellom kjønn. Det er desse erfaringane og historiene som legg grunnlaget for den vidare analysen, og som legg føringar for val av teori og metode. Det ligg ei interessant dobbelheit i denne kjerna, og grunnen til at den er interessant, er at den tar omsyn til at det finst to ulike kjønnsforståingar. Desse forståingane av kjønn finst ikkje berre i teorien, men kjem også fram i mitt eget materiale. Det finst (minst) to løysingar på korleis forstå det å leve mellom kjønn, slik Kristin og Linn viser oss. La meg no utdjupe om desse to måtane å forstå det på.

1. Å leve mellom *kjønn*: Ein transseksuell vil på eit eller anna tidspunkt oppleve at han eller ho er på veg mot sitt ønska kjønn. Dersom ein skal gjennomgå ei kjønnskorrigering, er ein nødt til å akseptere at det vil vere ein utgreiingsperiode kor ein må vente på å bli diagnostisert og få starte si behandling. Ein vil i denne perioden bu seg på å forlate sitt tildelte biologiske kjønn og gjere seg klar for eit liv som det kjønnnet ein føler seg som. Det vil med andre ord vere ein periode kor ein på sett og vis lever *mellom kjønna*: Ein har forlatt det eine, men ikkje enno oppnådd det andre. Aspektet er tidsbasert, fordi ein veit at når ein er diagnostisert, vil ein starte behandlinga. Denne mellom-perioden vil med andre ord ha ei ende. Mellom-perioden som her omtalast blir i materialet av mange omtalt som ein *prosess*, noko som igjen understrekar tidsaspektet i det heile. Å tenke på denne måten, ber med seg ein premiss om at det finst to kjønn, mann og kvinne, og at ein kan vere enten det eine eller det andre, og at dei

er dikotomiske storleikar. Den eine utelukkar den andre. Dette er ein normativ måte å tenke kjønn på, og er den mest grunnleggande måten å tenke kjønn på.

2. Å leve *mellom* kjønn: Denne forma for tenking avviser kategorisk at kjønn er ein dikotomisk storleik, men nyttar seg heller av eit spekterperspektiv. Med denne forståinga, ser ein kjønn som noko flytande, og ein er opptatt av at grensene mellom kjønn må utfordrast. Kjønn er ikkje berre enten/eller, men også både/og, og det finst dermed rom for alternative kjønnsuttrykk. Her ligg fokuset på mellomrommet mellom kjønn, som er det som kan utnyttast, og dette mellomrommet blir opplevd som eit mogleg handlingsrom. Denne måten å forstå kjønn på utfordrar den normative måten å tenke kjønn på. Innanfor denne måten å tenke og forstå kjønn på, er tanken om kjønn som noko *performativt* sentral. Judith Butler si forståing av kjønn som performativt vil eg kome nærmare inn på i teoridelen.

Mine informantar fordeler seg mellom desse to måtane å tenke, forstå og oppleve kjønn på. I analysen vil eg vise korleis dei ulike informantane forstår det å *vere mellom kjønn*, noko dei gjer på ulike måtar. Ved å undersøke det å vere mellom kjønn, kan eg også undersøke eit kjønns mangfald. Kva er kjønns mangfald i Norge og korleis kjem det til syne? Det er også viktige spørsmål som eg vil gjere forsøk på å svare på. Ved å utforske dobbelheita i å leve mellom kjønn, utforskar eg samtidig eit kjønns mangfald som er lite utforska frå før. Denne oppgåva gir bilde av korleis transpersonar og transseksuelle i Norge i dag har det, både med tanke på samfunnet rundt og behandlingstilbodet på Rikshospitalet. Eg vil likevel vere den første til å presisere at dette ikkje er ei undersøking som vil seie noko på generelt grunnlag eller på nokon måte generalisere og forenkle komplekse situasjonar for å gjere det enkelt for lesaren. Eit av måla her er nettopp det motsette: Å gi ulike stemmer plass og å gi rom til dei personlege og spesielle forteljingane. Levekårsundersøkinga ”Alskens folk”⁸ frå 2013 konkluderer med at det trengst meir kunnskap og forståing om desse gruppene i samfunnet, og dette arbeidet er slik sett eit kvalitativt bidrag til den kunnskapsproduksjonen.

Ein verdig representant

Dorthe Marie Søndergaard skriv i *Tegnet på kroppen* frå 1996 om behovet for å bli forstått

⁸ ”Alskens folk. Levekår, livssituasjon og livskvalitet for personer med kjønnsidentitetstematikk” er ein rapport utført av Janneke van der Ros frå Likestillingssenteret. Den blei bestilt og finansiert av LHBT-senteret i Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) som første av sitt slag i Norge. Rapporten blei lansert 24. januar 2013.

som kjønn i verda. Det er ikkje berre eit behov for å bli forstått eller respektert, men først og fremst om å oppnå stadfesting som eit kjønna vesen:

”At opnå bekræftelse som værdig representant for sit køn har stor verdi for de fleste aktører. Både fordi det er behageligt og sosialt trygt at blive spejlet som værdifuld, men også fordi spejlingen genkender og værdsætter noget, som aktøren tidligt i sin livshistorie og livsforløbet igennem udvikler og understøtter som et væsentlig bindemiddel i sit selv” (Søndergaard 1996:101).

Søndergaard nyttar her ord som ”behagelig”, ”sosialt trygt” og ”verdifullt”, og linkar dei opp til å bli akseptert eller stadfesta som *verdig representant for sitt kjønn*. Dette meiner ho altså er noko som er viktig for dei fleste aktørar. Og det er lett å vere einig med Søndergaard i ei slik utsegn. Det er viktig for sosial tryggleik at ein føler at ein høyrer til og ikkje blir sett på som eit utskot. Men nettopp her synst eg igjen at vi skal tillate oss å stoppe opp og stille spørsmål. Sjølv om det å oppnå anerkjenning for sitt kjønn er viktig for ”de fleste aktører”, er det ikkje dermed slik at det er tilfelle for alle aktørar. Enkelte må jobbe hardare for å få ei slik anerkjenning og nettopp denne anerkjenninga skal få stå i fokus. Korleis ein vel å nærme seg den, er eit hovedanliggende i teksten.

For å gå nærmare inn i det som kan kallast ein ”normativ” oppfatting av kjønn, kan ein seie at det er eit prinsipp at kjønn er sat saman av biologi og sosiale prosessar, av kropp og identitet. Ein kan seie at det ideelt sett skal vere samsvar mellom desse tre: Kjønn, kropp og identitet. Kjønnsideiteten skal følgje den kjønna kroppen som deretter sender ut signal om kjønn som andre rundt oss kan oppfatte, og dermed lese vårt kjønn. Ei kvinne er ei kvinne ved at ho kroppsleg og biologisk sett er kvinne, ved at ho på ein eller annan måte uttrykker dette kvinnelege med sitt kjønnsuttrykk, og at kjønnsideiteten er kvinneleg: Ho føler seg som ein kvinne, ter seg som ei kvinne, ser ut som ei kvinne, både med og utan klede. På denne måten blir ho eit vesen som lett kan lesast som ei kvinne. Denne personen blir det Søndergaard vil omtale som ein ”verdige representant for sitt kjønn”, i sitatet over.

Å tenke på kjønn på denne måten, gjer at kjønn blir veldig enkelt: Ei kvinne er ei kvinne fordi ho ser ut som ei og fordi ho ter seg som ei. I ei til tider kaotisk verd, kan det vere greit å skape ein viss orden ved å kategorisere menneske på den måten. Men dersom ein kostar på seg å reflektere rundt dette, skjønner ein at det er problematisk å kategorisere slik. For det vil ikkje alltid vere samsvar mellom kropp – kjønn – identitet. Det finst til dømes kvinner med kort hår

som går utan sminke og i klede som tradisjonelt er reikna som manneklede. Dei kan sjå ut som menn, te seg som menn, og likevel vere kvinner under kleda. Kva gjer så dette med kvinnelegheita deira? Mistar dei status som kvinner, eller sagt på ein annan måte: Blir ei kvinne mindre kvinne av å ha eit maskulint kjønnsuttrykk?

Møte med randpersonar

Eg har altså intervjuet ti menneske som på ulike måtar erkjenner at dei stadig er inne i forhandlingsprosessar rundt eigen kjønnsidentitet. Dette kjem som følgje av at det ikkje er samsvar mellom biologisk/kroppslig kjønn og opplevd kjønn. Det er altså ikkje samanheng mellom kroppen sitt kjønn og psyken sitt kjønn. I dagligtalen kategoriserer vi som regel desse menneska som *transpersonar*. LLH definerer transpersoner slik:

”Personer med et utseende eller en identitet som uttrykker et annet kjønn enn det som ble registrert for dem ved fødsel. Noen transpersoner føler at de verken er menn eller kvinner og utfordrer vårt todelt kjønnsidentitetssystem ved å innta plassen som et tredje kjønn, eller ved å ikke definere seg i kjønnskategorier overhodet. Mange definerer seg som menn eller kvinner, noen definerer seg som noe annet. Andre igjen trives i begge roller, og veksler mellom disse”⁹ (LLH 2012).

Transperson er altså eit paraply-omgrep som rommar mellom andre transseksuelle, transvestittar og androgyne. For nokre i mi informantgruppe, er transperson eit omgrep dei føler seg komfortable med og bruker det for å definere seg sjølv. Nokre andre er derimot skeptiske til dette omgrepet, og dei fleste skeptikarane er dei som er transseksuelle, eller som har diagnosen transseksualisme. Denne måten å kategorisere dei på, skal vise seg ikkje å vere uproblematisk. Denne diskusjonen vil eg kome nærmare inn på seinare, men her og no vil eg poengtere at dei lesaren vidare skal bli kjent med, er ei gruppe menneske som på ein eller annan måte identifiserer seg heilt eller delvis som eit anna kjønn enn det dei ble tildelt rett etter fødsel¹⁰. Eg liker Søndergaards (2000) uttrykk ”randperson”, og vil nytte meg av det som omgrep på informantgruppa mi. Det er dette dei har til felles: Dei forholder alle seg til kjønns grenser meir aktivt enn den vanlege mannen i gata. Dei kjenner alle desse grensene på kroppen, og dei må stadig ta oppgjær med desse grensene. Eller, for å bruke mitt eget grep, dei må forholde seg til mellomrommet mellom kjønna. Korleis dei gjer dei og kva dette

⁹ Definisjon henta frå brosjyra *Transpersoner*, utgitt av LLH i 2012. LLH står for Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner.

http://www.llh.no/filestore/Dokumenter_LLH_Sentralt/Brosjyrer/LLHTransbrosjyre080512.pdf

¹⁰ Definisjon henta frå Skeiv Ungdom sine sider: <http://www.skeivungdom.no/kjonn>

mellomrommet har å seie for dei, vil vere teksten sitt mål å få fram.

Problemstilling og spørsmål til analyse

Gjennom ti intervju med ulike menneske som dagleg er i forhandlingar rundt sitt kjønn, enten med seg sjølv eller andre, vil eg vise kva for ulike kjønnsoppfattingar som finst og vise ein del av eit kjønns mangfald, i tillegg til å vise korleis konfrontasjonar skjer. Ved å snakke med ulike menneske som bryt med den normative kjønnsoppfattinga, vil eg sjå på alternative måtar å tenke om samansetninga kropp – identitet – kjønn. Lesaren vil også bli presentert historier som ser for seg ei lineær samanstilling av kropp – identitet - kjønn som eit ideal og eit normaliserande prinsipp. Dette er historier som til dels møter kvarandre, og til dels står i motsetning til kvarandre. Det er historier som viser eit mangfald i å tenke rundt kjønn, og eit mangfald i å vere og å gjere kjønn. Det er dermed historier om kjønns mangfald. Kva er kjønns mangfald og korleis kjem det til uttrykk? Problemstillinga tar omsyn til både dette kjønns mangfaldet, i tillegg til at ho knytter seg opp til det kjønna mellomrommet.

Problemstillinga eg vil jobbe ut ifrå er:

Kva vil det seie å leve mellom kjønn?

Eg vil vise til ulike måtar å tenke om kjønnsidentitet ved hjelp av informantane sine eigne forteljingar om kjønna betydingar. Eg vil dele materialet opp i tre narrative kategoriar: Narrativ om *å kome ut*, om *å korrigere kroppen/kjønn*, og om *grenser*. I analysen av desse narrativa, vil eg stille tre sentrale spørsmål:

- Kva slags samanstillingar av kropp – identitet – kjønn trer fram, og korleis gir det seg til kjenne?
- Kva slags forhandlingar går føre seg – både med seg sjølv og med andre?
- Kva slags normbrot skjer, korleis skjer dei og kva består dei i? I dette spørsmålet ligg det også implisitt at det finst ei norm – kva er så norma? Kva slags normer er det dei i så fall bryt?

Desse spørsmåla vil gjelde innanfor alle dei tre narrative kategoriane som analysen består av, og vil dermed følgje med som raude trådar i resten av teksten.

Oppbygging

Så er det på tide å skissere vegen vidare. Frå denne innleiinga kor lesaren blir sat inn i relevante spørsmål om og tankegangar rundt kjønn, vil neste stopp vere eit bakgrunnskapittel som vil freiste å få på plass ein kontekst. I bakgrunnskapittelet vil eg foreta ei grundig gjennomgang av omgrep, spesielt med fokus på transseksualisme, transseksuelle og transpersonar. Eg vil gjere eit forsøk på å forklare kva distinksjonen mellom dei er, i tillegg til å gi ein gjennomgang av diagnosen transseksualisme og korleis denne blir behandla. I den samanheng vil eg også gi ei skildring av utviklinga av eit behandlingstilbod i Norge. Eg vil her også skissere nokre av dei utfordringane som har meldt seg i forbindelse med dette behandlingstilbodet og sjå på kva som blir gjort for å løyse desse frå politisk hald. I tillegg vil eg også knytte teksten opp til populærkulturen og dermed trekke inn ulike diskursar om *det transseksuelle* og *det kjønnsverskridande*.

Derifrå vil eg gå over til eit kapittel som presenterer den teoretiske og metodiske tilnærminga til problemstillinga. I kapittelet vil eg gå nærmare inn på dei ideane som er skissert over, med særleg fokus på arven frå Judith Butler og Dorte Marie Søndergaard. Begge desse står for arbeid som har vore stor inspirasjon, på kvar sin måte, og eg vil gå nærmare på korleis i teorikapittelet. Lat meg for no seie at det i høgaste grad handlar om å gjere kjønn. Eg vil også vise korleis desse to kan kategoriserast som queerteoretikarar. Til slutt vil eg vise korleis den formen for epistemologi Butler og Søndergaard legg til grunn legg føringar for det metodiske arbeidet og analytisk fokus i oppgåva vidare.

I metodekapittel går eg inn på sjølve planlegginga og gjennomføringa av feltarbeidet og datainnsamlinga. Eg vil der gi ein presentasjon av forskings spørsmål og nokre refleksjonar rundt kjensler i forkinga, i tillegg til å vise korleis eg i stor grad har vektlagt narrative intervju. Eg vil så vie plass til eigne tankar og refleksjonar rundt det å planlegge, gjennomføre og bearbeide ei datainnsamling. I tillegg vil eg presentere utvalet, spesielt knytta til forskningsetikk. Til sist vil eg kome inn på utfordringar ved å gjennomføre ein type studie som dette er, og spesielt kva for utfordringar som melder seg i det å vektleggje ”det personlege” og ”det subjektive” i intervjumaterialet.

Vidare følgjer sjølve analysen, som til dels er skissert i tidlegare i dette kapittelet. Eg vil vere inspirert av det Dorte Marie Søndergaard kallar ein ”destabiliserende diskursanalyse” (Søndergaard 2000). I tillegg vil Judith Butler sitt omgrep ”performativitet” vere eit verktøy

til korleis leite etter kjønnet i historiene til mine informantar. Det finst mønster og samanhengar i historiene deira, for sjølv om ingen historier er like, kan dei likevel handle om det same temaet. Denne oppdaginga gjer at eg har funnet tre ulike narrativ som går igjen i fleire av intervjua: Narrativ om å kome ut, narrativ om å korrigere kroppen/kjønnet, og narrativ om grenser. Målet med analysen, blir å vise korleis kjønn i gitte situasjonar er viktig, kjem til syne eller på ein eller annan måte må forhandlast. Den fysiske kroppen vil også spele ein rolle i desse forteljingane, noko eg også har valt å gi plass til i analysen.

Avslutningsvis vil eg diskutere kva kunnskap om kjønn og kjønns mangfald gir oss, og korleis denne kunnskapen kan nyttast.

KAPITTEL 2: NORGE I MANGFALDIGE UTFORDRINGAR

Å kartlegge terrenget

Det er vanskeleg å seie noko konkret om kor mange transpersonar og transseksuelle det finst i Norge. Dels fordi spekteret er stort, og dels fordi mange også lar identiteten vere skjult. I rapporten ”Alskens folk” frå 2013 anslår Janneke van der Ros at det er om lag 20.000 transpersonar i Norge. Rapporten seier også at mellom 100 – 120 årleg blir henvist til Rikshospitalet, medan Rikshospitalet sine egne tal ligg på rundt 150 dei to siste åra, og 25-30 får årleg diagnosen transseksualisme¹¹. Det er altså ei stor gruppe som lever utan noko form for diagnose, men som definerer seg innanfor eit transspekter.

Når det kjem til organisasjonsliv, finst det fleire organisasjonar og foreningar for transpersonar og transseksuelle. Landsforeninga for lesbiske, homofile og transpersoner (LLH) har både eit transpolitisk utval og eit transpolitisk nettverk, i tillegg til å ha ein ungdomsorganisasjon, Skeiv Ungdom. Harry Benjamin Ressurssenter (HBRS) er ein pasientorganisasjon for pasientgruppa på Rikshospitalet, og har også ei eigen forening for familie og foreldre. HBRS har regionlag i øst-, vest-, sør- og midt-Norge. Det finst også ei eigen forening med namnet Forbundet for Transpersoner Norge (FTP-N). Forløparen til denne foreninga blei stifta så tidleg som i 1966 som del av ein nordisk organisasjon¹². Stensveen Ressurssenter på Toten samarbeider med alle desse organisasjonane og foreningane, og visjonen deira er å ”hjelp menneske med kjønidentitetstematikk gjennom en vanskelig overgangsfase i livet og bidra til et mer mangfoldig, inkluderende og tolerant samfunn”¹³. Det finst med andre ord fleire ulike organisasjonar og nettverk som jobbar for ulike delar av transspekteret, og transpersonar og transseksuelle har på den måten nokon å vende seg til dersom ein har behov for å møte andre i same situasjon eller likesinna. Det varierer nok frå sted til sted kor aktive dei ulike organisasjonane er, til dømes var Skeiv Ungdom i Tromsø inaktive på det tidspunktet eg kontakta dei, og HBRS hadde ikkje eit eget regionslag i nord. Mine informantar i nord ga ikkje noko uttrykk for at dette var noko dei sakna, medan fleire av dei busett lengre sør, ofte nytta seg av sosiale treff i regi av dei ulike organisasjonane.

¹¹ Ingentransland: <http://www.vg.no/spesial/2013/transer/>

¹² Forbundet for Transpersoner Norge: <http://www.ftpn.no/default.asp?sec=3>

¹³ Stensveen Ressurssenter: <http://stensveen.no/om-oss>

Om å nytte seg av definisjonar

Som nemnt i føregående kapittel, skal denne oppgåva inn i ei verd med mange ulike omgrep og kategoriar, samtidig som eg vil presentere forsøk på å frigjere seg frå omgrep og kategoriar. Det kan tidvis virke vanskeleg og kanskje kaotisk, men eg vil prøve å gjere det litt ryddigare. I det følgjande kapittelet skal ulike ord, omgrep og kategoriar bli gjennomgått, i tillegg til at eg vil vise fram eller understreke dei distinksjonane som finst mellom desse orda, omgrepa og kategoriane. Og så kan ein kanskje med tida freiste å frigjere seg frå tanken om at alt må kategoriserast eller setjast konkrete ord på. For augeblikket er det viktigaste å vise at språket og definisjonane ein nyttar seg av har stor betydning.

Eg kan ikkje få presisert nok viktigheita av å ha tunga rett i munnen når det kjem til kommunikasjon med informantgruppa mi. I oppstarten av mitt arbeid, var det tenkt at eg skulle jobbe med *kjønnsidentitet hos transpersonar*. Etter eit møte med Harry Benjamin Ressurscenter¹⁴ i Oslo, gav dei tydelege signal om vanskelegheitane med å bruke ordet «transperson». Dei oppfordra meg til heller å nytte meg av det meir nøytrale *personar med kjønnsidentitetstematikk*. LHBT-senteret definerer kjønnsidentitetstematikk på følgjande måte: ”(Personer med) kjønnsidentitetstematikk inkluderer samtlige personer som erfarer, eller har erfart, ubehag forårsaket av en eller annen form for diskrepans mellom opplevd kjønnsidentitet og kjønn tillagt ved fødsel”¹⁵. Dette omgrepet er altså meir opent enn ”transperson” eller ”transseksuell”, og ein kan seie at det famnar litt breidare enn dei to. Å nytte ordet ”kjønnsidentitetstematikk” ville altså gjere at eg kunne nå ut til enda fleire, slik eg forsto det. Eg ville kome i kontakt med dei eg såg på som aktuelle informantar, fordi dette omgrepet ville gjere at fleire følte at det samsvara med eigen sjølvforståing.

I førebuingssprosessen hadde eg også ein nøkkelperson, ein person som hadde kontakt med fleire av organisasjonane som jobbar innanfor LHBT-spekteret, og som i tillegg til å hjelpe med rekrutteringa av informantar, også kunne gi meg innsikt i aktuelle problemstillingar og tema. Også han råda meg til å nytte meg av omgrepet ”kjønnsidentitetstematikk”, og eg valde dermed å gå for denne beteingninga. Eg ville altså rekruttere ”personar med

¹⁴ Harry Benjamin Ressurscenter er ein organisasjon som jobbar for menneske som søker, har eller hatt diagnosen transseksualisme og som går igjennom kjønnskorrigierende behandling ved Rikshospitalet. Det er ein pasient- og brukarorganisasjon.

¹⁵ Definisjon henta frå LHBT-senteret si heimeside: <http://www.bufetat.no/LHBT/ABC---ord-og-uttrykk/Kjønnsidentitetstematikk/>

kjønnsidentitetstematikk”¹⁶. Resultata frå denne rekrutteringa er nærmare omtalt i metodekapittelet, og vil ikkje vere tema her og no, men det er verdt å merke seg omgrepsbruken i henvendinga mot eventuelle informantar.

Ingen vil bli definert som noko ein ikkje er. Ein som føler og oppfattar seg som jente, vil oppleve det som sårande og feil å stadig bli kalla gut og bli omtala med hankjønnspronomen. For andre igjen er ikkje dette skiljet viktig i det heile tatt, og dei synst det er heilt greitt at andre ikkje kan vere heilt sikre på om dei skal seie ”ho” eller ”han” til vedkommande. Atter andre lever så mykje i det tidlegare nemnde mellomrommet mellom kjønna at begge pronomen er like ”rett”. Mitt beste tips til korleis å vite kva ein skal seie eller kva slags ord ein skal nytte, er å spørje vedkommande sjølv og dermed utforske og gripe deira kategorisering. Gi vedkommande fridomen til å definere seg sjølv, på sine eigne premissar.

Ordliste og omgrep

Det er som nemnt mange ord å halde styr på i dette feltet, og dei enkelte omgrepa som vil bli brukt vidare i teksten, vil eg presentere ei ordliste med omgrepsforklaringar. Dette er ord som særleg vil kome tilbake i analysen, da det er ord og omgrep som har blitt brukt både av informantane og meg i intervjusituasjonar. I intervjuet har eg vore opptatt av at informantane skal få definere seg sjølv, og ikkje bli definert av meg. Det er viktig å få fram at trans ikkje er éin ting, men at det er eit paraplyomgrep som rommar fleire ulike identitetar og sjølvforståingar. Eg har valt å bruke definisjonane til LLH (Landsforeninga for lesbiske, homofile og transpersoner)¹⁷. Desse definisjonane er grundige og godt gjennomarbeida, slik eg ser det, og er derfor gode til nettopp denne typen bruk.

”Kjønnsidentitet: Den identiteten man har i forhold til kjønn slik det blir forstått av en selv og samfunnet. De fleste identifiserer seg med det kjønn de fikk tildelt etter fødsel, men ikke alle.

Kjønnsuttrykk: Måten man bevisst eller ubevisst uttrykker sin kjønnsidentitet på, slik at omgivelsene oppfatter hvilket kjønn man tilhører. Dette er noe alle gjør i større eller mindre grad, gjennom klær, hårfrisyre, sminke, kroppsspråk, kropp osv.

¹⁶ Informasjonsskrivet som blei brukt til rekruttering, er å finne i Vedlegg.

¹⁷ Definisjonane, slik dei er skrive her, er henta frå heimesida til LLH: <http://www.llh.no>

TRANS: Feltet 'trans' rommer mange ulike identiteter, kjønnsuttrykk og seksualiteter. Skal du bruke de ulike trans-begrepene nedenfor, så forsikre deg om at du bruker riktig begrep. Transperson er et samlebegrep, transseksualisme og intersex er medisinske diagnoser.

Transperson: Personer med kjønnsidentitet(er) eller kjønnsuttrykk som bryter med det samfunnet forventer av dem på grunnlag av hvilket kjønn de fikk tildelt ved fødselen. Noen transpersoner er kvinner eller menn, andre er verken menn eller kvinner og noen kategoriserer ikke sin egen kjønnsidentitet. Transperson er som oftest ikke en kjønnsidentitet, men en beskrivende kategori.

'Transperson' er et samlenavn som inkluderer blant annet transvestitter. Trans handler om kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, ikke om seksualitet. Transpersoner kan være skeive, lesbiske, hetero-, bi- eller homofile. Noen transpersoner har medisinsk behov for å modifisere kroppen sin slik at de føler den stemmer med deres identitet.

Transseksuell: (av latinsk transeo = over/på den andre siden og sexus = biologisk kjønn). Transseksuell er primært en medisinsk diagnose, men det kan også være en identitetskategori. Personer som ønsker medisinsk kjønnsbekreftende behandling vil ofte ønske å få denne diagnosen. Det finnes i dag mange mennesker som ønsker kjønnsbekreftende behandling som ikke får hjelp av helsevesenet. Transseksuell er ikke en seksuell orientering og omtales ikke som transseksualitet, seksuell henspiller på det engelske ordet for kjønn (sex), og har dermed ingen sammenheng med det norske ordet sex/seksuell.

Transkjønnet: Noen foretrekker å bruke begrepet transkjønnet fremfor transseksuell. Begrunnelsen for dette er at tilstanden dreier seg om nettopp kjønn, ikke seksualitet. I medisinsk sammenheng er det imidlertid fremdeles transseksuell som er betegnelsen på diagnosen.

Transkvinne: Person med kvinnelig kjønnsidentitet som fikk tildelt mann som kjønn ved fødselen. Transkvinner er kvinne på lik linje med ciskvinner. Der det ikke er relevant å nevne trans omtales transkvinner som kvinner.

Transmann: Person med mannlig kjønnsidentitet som fikk tildelt kvinne som kjønn ved fødselen. Transmenn er menn på lik linje med cismenn. Der det ikke er relevant å nevne trans omtales transmenn som menn.

MTF og FTM: Begrepene Male-to-Female (mann-til kvinne) og Female-to-Male (kvinne-til-mann) brukes om personer som har gjennomgått eller ønsker å gjennomgå behandling for å endre kroppen i samsvar med det kjønn de føler at de er. Begrepene brukes som regel på engelsk og er ikke vanlig å se i norsk oversettelse.

Transvestitt: (av latin: ”transeo” = over/på den andre siden og vestis = klær). En person som mer eller mindre ofte, helt eller delvis, har et kjønnsuttrykk oftest forbundet med det ”motsatte kjønn” av det de fikk tildelt ved fødsel. Transvestisme har ikke noe med seksuell orientering å gjøre, men endring av kjønnsuttrykk kan være forbundet med seksuell nytelse eller opphisselse for enkelte.”

Dette er alle ord som skal med i oppgåva vidare, og spesielt gjer dei seg gjeldande i møtet med informantane og i den vidare analysen. Det er derfor greitt å ha ei slags ordliste å halde seg til når kategoriane og orda flyt litt om kvarandre.

Eg har tidlegare forsøkt å vise til skiljet mellom kategoriane, og spesielt når det gjeld skiljet mellom transseksuell og transperson. Slik ordlista over viser, er *transperson* altså eit paraplyomgrep som skal famne om ulike kjønnsidentitetar og kjønnsuttrykk, og transseksuelle og transvestittar kan såleis reiknast som transpersonar. Likevel er det slik eg tidlegare har vore inne på, og som definisjonane over også poengterer, at mange transseksuelle ikkje ønsker å bli definert som ”transperson”. Eg vil no gå inn på bakgrunnen til korfor det er slik.

Distinksjonen mellom transperson og transseksuell

Som det blir forklart over, er ”transperson” eit ord ein kan nytte om ein person som ikkje identifiserer seg som det kjønn ein blei tillagt ved fødselen. Det er den overordna forklaringa av ordet ”transperson”. Det vil seie at nokre menneske har ein kjønnsidentitet eller eit kjønnsuttrykk som ikkje stemmer overeins med det biologiske kjønn. For enkelte er denne uovereinsstemminga mellom tillagt kjønn og opplevd kjønn så stor at dei kan få diagnosen transseksualisme. Denne diagnosen finn ein i ein internasjonal diagnosemanual,

Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblemer, som er ein manual gitt ut av Verdas helseorganisasjon (WHO). Denne refererast oftast til som ICD (*International Statistical Classification of Diseases and Related Health Problems*). Dagens utgåve, ICD-10, er den tiende revisjonen av klassifikasjonen. Den blei gitt ut i 1992, og frå og med 1997 blei den innført som offisiell norsk klassifikasjon av psykiske lidingar¹⁸. Kapittelbokstaven beskriv den overordna sykdomsgruppa, slik at kapittel F for psykiske lidingar, vil gi F som bokstav i diagnosen. F00 til F99 beskriv psykiske lidingar og adferdsforstyrningar. Og det er altså her ein finn F64.0, diagnosen for transseksualisme. ICD-10 sørger for at det er fem ulike diagnosar for kjønnsidentitetsforstyrningar (F64), altså fleire enn berre F64.0, transseksualisme. Dei øvrige er F64.1 (dual-rolle transvestisisme), F64.2 (kjønnsidentitetsforstyrningar i barndomen, med åtskilte kriterier for jenter og gutar), F64.8 (andre kjønnsidentitetsforstyrningar) eller F64.9 (kjønnsidentitetsforstyrningar, uspesifisert)¹⁹. Det som er viktig å merke seg, er at det kun er diagnosen F64.0 som gir rett til behandling. Det er altså berre menneske med diagnosen transseksualisme, altså per definisjon transseksuelle, som har moglegheit til å gjennomgå kjønnskorrigerande kirurgi i Norge. Eg vil gå nærmare inn på korleis prosessen rundt å få denne diagnosen foregår og kva ein så gjer vidare litt seinare, her og no vil eg berre forklare at det reint teknisk finst eit skilje mellom dei definisjonane som blei presentert over. Og dette skiljet vil nokre seie finst i diagnosane.

Det er altså slik at mange transseksuelle for det første ikkje ønsker å bli omtalt som transperson, og for det andre at dei ikkje ønsker å bli omtalt som transeksuelle. For å ta det siste først, er ein av grunnane at ein ikkje ønsker å vere ei ”personifisering” av ein diagnose. Kort sagt kan ein seie at transseksualisme er noko ein *har*, som kva for helst slags anna diagnose, meir enn ei skildring på ein person, som ”transseksuell” er. Fleire av informantane seier også at det kjenst feil å bruke ordet ”transseksuell” fordi det ligg så nært opp til skildringar av legning, som hetero- eller homoseksuell, og at transseksualisme ikkje har noko med seksualitet å gjere. Men, som tidlegare nemnt, også her finst det forskjellar.

I informantgruppa mi, er det både transseksuelle og transpersonar. For dei som er transpersonar, er ikkje alle kriteria for å få oppfylt diagnosen til stede, og desse nyttar seg for det meste av definisjonen ”transperson” eller eventuelt ”transmann”/”transkvinne”. Dette kan

¹⁸ ICD-10, frå Store medisinske leksikon: <http://sml.sn.no/ICD-10>

¹⁹ Standard of Care. Behandlingsmodell for diagnosen transseksualisme. Omsett til norsk av HBRIS: <http://www.hbris.no/norsk/Standard+Of+Care.9UFRjSYi.ips>

vere fordi dei ikkje ønsker å gå igjennom kjønnskorrigerande kirurgi, eller fordi kjønnsuttrykket varierer. Det kan også vere fordi dei føler at dei verken høyrer til i ein kvinnekategori eller ein mannekategori, og er nøgde med å leve i mellomrommet mellom kjønna eller vil lage eit tredje kjønn.

Det er altså fleire ting som spelar inn på sjølvdefinisjonen, og om ein vil definere seg som det eine eller det andre. No er det heller ikkje mi oppgåve å gjere dette skiljet større enn det er eller overdrive meininga eller rolla det har i trans-samfunnet, men det er likevel viktig å poengtere at det finst og at det innanfor trans-samfunnet også er store forskjellar og fleire identitetar. Det er verdt å nemne at alle mine informantar har fått spørsmål som handlar om sjølvdefinisjon og kva for betydning ord som ”transperson” og ”transseksuell” har for dei. Det er heilt klart ord dei alle har ei meining om. I mitt første møte med HBRS, kor eg blei tipsa om å nytte meg av ordet ”kjønnsidentitetstematikk”, blei eg også gjort oppmerksom på at ordet ”transseksuell” heller ikkje er uproblematisk å bruke. Beskjeden eg den gong fikk var noko som denne: Veldig få ønsker å bli ei personifisering av diagnosen sin. Diagnosen er noko ein *har*, ikkje noko ein *er*.

Signe Bremer kjem også i si doktorgradsavhandling frå 2011 til det same når det gjeld distinksjonen mellom transpersonar og transseksuelle. Ho skriv, under overskrifta ”Transsexualism vs. transpersoner”:

”En del transsexuella, däribland flera informanter, vill däremot inte alls förknippas med transpersonsbegreppet. Detta beror bland annat på att många, men inte alla, personer i den transsexuella gruppen vill bli sedda som just ”vanliga” män och kvinnor. När könskorrigeringen är färdig uppfattar de sig som före detta transsexuella” (Bremer 2011:18).

Bremer vektlegg her at det finst ein distinksjon, og at mange av dei transseksuelle føler seg støtt av å bli samanlikna eller sett i bås med transpersonar, og vel derfor, slik eg også har valt, å understreke at det finst ein forskjell og lar informantane definere seg sjølv utifrå denne forskjellen: ”Att flera informantar tolkar transpersonsbegreppet på detta sätt är en viktig anledning till at jag har valt att skilja på kategorierna transsexualism och transpersoner. Detta är ett sätt för mig att visa respekt för dessa informanters ståndpunkter” (Bremer 2011:18). Ein liknande form for respekt håpar eg å vise i denne oppgåva.

Kort sagt kan ein seie at det er ein formell forskjell på transseksuelle og transpersonar, som er formalisert gjennom ein psykiatrisk diagnose. Hovudforskjellen ligg altså i at den eine gruppa har ein diagnose som gir rett til kjønnskorrigerande behandling med kirurgi og hormonbehandling, medan dette ikkje gjeld for dei med andre diagnoser. Dei som ikkje får denne diagnosen, kan bli diagnostisert med ”andre kjønnsidentitetsforstyringar”, og har ikkje krav på eller rett til nokon slags medisinsk behandling. Her ligg kanskje nokre av dei største utfordringane når det gjeld denne gruppa i samfunnet, og eg vil i det følgjande gi ei oversikt over behandlingstilbod, korleis prosessen går føre seg, og ikkje minst kva slags utfordringar som eigentleg finst og korleis dei kjem til uttrykk. Spesielt det siste året har media hatt fleire saker om dei som fell utanfor behandlingstilbodet hos Rikshospitalet, og dei vil eg sjå nærmare på under.

Behandling av F64.0

Denne oppgåva fordrar at ein også må ta omsyn til kroppen som fysisk storleik, og ikkje berre som diskurs eller språkleg fenomen. Her kjem det fram at kjønn er fleire ting. Det blir vanskeleg å snakke overfladisk om kjønn, eller berre snakke om ”sosialt kjønn”. Sjølv om det heilt klart er slik at kjønn kan vere eit samansatt fenomen av ulike sosiale praksisar, er det komplisert å hevde at det er den heile sanninga. Kjønn er også kropp. Korvidt ein aksepterer at kropp og kjønn er det same, er ein stor diskusjon eg sjølv sagt ikkje skal la liggje, men for at den i det heile tatt skal kunne ha ein form for legitimitet, må eg også vise til korleis ein kan finne samanstillinga mellom kropp og kjønn. I det følgjande vil eg sjå på korleis kjønn blir kroppsleggjort.

For ein pasient med transseksualisme, kan vegen vere lang fram til kjønnskorrigerande behandling. Først må fastlege henvise pasienten til psykolog eller psykiater, som så henviser vidare til Rikshospitalet²⁰. Pasientar med transseksualisme får utgreiing og behandling ved Rikshospitalet, som har landsfunksjon for denne diagnosen. Behandlingsgruppa ble etablert i 1967 og har hatt landsfunksjon sidan 1979. På årsbasis blir 50-70 pasientar henvist til utredning, og av desse blir rundt 20 diagnostisert som transseksuelle, viser tal trykt i Tidsskrift for Den norske legeforening (Tønseth m.fl. 2010). Dette talet dei seinare åra økt til rundt 150, ifølgje Rikshospitalet sine egne tal. Årleg blir 15 pasientar som oppfyller kriteria

²⁰ Henvising skjer da til Nasjonal behandlingssfunksjon for transseksualisme ved Rikshospitalet. Tidlegare var namnet Seksjon for transseksualisme.

for transseksualisme henvist til kirurgisk intervensjon (også omtala som kjønnskorrigerande kirurgi). Utredningsperioden tar vanligvis ikkje meir enn eitt år, men kan i enkelte tilfelle ta lengre tid. I dette året skjer det mykje: Pasienten er i kliniske samtalar, i intervju og må svare på ulike spørreskjema. I denne perioden skal pasienten ha ein ”real life test”, kor han eller ho begynner å leve som sitt ønska eg, altså som det kjønnet ein ønsker å leve som. Pasienten sin kjønnsidentitet blir undersøkt og klassifisert, og må oppfylle fleire kriterier. Opplevinga av å vere fødd i feil kropp står sterkt, og det ubehaget dette medfører gjer at pasienten ser det som einaste løysing å fjerne sine kjønnsorganar. ”Pasienten må ha en permanent stabil overbevisning om å tilhøre det andre kjønn, uten direkte kulturelle eller sosiale fordeler” (Tønseth m.fl. 2010:377). Pasienten skal ut i ei psykiatrisk utredning som varar i minst eitt år. Dersom pasienten blir diagnostisert med transseksualisme, kan behandlinga starte.

Etter minst eitt år med utgreiing, følgjer eitt år med hormonell behandling. Biologiske menn får tilført østrogen, biologiske kvinner får tilført testosteron. Hos biologiske menn vil dette seie at kroppsfett blir omfordelt til hofter og bryst, i tillegg til at kroppshårsveksten blir redusert, testiklar blir mindre og spermieproduksjonen avtar og forsvinn. Hos biologiske kvinner er resultatet at muskelmassen og skjeggvekst aukar, klitoris blir større, stemmeleiet blir lågare og menstruasjonen opphøyrer (Tønseth m.fl. 2010). Etter eitt år er kroppen så klar for kirurgisk behandling. Herunder ligg korreksjon av bryst, enten forstørrande eller forminskande, og 6-12 månedar seinare kan pasienten bli tilbuddt genital rekonstruksjon. Hos biologiske kvinner fjernast livmora og kjønnsorganet sine bestanddelar nyttast til å konstruere ein penis. Hos biologiske menn blir ein vagina konstruert med enkelte delar frå penis. Verdt å merke seg er det at endring av personnummer først kan gjerast når testiklar eller eggstokkar er fjerna. Dette vil seie at ein ikkje kan skifte juridisk kjønn før kastrering. Eg vil kome tilbake til akkurat dette under neste avsnitt (om ”Norske utfordringar og politiske løysingar”). Hos biologiske menn kan det også vere aktuelt å fjerne adamseple og å ”feminisere” typiske maskuline ansiktstrekk. Mann-til-kvinne-transseksuelle kan seinare også måtte gå til logoped for taletrening for å gjere stemmen meir feminin, og kan også få fjerna hår på bryst og i ansikt ved hjelp av laserbehandling (Tønseth m.fl. 2010).

Kjønnskorrigerande behandling tar altså minst 3 år frå første henvising til kirurgisk kjønnskorrigerande operasjon, men kan også ta lengre tid. For nokre blir denne ventetida for lang, og nokre vel å få gjort ein del kirurgi i utlandet. Dersom det finst tvil om hormonell og kirurgisk behandling vil vere det rette for pasienten, kan det også skje at den psykiatriske

utredninga varar lengre enn eitt år. Årlig blir 15 pasientar henvist til kirurgisk intervensjon, opplyser artikkelen frå behandlingsgruppa ved Rikshospitalet (Tønseth m.fl. 2010). Frå dei som blir henvist til Rikshospitalets funksjon årleg, er det altså berre 15 som til slutt gjennomfører kjønnskorrigerande behandling. Det som er skildra over er det som i det vidare, særleg i analysen, vil bli referert til som ”prosessen”. Det kan da vere snakk om den psykiatriske utgreiinga, hormonbehandlinga eller kirurgisk behandling. Heilskapen av desse elementa blir som regel kalla ”prosessen” av informantane sjølv. I analysen vil eg nærmare gå inn på korleis dei ulike informantane har opplevd prosessen, kva slags erfaringar dei sitt med og om det var enkelte delar som var spesielle.

Norske utfordringar og politiske løysingar

I 2013 kom levekårsundersøkinga ”Alskens folk”, utført av Janneke van der Ros ved Likestillingssenteret på Hamar. I 2013 var det 50 år sidan Rikshospitalet starta opp sitt behandlingstilbod for kjønnskorrigerande behandling. Denne rapporten var den første i sitt slag, ei levekårsundersøking av menneske med kjønnsidentitetstematikk, kor levekår, livssituasjon og livskvalitet blei særleg undersøkt. ”Alskens folk” presenterer to hovudfunn. Det første er at det i samfunnet generelt er lite kompetanse og kunnskap om kjønnsidentitetstematikk, og at dette fører til lite forståing for menneske med kjønnsidentitetstematikk, som igjen har alvorlege følgje som diskriminering, utestenging, stigmatisering og trakassering (Ros 2013).

”Det andre hovedfunnet gjelder helsevesenet og handler om mer enn utilstrekkelig transkompetanse blant helsepersonell. Langt flere enn de få som diagnostiseres for transseksualisme, har behov for transrelaterte helsetilbud; fravær av diagnosen ekskluderer fra transrelatert offentlig helsetilbud og det har store innvirkninger på livskvalitet” (Ros 2013:5).

I artikkelen frå 2010, seier artikkelforfattarane at antalet henviste til deira seksjon er mellom 50-70, og at rundt 20 av desse får diagnosen F64.0. Nyare tal, som presentert i ”Alskens folk” og VG-reportasjen ”Ingentransland”, begge frå 2013, skisserer at omfanget av henvisningar har auka til ein stad mellom 100-150 dei siste to åra, altså har det dobla seg i forhold til talet presentert av Tønseth med flere. Det er likevel ikkje snakk om ei stiging i antalet som får diagnosen. Eg synst det er verdt å merke seg at talet på dei som får diagnosen transseksualisme held seg relativt stabilt, medan antal henvisningar aukar, ja, faktisk doblar

seg på berre nokre år. Er grunnen meir kunnskap om transspekteret? Er det meir openheit rundt det å leve med kjønnsidentitetstematikk? Det er kanskje vanskeleg å svare på desse spørsmåla, men det er viktig å tenke over dei.

Det tala ikkje seier noko om, er kva som skjer med dei som ikkje får diagnosen. Tala fortel oss ikkje kva som skjer for dei som får F64.8 eller F64.9 som diagnose. Slikt kan ikkje statistikken gi oss svar på. Og derfor trengs undersøkingar som ”Alskens folk”. Sitatet over seier at fråveret av ein diagnose har store innverknadar på livskvalitet. Det må ein ta på alvor. Og så er det jo også berre ein liten brøkdal av denne minoriteten som har ein diagnose som kan behandlast ved Rikshospitalet. Av dei anslagsvis 20.000 menneska som lever som transperson i Norge i dag, er det alt i alt få som ender opp med kjønnskorrigerande behandling. Det er heller ikkje målet for alle. Nokre trivast best i ein kvardag kor dei kan leve ut kjønnsidentiteten som både mann og kvinne, medan atter andre ikkje vil ta eit klart val mellom kjønnskategoriane og lever i ein slags mellomposisjon. Men årleg er det altså omlag 100 menneske som ikkje får diagnosen F64.0, og som dermed står utan behandlingstilbod. Det vil eg sjå nærmare på under.

Etter at ”Alskens folk” blei publisert, tok riksmedia sitt ansvar på alvor og lagde fleire sakar og reportasjar om utfordringane for menneske med kjønnsidentitetstematikk, og spesielt dei som lever som transpersonar utan tilbod frå Rikshospitalet. VG melde mellom anna at europeiske studiar viser at berre 40 prosent av transpersonar er i arbeid²¹. Dette kan samsvare med funna frå ”Alskens folk”, som altså understreker at det er lite forståing for og kunnskap om transpersonar i det offentlege, her under også arbeidsplassar, noko som fører til mellom anna utestenging. Den største utfordringa er det manglande behandlingstilbodet for pasientar som ikkje tilfredsstillar Rikshospitalet sine kriterier for diagnosen F64.0. I VG Nett sin reportasje ”Ingentransland”, blir kjønnsidentitet omtala som eit ”politisk betent tema”²². Det er i det heile tatt eit svært komplekst område, og fleire utfordringar står i kø. Det er ei reell utfordring at mange står utan eit behandlingstilbod. Det er også ei utfordring for mange at ein ikkje har krav på ein ”second opinion” eller moglegheit til å få ei ny utgreiing eller vurdering av helsepersonell, fordi det berre er gruppa ved Rikshospitalet som kan gjere dette i Norge.

²¹ Svært høy arbeidsledighet blant transpersoner:

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10111676> Publisert 04.07.13

²² Ingentransland: <http://www.vg.no/spesial/2013/transer/>

Tarald Stein²³ er ein av dei som har vore mest ute i media og kritisert Rikshospitalet sitt monopol på diagnostiseringa. Han får mellom anna medhald frå menneskerettsorganisasjonen Amnesty, som påpeiker at det i Sverige går an å klage på avslag og få det omgjort²⁴, noko ein ikkje kan gjere i Norge.

Dette er sjølvsagt noko organisasjonar som jobbar for transpersonar sine rettar har jobba med, og i september 2013 kom det ei pressemelding frå Stoltenberg II-regjeringa som viste at dette hadde nådd høgaste politiske hald. I meldinga frå regjeringa heiter det at ”kriteriene for kjønnskifte i Norge skal utredes og helsetilbudet til transseksuelle og transpersoner skal styrkes” (Regjeringen Stoltenberg II, pressemelding 19.09.2013). Det står fleire interessante ting i meldinga. For det første skal det setjast ned ei ekspertgruppe i regi av Helsedirektoratet som skal sjå på kva for kriterier som skal gjelde for å skifte kjønn²⁵ i Norge, og denne gruppa skal lage ein plan med tiltak for å styrke helsetilbodet. Planen skal vere klar i 2014.

Pasientgruppa skal sikrast rett til second opinion og dei som får avslag skal få hjelp og oppfølging. Eit anna svært viktig punkt er at det skal vurderast å fjerne kravet til sterilisering. Som tidlegare nemnt, er dette eit omdiskutert tema. For å få endra juridisk kjønn, det vil si å få nytt personnummer og rett bokstav i passet, er det i dag påkrevd å sterilisere seg, altså å fjerne reproduktive organ. Amnesty har meldt klart ifrå om at dette er klare brot på menneskerettane, og var svært nøgde etter meldinga frå regjeringa²⁶.

Løfta frå den forrige regjeringa gjer at framtida kan sjå lys ut for den delen av pasientgruppa som på noverande tidspunkt står utan behandlingstilbod. Frå 1. januar i år har vi dessutan ein heilt ny lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Dette kan ein også ta som bevis på at utfordringar transpersonar og transseksuelle står overfor blir tatt på alvor, i dette tilfellet frå politisk hald. ”Alskens folk” trekk også fram manglande forståing og respekt frå medmenneske i ulike sosiale samanhengar som ei hovudutfordring. Samfunnet treng kunnskap om transpersonar og transseksuelle for å kunne forstå og respektere dei problemstillingane dei lever med. Kva ser dei som utfordringar? Korleis kan vi lære noko av dei? Korleis kan vi bruke historiene deira til å forstå meir? Kva kan vi gjere for å jobbe mot diskriminering og trakassering? Og eit spørsmål som

²³ Tarald Stein er transperson og har gitt ut to diktsamlingar om å vere ein mann med kvinneleg kropp.

²⁴ Tarald (35) vil ha rett til ny vurdering: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10117871>
Publisert 02.07.2013

²⁵ Uttrykket ”å skifte kjønn” er her orda som er nytta i pressemeldinga, ikkje mine.

²⁶ Viktige signaler fra norske myndigheter: <http://www.amnesty.no/aktuelt/viktige-signaler-fra-norske-myndigheter> Publisert 20.09.2013

kanskje skiljar seg ut som spesielt viktig: I kva slags samanhengar blir kjønn viktig? I kva slags situasjonar gjer kjønn seg gjeldande, og korfor?

Populærkulturelle diskursar og nokre ambivalensar

Å svare på spørsmåla, er forhåpentlegvis noko eg skal klare å gjere i løpet av denne oppgåva. Ein kan godt konkludere slik ”Alskens folk” gjer, med at det er for lite kunnskap og kompetanse blant befolkninga generelt, og blant helsefagleg personell spesielt. Ein av grunnane til at det er slik, er kanskje at folk flest ikkje veit heilt korleis dei skal forholde seg til *trans*. Det er ikkje dermed sagt at dei aldri har høyrte om transpersonar, transseksualisme eller transvestittar. Det har dei nok. Det er nok slik at ordet ”trans” bærer med seg ulike konnotasjonar og assosiasjonar. Dei ulike trans-formane avviker på ein eller annan måte frå norma, som enkelt og greit kan seiest å vere at du blir fødd i den kjønna kroppen du føler du høyrer til i²⁷. Holly Devor får fram dette velkjente poenget i boka *Female-to-Male Transsexuals in Society* :

”Not all roles in society are equally valued. Class, race, ethnicity, physical ability, religiosity, and other qualifiers modify the broad hierarchies which place men above women in social status and power. Some positions, such as homosexual, lesbian, crossdresser, transgendered, and transsexual, are clearly seen as stigmatized by most segments of society” (Devor 1997:43).

Ein av grunnane til at stigmatisering og trakassering skjer, er nok nettopp fordi status som transperson eller transseksuell er såpass lite ”vanleg” som det er, og dermed blir reikna av mange som uvanleg. Statistisk sett er det uvanleg. Redsla for det som er uvanleg kan ramme fleire av dei undergruppene Devor nemner ovanfor, både når det kjem til seksualitet, etnisitet, religion eller funksjonevne. Dei som lever mellom kjønn er i så måte ikkje aleine om å stille seg utanfor ei gitt norm.

Å vere transperson eller transseksuell i Norge, er å vere ein minoritet. Denne minoriteten har gradvis fått større merksemd dei siste åra, og det har nok gjort sitt for at det norske folk er klar over kjønns mangfaldet som finst. Gjennom populærkultur og media har denne minoriteten blitt utforska på ulikt vis. I Norge er vi til og med så heldige at vi har ein rikstranse! Søker ein opp ordet ”rikstranse” på Google, er det nesten sjølvsagt at det er snakk

²⁷ Dette har også ein definisjon, som det motsette av trans: cis. Å vere cis-kjønna vil seie at du har ei overensstemming med opplevd og tillagt kjønn.

om Esben Esther Pirelli Benestad, legen og transvestitten frå Grimstad, spesielt kjent etter sonen Even Benestad sin dokumentarfilm *Alt om min far*. Filmen blei godt mottatt og fekk fleire prisar, mellom anna Amanda for Årets kinofilm i 2002. Etter denne fikk Pirelli Benestad status som ”rikstranse”, og har mellom anna kome inn i tv-stua i mange norske heim med sin deltagelse i TV2-programmet *Skal vi danse?* i 2007. I *Skal vi danse?* deltok Pirelli Benestad som både Esben og Esther.

Våren 2010 sendte NRK dokumentarserien *Jentene på Toten*. Serien handlar om ti transpersonar og liva deira, og ein får servert personlege portrett av korleis det er å leve som transperson. Mange av personane i serien er transvestittar. Grunnen til at serien heiter *Jentene på Toten*, er den sentrale rollen til Stensveen Ressurscenter på Kapp i Østre Toten. Dette blir rekna som ein fristad for transpersonar i heile Norden. Senteret blir drevet av ekteparet Marion Arntzen og Harald Sundby, og serien viser korleis dei arbeider for og med transpersonar. Dokumentarserien vant Gullruten for beste dokumentarserie i 2010 og blei også tildelt Homofrydprisen²⁸ same året. Serien fikk mykje positiv merksemd, men NRK blei felt av Pressens Faglige Utvalg (PFU) grunna manglande anonymisering av ein av deltakarane²⁹. PFU-kritikk til trass, *Jentene på Toten* blei av mange rekna som ein suksess, noko dei overnemnde prisane understreker.

Esben Esther og jentene på Toten har det norske publikum blitt kjent med gjennom dokumentarsjangeren. Ellers er populærkulturen spekka med transvestittar, transseksuelle og drag queens, eller androgyne som utfordrar grensene mellom det maskuline og det feminine. Mest opp i dagen er nok årets vinnar av Eurovision Song Contest, den østerrikske dragartisten Conchita Wurst, som stilte i songkonkurransen med kjole, langt hår og heilskjegg. Forbundet for transpersonar i Norge jubla etter seieren³⁰, og transpersonen Conchita Wurst sin seier kan langt på veg bli sett på som ein seier som handlar om meir enn ein førsteplass i ein internasjonal songkonkurranse. Det var ein seier for openheit, toleranse og aksept for kjønns mangfald.

²⁸ Homofrydprisen skal gå til ein eller fleire personar, bedrifter eller organisasjonar som i løpet av det siste året har utmerka seg på ein positiv måte i kampen for homofile, lesbiske, bifile og transpersonar. Homofrydprisen blir gitt av LLH.

²⁹ NRK felt for ”Jentene på Toten”: <http://www.nrk.no/kultur/nrk-felt-for-jentene-pa-toten-1.7425253>
Publisert 14.12.2010

³⁰ Jubler for Conchita-seier: <http://www.nrk.no/sorlandet/jubler-for-conchita-seier-1.11713183> Publisert 12.05.2013

Ein kan så spørje seg om desse eksempla er teikn på ei auka offentleg interesse for denne minoriteten i samfunnet. Men kva skjer egentleg når vi får ein rikstranse, og når ein minoritet får talspersonar som er stolte og står fram? Skaper det meir forståing eller meir polarisering? Blir det meir toleranse og aksept for minoriteten i samfunnet? Her oppstår det nokre ambivalensar. På den eine sida, er det positivt at ulike framsyningar av korleis det er å leve som transperson eller med diagnosen transseksualisme får kome fram i lyset, da det kan hjelpe til med å normalisere det å leve mellom kjønn. Det kan vere med på å gi nyanserte bilde av å leve med kjønnsidentitetstematikk og på den måten gjere at det blir mindre framandgjort. Det viser at denne minoriteten ikkje er ein gjeng ”freaks”, men at dei er menneske som alle andre. På den andre sida er det kanskje slik at det kan bli eit fokus på dei sensasjonelle, spektakulære eller spesielle sidene ved trans-minoriteten, noko mange kan ha problem med å kjenne seg igjen i. Folk forventar at dei som tilhøyrrer denne minoriteten skal vere som ”dei der på tv”, eller oppføre seg på ein viss måte, til dels ”skrullate”, forfriskande fritt-talande og overmåteleg ærlege. Mange vil derimot berre skli inn som vanlege menneske og bli oppfatta som ein verdig representant for sitt kjønn, og dermed frigjere seg litt frå trans-minoriteten. Korleis handterer mine informantar desse ambivalensane? Det vil eg freiste å få svar på i analysen.

KAPITTEL 3: Å SKJØNNE KJØNN: TEORETISK TILNÆRMING

Å plassere kjønnet

”I vår oppfatning av identitet framstår mannlig og kvinnelig som noe naturlig og fundamentalt. Dette understøttes av måten vi snakker på. Det å tenke på et menneske vi ikke vet kjønnet på kan oppleves som fremmedgjørende. Det fremtrer ikke som et menneske før vi har plassert det som kjønn” (Aasebø 2002:164).

Som menneske har vi kanskje eit grunnleggande behov for å forstå det vi oppfattar, og å lage eit visst system i alle sanseintrykk vi tar innover oss. Kjønnskategoriene er slik sett lette å forholde seg til, all den tid den består av to moglegheiter: Mann og kvinne. Dei er gjensidig utelukkande: Dersom ein er mann, kan ein ikkje vere kvinne. Om ein blir i tvil, blir det som i Aasebø sitt sitat over: Det kan opplevast som framandgjerande å ikkje vite kjønnet. Men kva er det som utgjer dette kjønnet ein kan oppfatte og forstå?

I innleiingskapittelet skisserte eg litt av kjønnsdebatten som pågjekk for nokre år sidan. I denne debatten var særleg spørsmålet om arv og miljø diskutert, og den samfunnsvitskaplege retninga som seier at kjønn er ein sosial konstruksjon, og at kjønn er først og framst forma av sosiale faktorar, fikk hard medfart av dei som er meir opptatt av biologi. Heile den diskusjonen skal eg i og for seg la ligge, for det er ikkje nødvendigvis der dei verkeleg interessante diskusjonane om kjønn ligg. Eg vil heller argumentere for eit fokus på kjønnsoppfatting, heller enn ”kjønnstilbliving”. Korleis og korfor oppfattar vi kjønn slik vi gjer? Kva slags kodar er det vi nyttar for å forstå kjønn, og for å skape mening i møte med kjønnet?

Det er i desse spørsmåla eg vil halde meg i det følgjande kapittelet, og leite i vitskapsteorien for å finne svar. Nyttige svar finn eg særleg i poststrukturalismen og dei teoretiske redskapa den tilbyr, og i nyare rørsle som poststrukturalismen har gitt liv til, som queerteori. Eg vil i dette kapittelet gå inn i desse vitskapsteoretiske tankane og vise korleis dei inspirerer mitt arbeid, og kva slags implikasjonar dette gir for den metodiske tilnærminga.

Poststrukturalistisk feministisk teori og tankegang

Året 2013 markerte Norge at det var 100 år sidan det blei innført stemmerett for kvinner. På dei åra har det nok unekteleg blitt betre å vere kvinne i landet, på fleire område, og ein kan trygt seie at likestillinga har kome langt. Kvinner har stort sett same rettar som menn, og dei same forutsetningane til å lykkast i livet. Som nasjon forsøker vi stadig å bevege oss bort ifrå oppdeling på bakgrunn av kjønn. Likevel er det nokre som prøver å halde fast i kjønnsstereotypiar og styre oss inn i kjønnskategoriar frå barnsbein av. I januar 2014 fikk kleskjeden Name It stor merksemd for å selje kjønnsespesifikke klede for barn, spesielt retta mot klassiske stereotypiar for korleis gutar og jenter skal vere³¹. Ein blå body har teksten ”Adm.dir.” og ein rosa har trykt ”Hjerteknuser” over brystet. Saken vekte oppstuss, fordi den meir eller mindre eksplisitt seier noko om forventningar til oppførsel og moglegheiter for kjønn, spesielt ved at klesplagga er fargekoda på ein tradisjonell måte som skaper skilje mellom gut og jente.

Dette kan sjåast som eit uttrykk for essensialisme. Jenter *er* hjarteknuserar i rosa i kraft av å tilhøyre den kvinnelege kjønnskategorien, på same måte som gutar *kan bli* adm.dir. fordi dei tilhøyrrer den mannlege. Kjønnen skaper på den måte forventningar og moglegheiter for åtferd. Innanfor feministisk teori, som særleg vaks fram samtidig med poststrukturalistisk teori, blir særleg denne formen for biologisk determinisme svært utfordra og kritisert.

Poststrukturalisme som vitenskapsteoretisk retning markerte eit brot med ”troen på at vitenskapen kan kartlegge verden som den ’er’” (Sørensen m.fl. 2008:67). Det er eit oppgjær med essensialisme og eit oppgjær med vitenskapstradisjonar som hevdar å kunne spegle verkelegheita objektivt. Ingenting *er* verkeleg på grunn av ei indre kraft. Feministisk teori spinnar så vidare på dette, og utfordrar måten tidlegare forskarar har hevda å skildre verkelegheita på ein objektiv måte. I denne verkelegheita er kjønn ein dikotomisk storleik som gjer seg gjeldande både i våre private liv og i det offentlege, meiner Alvesson og Sköldbberg (2009). Eksempelet om kjønnsespesifikke klesplagg til babyar, viser at kjønn har betydning i kvardagen, på måtar som med rette kan kritiserast. For sjølv om det finst poststrukturalistisk og feministisk teori som hevdar at kjønn ikkje handlar om biologiske og dikotomiske verdiar, går verda sin gong, med kjønnsinndeling og fargekodar. Å utfordre denne forma for essensialisme og setje fokus på at det faktisk kan endrast, er nokre av måla til feminismen, både som teori og ideologi:

³¹ Er blått automatisk adm.dir. og rosa hjerteknuser?: <http://www.aftenposten.no/okonomi/Er-blatt-automatisk-admdir-og-rosa-hjerteknuser-7440293.html#.Ut5AZfbKxdg> Publisert 20.01.2014

”Feminism means essentially that a women’s or gender perspective is applied to a variety of social phenomena. These are often critically explored for the sake of promoting the interests of women, based on the assumption of gender being a dominating organizing principle in society, discriminating or in other ways disadvantaging females, in public and private spheres” (Alvesson og Sköldberg 2009:236).

Felles for poststrukturalisme og feminisme er nettopp å bryte opp essensialismen, å utfordre synet på kunnskap som objektiv, og dermed også å ta blikket bort frå ein universell normativitet. Kjønn forståinga blir ny.

Ein grunnleggande tanke i poststrukturalisme er at verkelegheita er konstruert og konstituert gjennom språket. Verkelegheita finst ikkje prediskursivt, noko som inneber at fenomen får mening først når dei italesetjast (Aasebø 2002). Språk, diskurs og dekonstruksjon er nøkkelord, og eit mål er å destabilisere det ein tar for gitt. «Kritikk av universalisme er også et viktig poeng i poststrukturalistisk tenkning, dvs. kritikk av universaliserende teorier som reduserer kompleksiteten til noen få strukturelle prinsipper» (Aasebø 2002:163). Kva inneber så dette? Blant anna vil det gi nye føringar for korleis ein tenker om kjønn. Fenomen i verda er ikkje statiske og gitte, men blir til gjennom språket og i tingleggjeringa med språket. Michel Foucault meiner at verkelegheita blir til i nettopp språket:

«Det spesielle hos Foucault er at kropp og seksualitet er konstituert av språklige diskurser, som avgjør hva som kan snakkes om og hvordan, og dermed hvordan kjønn og seksualitet installeres mentalt hos subjektet. Foucaults kjønn er et språklig og mentalt kjønn. [...] Etter Foucault blir det umulig å hevde at kjønn er noe fast og naturlig gitt. Kjønn og seksualitet er betinget av historiske, kulturelle og sosiale forhold og er ikke noe 'i seg selv', men er plastisk og alltid gjenstand for fortolkning, valg av språk, representasjoner og diskurser» (Sørensen m.fl. 2008:279).

Med Foucault er kjønn gjenstand for fortolkning, språk, representasjonar og diskursar. Dette er ein nyttig nøkkel til inngongen til nye forståingar av kjønn som beveger seg bort ifrå essensialistiske og til dels avgrensande forståingar.

Ei utfordring når ein snakkar om kjønn på norsk, er at språket kjem til kort. ”Kjønn” blir nytta både for å skildre det biologiske og det sosialt skapte, medan ein på engelsk nyttar ”sex” om biologisk kjønn og ”gender” om sosialt kjønn. På svensk er ”genus” brukt som omgrep for sosialt kjønn, og eg kan nesten ta meg i å sakne eit likande skilje på norsk. For det er nettopp

det sosiale kjønnet som her står som tema for diskusjon.

Dekonstruksjon: Det kjente blir utfordra

Kategoriar skal ikkje bli tatt for gitt, og ingenting eksisterer prediskursivt. Dette er idear innanfor den poststrukturalistiske kunnskapsproduksjonen, både hos Foucault, og også hos Derrida. Derrida sin teori baserer seg også på språk og språket si makt, som hos Foucault, og han kritiserer tanken om å dele objekt inn i dikotomiar (Lykke 2008). Det eine skal ikkje definerast ut ifrå det andre i eit gjensidig utelukkande språk. Via språket har ”mann” og alt det som blitt tillagt det maskuline blitt ståande som ein motsetning til ”kvinne” og alt det som er kvinneleg. Å bryte ned og destabilisere slike dikotomiske par, og undersøke kva dei er konstruert av, er eit mål i dekonstruksjonen. Dette er nødvendig fordi diskursane alltid vil bestå av ein glidning av ulike betydingar, skriv Nina Lykke:

”I den Derrida-influerte feministiske teoretiseringen bryder de binære og hierarkiske kønsdiskurser sammen til fordel for et fokus på bestandige sproglige forskydninger og glidninger af kønnets betydninger og på en generering af hele tiden nye, ubestemmelige mellemrum mellem de strikt afgrænsede diskursive køns kategorier” (Lykke 2008:75).

Og her kjem mellomrommet. Med inspirasjon frå Derrida kan ein seie at mellomrom kan skapast med språket, og bli fylt med ulik meining, og at desse mellomromma er fleksible, slik Lykke peikar på i sitatet over. Kategoriane blir i den poststrukturalistiske kunnskapstradisjonen forstått som fleksible, som dynamiske, som opne for å bli fylt med ulik meining. Det kan linkast opp mot Foucault sitt arbeid som det blei vist til over: Kropp, kjønn og seksualitet er konstituert av språklege diskursar. Kropp, kjønn og seksualitet er ikkje noko fast, men noko som blir skapt gjennom kulturelle, sosiale og, framfor alt, språklege diskursar.

Dekonstruksjonen minner altså om at kategoriar ikkje er faste, ikkje gitte, men dynamiske. Språk er makt, og denne makta kan vere fordelaktig for éin, undertrykkande for ein annan. Ved at dekonstruksjonen lenar seg på språket og språket si makt, kan det kome fram at ”mann”, som eit suverent objekt, blir ”det eine” fordi det skil seg frå ”kvinne”. Dette kan også gjelde dikotomien svart/kvitt, for ikkje å snakke om natur/kultur. Det blir produsert ein ”førsteheit” og ein ”annenheit”, som Søndergaard skriv om i teksten ”Destabiliserende

diskursanalyse: veje ind i poststrukturalistisk inspireret empirisk forskning”:

”Ligesom dualismer bygger på polaritet, en ’førstehed’ og en ’andenhet’, så fordrer også enhver anden form for identitet eksklusion af noget ’andet’, noget ikke til identiteten hørende. (Identitet forstås her som noget afgrænseligt og diskursivt sammenhængende af kategoriell art, eventuelt formet afgrænsende og definerende i tilknytning til et individ eller en gruppe af individer.) Dekonstruksjonen har netop som mål at undersøge denne ekskluderingsprosess, at søge det ’andet’ og den ’andetgørelsesprosess’, hvorigennem det ’andet’ konstitueres» (Søndergaard 2000:64).

Når det gjeld kategorien seksualitet, kan heteroseksualitet vere ein slik ”førsteheit” som set homoseksualitet som ein ”annenheit”. Vidare, når det gjeld kjønn, kan transseksuelle, altså menneske som opplever at det ikkje er samsvar mellom det kroppslege kjønn og det sjølvopplevde kjønn, bli sat som ein ”annenheit” i møtet med ”normale menneske” utan denne konflikten, som blir definert som ”førsteheit”, det normale. Desse menneska blir kategorisert som ”det andre” fordi dei ikkje høyrer inn i grensene som ”det eine” set. Dette kjenner vi igjen frå den oppdagingsreisande kvite mann som kjem som ”den suverene”, ”den eine”, til den ukultiverte ville, som har vore eit sentralt bilde for kritikk innanfor postkolonialismen. Mi oppfatning er at feministisk teori innanfor poststrukturalismen og postkolonialisme har fellestrekk: Begge søker å utforske bildet av ”den andre” som er hierarkisk underlagt ”den eine”, i tillegg til å seie at det handlar om meir enn berre natur. Det suverene subjektet og den universaliserande normalitet blir utfordra.

Men la meg stoppe opp litt her, for det er her det tar til å lausne og nye koplingar oppstår. Søndergaard seier altså i sitatet over at dekonstruksjonen har som mål å søke ”det andet” og den prosessen som skaper ”det andet”. I mitt arbeid har eg søkt å intervju menneske som lever som transperson eller med transseksualisme. Eg har søkt meg til menneske som eg, og samfunnet med meg, *konstituerer* som noko *anna* enn ”det vanlege”, all den tid det verkeleg finst noko vanleg (eg vil i den grad det går passe meg for å omtale det som ”normalt”). Det er noko som skil seg ut frå *norma*, frå det eine. Både samfunnet og eg har da sett transpersonar og transseksuelle som noko *anna*, som det Søndergaard vil omtale som ein ”andenheit”.

Og det er her det blir interessant. For dersom ein ”andenheit” blir konstituert som noko på sida, noko som skil seg frå ”det eine”, må det ikkje kun sjåast som eit uttrykk for at det finst noko som eksisterer på sida av *norma*. Det kan også fortelje viktige ting om det som blir sat som norm, og som dermed blir konstituert som eit ideal. Kort sagt, kva er idealet i eit

samfunn? Og i dette tilfellet: Kva er kjønnsideal, og korleis framstår det? Dette utdjupar Søndergaard i *Tegnet på kroppen* frå 1996:

”Det annerledes, det usædvanlige kan bidrage til synliggjørelsen af det sædvanlige. En kulturs eller en subkulturs randpersoner kan derfor ofte bidrage med væsentlig kundskab om kulturens indforståede ordener gennem deres annerledes udtryk og væren” (Søndergaard 1996:16).

Dekonstruksjonen kan altså vere til hjelp på fleire måtar, og dekonstruksjonistiske grep kan bli nytta som analyseverktøy for å freiste å forstå kjønn og dei tydeleg hierarkiske forholda som blir konstituert gjennom sosiale, kulturelle og språklege diskursar, for å følgje Derrida og Foucault.

”Gender is always a doing”

Orda over kjem frå Judith Butler, og er eit sitat frå boka *Gender Trouble*. I same tradisjon som Derrida og Foucault, fjernar ho seg frå tanken om kjønn som ein naturgitt og statisk storleik, og viser heller korleis det er noko ein *gjer*, ikkje noko ein har eller er. Og dersom det er slik at det biologiske kjønn og det sosiale kjønn ikkje er avspeglingar avhengige av kvarandre, så betyr det også at *gender* er flytande og dynamisk. Dikotomiane kan dermed på sett og vis vere i endring:

”Assuming for the moment the stability of binary sex, it does not follow that construction of ’men’ will accrue exclusively to the bodies of males or that ’women’ will interpret only female bodies. (...) The presumption of a binary gender system implicitly retains the belief in a mimetic relation of gender to sex whereby gender mirrors sex or is otherwise restricted by it. When the constructed status of gender is theorized as radically independent of sex, gender itself becomes a free-floating artifice, with the consequence that *man* and *masculine* might just as easily signify a female body as a male one, and *woman* and *feminine* a male body as easily as a female one” (Butler 1990:9).

Skiljet mellom biologisk kjønn (sex) og sosialt kjønn (gender) kan med andre ord skape rom for fleksibilitet mellom kjønna. Det maskuline treng ikkje tilhøyre ein mannskropp, det feminine kan følgje ein mannskropp like gjerne som ein kvinnekropp. Det utvidar kjønnskategoriane, fordi kjønnsuttrykk kan vere så mangfaldig. Og sjølv om Butler sikkert vil halde seg for god for essensialisme, seier ho likevel noko essensielt i *Gender Trouble*: ”There is no gender identity behind the expressions of gender; that identity is performatively constituted by the very ’expressions’ that are said to be its results” (Butler 1990:34). Butler

meiner at kjønn ligg i uttrykket og i det ein gjer, i det ein *uttrykker*, i det *ekspressive*, i det *performative*. Søndergaard presiserer dette i *Tegnet på kroppen*, som er tydeleg inspirert av Butler sitt performativitetsomgrep:

”Køn er ikke en konsekvens af en indre kraft eller et resultat af kroppe – køn er noget, vi konstitueres gennem, og som konstituerer vore kroppes betingelser for væren og fremtrædelse. Køn er noget vi alle *gør* som kulturelle gentagelser og citater” (Søndergaard 1996:43).

Forståinga av kjønn som noko vi *gjer* blir viktig, spesielt for å forstå korleis kjønn blir oppfatta og som gir dei beste verktøya for analysen vidare.

Kjønn, i denne tradisjonen, blir dermed også noko ein kan lære seg, eit sett av kodar, reglar, vanar. Det er noko tillært, frå tidleg alder, som ein på sett og vis kan bli styrt inn i, men som derfor også framstår som svært interessant i det at det også kan studerast, innøvast og adapterast. Kjenner ein til kodane, reglane, vanane og dei kulturelle forutsetningane, er det dermed ikkje noko i vegen for at ein også kan forflytte seg mellom kjønnskategoriane. Og det er her det oppstår spenning, og fare for framandgjering. Berg, Flemmen og Gullikstad seier at omgrepet ”performativitet” bli forstått som

”en henvisning til de prosessene, praksisene eller gjøringene der hegemoniske sosiale roller og definisjoner bekreftes, styrkes, svekkes, konstrueres og rekonstrueres. Gjennom våre daglige repetitive handlinger av aksepterte framførelser, gjennom vår implisitte godkjenning av andres passende framførelser, og gjennom det vi tar for gitt, antar, forventer og krever av oss selv og andre, deltar vi i denne formen for performativitet. Det performative henspiller i Butlers forstand på de abstrakte, skjulte, ubevisste og vanemessige måtene kjønn, etnisitet, rase, nasjonalitet og seksualitet er konstruert på” (Berg, Flemmen og Gullikstad 2010:25).

I sitatet over finn eg noko spesielt interessant. Berg, Flemmen og Gullikstad poengterer nemleg at det er våre daglige repetitive handlinger av *aksepterte framføringar* og vår godkjenning av andre sine *passande framføringar* som gjer at vi deltek i ein form for performativitet. At noko blir sett på som *akseptert* og *passande* skaper nødvendigvis ein ambivalens. På den eine sida, skaper det ei norm for kva som er aksepterte kjønnsuttrykk, og seier til ein viss grad noko om kven desse kjønnsuttrykka er aksepterte for. At samfunnet har slike ”aksepterte framføringar” av kjønn, uansett om det er abstrakt, skjult, ubevisst eller vanemessig, for å følgje sitatet over, er kjelde til både lettelse og frustrasjon. Mange vil nok

følgje norma ganske ubevisst, utan å reflektere over kva norma er eller kva ho inneheld, fordi det opplevast uproblematisk å gjere det som er forventa av ein. Går ein djupare inn i dette, i dei ”aksepterte framføringane” av kjønn, vil det vere nokre som føyer seg inn i desse utan problem, og andre som stadig gjer forsøk på å passe inn i norma. At det finst slike ”aksepterte” og ”passande” former for kjønnsuttrykk og performativitet, skaper til ein viss grad orden og stabilitet. Ein som gjer forsøk på å passe inn i ein mengde, kan lære seg og forstå kva som er akseptert og passande, og så følgje dette for å passe inn.

På den andre sida, er det også slik at det som står som norm, i dei fleste tilfella ikkje står uimotsagt, også når det kjem til kjønn. Å seie at kjønnskategoriar og kjønn som fenomen blir meir opent og fritt fordi ein fjernar seg frå essensialistiske tankegongar, er ikkje ei sanning utan modifikasjonar. For der det finst noko som er akseptert, passande, eller normalisert, vil det også finnast noko som er uakseptert, upassande og uvanleg, noko som ikkje tilhøyrer norma. Eg kan godt seie meg einig med Butler og Søndergaard som seier at kjønn er noko vi gjer, som kulturelle gjentakningar og siteringar. Det gir til ein viss grad meir individuell fridom, enn dersom ein reduserer det til berre genar og biologi. Ambivalensen oppstår når dette individuelle skal stå i forhold til eit samfunn som kan akseptere eller avvise.

Dersom eg knyttar dette opp til mitt materiale, er det klart at dette er problemstillingar som går igjen. Ein snakkar ofte om det ”å passere” som det ønska kjønn. I denne ”passeringa” ligg det at ein har forstått og lært dei praksisane, som så igjen blir lest av andre menneske. Holly Devor omtalar dette som ”gender styles”: ”*Gender styles* are culturally defined expressions of gender and sex. There are two main gender styles: masculinity and femininity. Males are naturally inclined to display masculinity. Females are naturally inclined to display femininity” (Devor 1997:72). Ho understreker at dette er det dominerande synet på kjønn, og at ein godt kan diskutere om dei er sanne eller ikkje, men at dei ”generally carry the full weight and moral authority of descriptions of ’reality’” (Devor 1997:71). Makt blir i så måte eit viktig omgrep her. Kven er det som har makt til å fastsetje kva som er norma, det aksepterte, det passande? Korleis skaper samfunnet desse normene, og korleis møter vi dei som ikkje passar inn med normene?

No som eg har presentert det viktigaste teoretiske ståstedet, vil eg ta med meg denne diskusjonen inn i eit forskningsfelt som kanskje er meir enn eit teoretisk ståsted. Eg vil inn i

queerteorien, og sjå korleis den freister å svare på nokre av dei spørsmåla eg har stilt her, og vise korleis queer kan utfylle og utfordre dei ideane som er presentert så langt.

Queer: Problematisering av norma

Queer kan på norsk oversetjast til skeiv, men kan også bety rar, annleis, spesiell, ofte med negativt forteikn. I følge Heidi Eng i *Kjønnsforskning. En grunnbok* blei det først brukt som eit skjellsord på homofile, og blei brukt nedsetjande (Eng 2006). Queerfeltet vaks fram parallelt med homoforskinga på 1980-90-talet, og kan både omtalast som queerteori eller ”queerperspektiv”. Den består av ein kritikk av kunnskapsproduksjon som stadig reproduserte kjønn og seksualitet som gitte kategoriar (Eng 2006). ”Queerteorien innebar en reaksjon på deler av den etablerte kjønnsforskningen og en reaksjon på den nyere homoforskningens etablering av homoseksualitet som en entydig gruppeidentitet. Dette genererte nye spørsmål og kunnskapsbehov” (Eng 2006:139). Eng uthever særleg Butler sin tidlegare nemnde *Gender trouble* som ein sentral tekst i denne bølgen. Med queerforskinga blir identitetskategoriar utfordra og utforska, og særleg kjønn og seksualitet blir problematisert. Fanny Ambjörnsson utdjupar i boka *Vad är queer?*:

”Genom att beteckna och inbegripa *alla* som ställer sig utanför den normerande heterosexualiteten (allt ifrån transvestiter, butchflator och bisexuella till heterosexuella som inte betar sig enligt den heterosexuella normen) blir queer en term som av förespråkarna betraktas som mer inkluderande än ’gay’ och ’lesbisk’. I stället för en rak ersättning av termer som bög, lesbisk eller bisexuell, blir det en vidare ram inom vilken människor med olika genus- och sexuella identiteter som går på tvärs med det normerande idealet kan samlas. (...) Queer ska alltså inte betraktas som en tydlig och avgränsbar identitet. Snarare är det ett kritiskt förhållningssätt till det normativa” (Ambjörnsson 2006:27).

Queer-forskinga har også som mål å problematisere ein tankegong som kretsar om majoritet-minoritet-modellen. Majoriteten skaper ei norm, som blir eit sentrum, medan alt som er i periferien og som på ein eller annan måte skil seg frå norma, blir betrakta som minoritetar. Bevisstheita rundt at slike minoritetar finst, gjer at interesseforeningar blir til, slik som til dømes LLH, for å skape meir kunnskap og aksept for mangfaldet, skriv Eng (2006). Men modellen blir først rokka ved når dei ”queere” spørsmåla utfordrar norma: ”Hva er det som er så normalt ved majoriteten? Hvem er det som ”får lov til” å befolke dette sentrumet? Hvilke elementer er det som skal til for å bli benevnt som normal?” (Eng 2006:146). Dette er nokre spørsmåla queerforskinga stiller, i tillegg til å vere kritisk til den heteroseksuelle livsstilen

som eit ideal. På denne måten kjem ein tilbake til dekonstruksjonen og Søndergaard sine poeng: Desse spørsmåla

”dekonstruerer det innforståtte, det uuttalte og ikke-problematiserte normative sentrum i en kultur. Og det åpner opp for beskrivelser av representasjoner, livspraksis og mennesker som ikke føler seg tilpass *verken* i majoritetsposisjonen eller i minoritetsposisjonen, fordi de heller ikke kjenner seg igjen i fortellingene om minoritetene” (Eng 2006:146).

Queerforskinga byggjar altså til ein viss grad vidare på dekonstruksjonen. Både Judith Butler og Dorte Marie Søndergaard kan plasserast innanfor denne bølgen innanfor kjønnsforskinga. Men det eg vil få fram med denne presentasjonen av queerforskinga, er at det er meir enn eit forskingsfelt og meir enn ein teori. *Queer*, vil eg påstå, er ei kritisk innstilling til ”sanning” og ”det normale”. Og dette er mi bru inn til den metodiske tilnærminga: Teorigrunnlaget er skeptisk til kategoriar, til norm-tenking, til universalisme og essensialisme. Det epistemologiske synet må speile dette grunnlaget. Korleis kan ein da forholde seg til kunnskapsproduksjon? Korleis skal kunnskapsproduksjonen foregå?

Operasjonalisering; utgangspunkt i dei subjektive erfaringane

I poststrukturalistisk ontologi, finst det ingen objektiv synsvinkel eller eit nøytralt ståsted. Dei store sanningene er borte, og fokus blir på korleis verkelegheita er skapt gjennom språklege og kulturelle diskursar. Marianne Gullestad kommenterer dette slik i boka *Hverdagsfilosofier*: ”Vi har mistet troen på at kunnskap kan være objektiv uten å være knyttet til en bestemt synsvinkel. Når ”store” fortellinger mister makt, øker selvbiografiens ”små” fortellinger sin troverdighet” (Gullestad 1996:24). Eg vil i denne oppgåva fokusere på slike ”små” forteljingar, ved hjelp av det narrative intervjuet. Ved å vende meg til dei personlege historiene, dei subjektive erfaringane og det narrative intervjuet, vil eg vise korleis kjønn i møtet med informantane mine italesetjast, iscenesetjast og blir forhandla. Eg vil vise korleis identitetar skapast, konstituerast, og spesielt fokusere korleis dette skjer gjennom språket og det sjølvbiografiske intervjuet, som Søndergaard (2000) omtalar som ”selv-narrativ”. Identitetsforhandlingar vil ha eit særleg fokus, med vekt på kjønnsidentitet, og kjønn sin innverknad på identitet – sjølv om det ikkje er slik at kjønn er det einaste berande for identiteten til eit menneske, vil eg her vise viktigheita av kjønn i identitetsforhandlingar og – prosessar. Med inspirasjon frå Søndergaard, vil eg undersøke ”betingelserne for varierende fænomeners tilblivelser og manifestasjonsformer, for deres italesættelse og/eller

materialisering” (Søndergaard 2000:66). Ho oppfordrar forskaren til å fokusere på konstituerande prosessar,

”når det gælder så vel sociale praksisser og kulturelle mønstre som individuelle identiteter og de processer, hvorigennem selv-narrativer produceres i interaktionen mellem enkeltindivers anvendelse af tilbudte diskurser og diskursernes tilegnelse af enkeltindiver” (Søndergaard 2000:66).

Korleis ein teoretisk skal forstå kjønn, er ein ting. Korleis ein skal skjønne kjønn og produsere kunnskap om kjønn, er ein annan ting, og det består av fleire faktorar. Det ontologiske synet eg har jobba fram i kapitlet så langt, seier at kjønn er performativt og skapt av språklege og kulturelle diskursar. Eit individ står bak sitt eget kjønnsuttrykk og si eigen framføring av kjønnen i henhold til dei ”aksepterte” og ”passande” formane som finst i samfunnet. For å forstå desse prosessane, må ein snakke med menneske som har eit reflektert forhold til eige kjønnsuttrykk og eigen kjønnsidentitet. Dei subjektive forteljningane blir viktige, poengterer Elsa Almås og Esben Esther Pirelli Benestad i *Kjønn i bevegelse*:

”Kunnskap om kjønn kan bare til en viss grad basere seg på vitenskapelige studier, fordi det i så stor grad dreier seg om å forstå det enkelte menneskes subjektive opplevelse. (...) Det er nødvendig å kvalifisere lokal og subjektiv kunnskap der det er slik erfaring som fungerer og bruke kunnskap som er basert på store studiegrupper og statistiske analyser til å skape oversikt, men være varsom med å si noe om det spesielle ut fra det generelle” (Almås og Benestad 2001:12).

Som Almås og Benestad her poengterer, er det altså viktig å hugse på, kanskje særleg i denne retninga innanfor kjønnsforskning, at det er dei subjektive erfaringane ein ønsker å få fram. Eg skal forsøke å nærme meg det spesielle, dei personlege historiene og dei subjektive erfaringane, for å vise kva for rolle kjønn spelar i enkeltmenneske sine liv. Måten eg så vil gjere det på, er å vende meg til det narrative grepet og det sjølvbiografiske elementet i samfunnsforskninga, som eg vil kome nærmare inn på i det følgjande kapitlet.

KAPITTEL 4: INN I MANGFOLDET, UT I VERDA!

Å finne subjektet

Da eg starta med dette prosjektet, jobba eg ut ifrå eit undrande spørsmål, som etterkvart skulle hjelpe meg med å finne informantar. I ei Puls³²-sending om transseksuelle i Norge, sendt i oktober 2012, blei ei kvinne intervjuet om kva ho drømte om i sitt nye liv som kvinne. Utan å hugse ordrett kva ho svarta, var svaret eg hugsar at ho endeleg kunne få gå ned Karl Johan som jente. Igjen slo det meg at det finst menneske som har slike kampar med seg sjølv og omverda. Det eg tok for gitt, var viktige livsspørsmål for andre. Eg ville finne eit svar på korleis desse spørsmåla var aktuelle, korleis dei gjorde seg gjeldande og på kva måte dei hadde innverknad på kvardagen deira.

Søndergaard (1996) seier at forskaren vel intervjupersonar ut fordi deira erfaringar og opplevingar, og deira fokuseringar, kan vise seg å vere viktige og vesentlige å få tilgong til for å forstå fenomenet. Dette kan enkelt overførast til mitt arbeid: Eg henvendte meg til intervjupersonar med kjønnsidentitetstematikk, som kunne snakke om verdien og viktigheita av kjønn, all den tid dette er noko eg antok ville oppta dei i stor grad. Og forståinga av kjønn dreier seg i stor grad om å forstå subjektive opplevingar. Eg ville inn i desse subjektive opplevingane, og for å kome dit, valde eg å nytte meg av intervju som metode. Meir spesifikt, nytta eg meg av det narrative intervjuet som form, som igjen kan sjåast på som eit sjølvbiografisk intervju. Intervjupersonen får moglegheita til å fortelje historier om sitt liv – eller moglegheita til å fortelje sitt liv.

Det sjølvbiografiske elementet i metodisk arbeid

”Forskernes interesse for livshistorier og selvbiografier kan ses som en refleksjon av en økende *folkelig* interesse for både å skrive og å lese selvbiografier” (Gullestad 1996:18). Gullestad peiker her på eit teikn i vår tid: folk vil lese om folk. Sjølvbiografien kan virke forlokkande og spennande, for den ber bud om å avsløre noko som fram til no har vore hemmeleg eller skjult for det offentlege. I sjølvbiografien kan politiske stridigheter møte dagens lys, eskapader og affærer kan bli kjente, og forfattaren får endeleg sin sjanse til å

³² Puls er eit helse- og livsstilsprogram som blir sendt på NRK.

fortelje *si side av saka*, som fram til no kanskje har vore dyssa ned. Sjølvbiografien, slik vi kjenner han, gir lesaren sjanse til å bli kjent med ”mennesket” bak fasaden, det vere seg ein kjend politiker, ein annan kjendis eller nokon som av ein eller annan grunn har ei historie å fortelje. Den gir oss moglegheita til å nærme oss ”det autentiske”, ”det ekte”, ”det menneskelege”, sjølv om dette med rette også kan møte skepsis. Sjølvbiografien som sjanger har altså ein posisjon i samfunnet, og sjølvbiografiske romanar har også vakt stor oppsikt dei siste åra, spesielt Karl Ove Knausgård sin *Min kamp*-serie. Men også utanfor bøkene verd finn vi i dag sjølvbiografiske element, som ein på den tida Gullestad si bok *Hverdagsfilosofer* blei gitt ut berre kunne ane konturane av. Med internett sin framvekst, kan kven som helst opprette ein blogg eller ei internettdagbok, der ein skriv om seg sjølv og sitt liv, meir eller mindre iscenesat eller redigert, men som eg like fullt vil meine har klare sjølvbiografiske trekk. I reality-tv-seriar seier deltakarane at dei skal vere seg sjølv 110 prosent. Alle desse tingane kan sjåast som ein tendens i samfunnet kor ein er opptatt av Sjølvvet, av Subjektet, av det ekte og autentiske, som samtidig er konstruert gjennom redigering.

I mitt val av metode, ville eg få fram historier og erfaringar om levd liv, om korleis leve mellom kjønn, og dersom ein følgjer Gullestad (1996) kan dette omtalast som sjølvbiografiske trekk eller livshistorier. I sjølvbiografien er ordet styrt av forfattaren eller forteljaren, og denne kan både drive med ”sjølvskaping” og ”identitetsdanning” (Gullestad 1996). Eg vil dermed vise korleis ein forteljar, i dette tilfelle ein informant, kan nytte seg av livshistoria som eit grep for å skape eller konstituere eit sjølv, og dermed å skape seg sjølv som subjekt. Denne interessen for sjølvbiografiar, seier Gullestad, ”er nær knyttet til en økende folkelig trang til å skape klare identiteter og selvbilder ved å fortelle om seg selv” (Gullestad 1996:22). Med dette sjølvbiografiske elementet, kan ein til dømes få fram historier frå minoritetspersonar eller menneske som har blitt undertrykka. Eit anna viktig poeng, er det relasjonelle og refleksive trekket ved sjølvbiografien. Ved å skrive fram sin identitet, posisjonerer ein seg i opposisjon til nokre menneske og søker identifikasjon med andre: ”På grunn av selvbildenes relasjonelle karakter inneholder en selvbiografi ikke bare bilder av selvet, men også bilder av det samfunnet forfatteren lever i og forstår seg selv ved hjelp av” (Gullestad 1996:26). Ved hjelp av å studere og analysere sjølvbiografiske forteljingar og narrative intervju, kan ein såleis både få kunnskap om individet sine erfaringar, samtidig som det kan hjelpe med å forstå det moderne samfunnet individet forholder seg til. Når kjønn er fokus, kan sjølvbiografiske forteljingar dermed gi historier om å leve med kjønn, på same tid som det seier noko om kjønn sin rolle i det moderne samfunnet, all den tid sjølvbiografien

innehar nettopp dette relasjonelle aspektet, som Gullestad påpeiker i sitatet over. Det er styrken i sjølvbiografiske historier: Dei kan fortelje om det spesifikke, det spesielle, det subjektive, samtidig som det høyrer til i ein kulturell og historisk kontekst ein ikkje kan ta for gitt. Gullestad (1996) omtalar skrivninga og tolkinga av livshistorier som refleksive og relasjonelle prosessar; ”et dialektisk samspill mellom det individuelle og det sosiale, det spesielle og det generelle” (Gullestad 1996:42).

Det narrative intervjuet kan altså vere eigna til å få fram dei sjølvbiografiske historiene. ”Når den narrative intervjueren først har bedt om en historie, er det hans eller hennes viktigste rolle å lytte, avholde seg fra avbrytelser, innimellom stille oppklarende spørsmål og hjelpe den intervjuede å fortelle historien sin” (Kvale og Brinkmann 2009:166). Det første eg gjorde når mine intervju starta, var å oppfordre intervjupersonen til å fortelje litt om seg sjølv. Denne oppfordringa var så open at intervjupersonen sjølv fikk velje kor han eller ho skulle starte. Informanten kunne i så måte få ei aning om at dette intervjuet ville vere ein sjanse til å fortelje si historie. Og det var dei glade for. Dei fikk snakke om sine utfordringar, om sin kjønnsidentitet, om møte med andre menneske. Dei fikk kort sagt fortelje sine liv.

Inngong til eit feltarbeid

Med dette metodiske rammeverket, vil eg i dette kapittelet skildre vegen fram mot å skaffe informantar og intervjuavtalar, og vise kva for måtar rekrutteringa blei gjort på, i tillegg til å vie plass til ei kort skildring av utvalet og gjennomføringa av datainnsamlinga. Eg vil i dette kapittelet gi rom for mine egne refleksjonar og tankar rundt det å gjere feltarbeid generelt, og innanfor mitt felt spesielt, før eg i dei følgande kapitla vil kome til analysen. Dette kapittelet er ei moglegheit til å vise kva slags ambivalensar som oppsto, kva slags tankar eg gjorde meg og kva for utfordringar eg følte eg sto overfor. Som eg har nemnt fleire gongar allereie, er empirien i denne oppgåva forteljningar om å leve mellom kjønn. At dette er forteljningar fylt av eit bredt spekter av kjensler, er inga hemmelegheit. Som eg var inne på i forrige kapittel, ser eg på det som nødvendig å gå inn i desse forteljningane for å få fram korleis kjønn er viktig i vårt samfunn og i menneske sine liv. Men ein slik metode er ikkje ukomplisert, og kan til dels vere ganske krevande, fordi det, slik eg opplever det, fordrar at forskaren er engasjert og har vilje til å leve seg inn i materialet, samtidig som det også må vere ein viss distanse. Eg vil derfor nytte dette kapittelet til å gå inn i desse refleksjonane, for dei var og er viktige for dette arbeidet som heilskap.

Planlegging og rekruttering

Etter å ha fått godkjent prosjektet hos NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste) og sat meg inn i kva slags retningslinjer eg hadde å forholde meg til, kunne eg omsider setje igong med arbeidet mitt med å finne informantar som ville stille opp til intervju. I april 2013 starta eg rekrutteringa med å få tak i informantar til dette mastergradsprosjektet. Eg utarbeida eit informasjonsskriv som forklarte problemstillinga og tok opp relevante spørsmål og tema studien ville ta for seg³³. I informasjonsskrivet oppga eg at tematikken ville vere kjønn og identitet. Eg ville stille spørsmål om kva kjønn er i dag og korleis kjønn er knytta til identitet. Dette blei opplyst i informasjonsskrivet og vende seg konkret til menneske med kjønnsidentitetstematikk. Når det kom til intervjuguiden, strukturerte eg intervjuet innanfor tre hovudkategoriar: *livshistorie*, *”fødd i feil kropp”* og *kjønnsuttrykk*. Intervjuguiden blei ikkje sett på som absolutt eller fiks ferdig, men meir som eit verktøy eg kunne vende meg til dersom eg sat meg fast i samtalen eller om det var ting eg ikkje hadde fått svar på. Det var mellom anna spørsmål om kjønnsidentitet og korleis informanten blei observant på sin eigen kjønnsidentitet, korleis dette blei opplevd av informanten og av dei rundt han eller ho, og korleis informanten såg for seg framtida, både med tanke på kroppslege endringar og sosiale situasjonar. Om informanten var inne i prosessen hos Rikshospitalet, ville det også vere spørsmål rundt denne.

Aktuelle informantar kunne kontakte meg via e-post, og hadde slik moglegheit til å få vite meir om studien eller avtale eit intervju med meg. Eg fikk så min nøkkelperson til å hjelpe meg med å spre informasjonsskrivet på nettstader og ulike forum, slik at det kunne nå ut til dei miljøa han var ein del av og som eg ville nå ut til. I første omgang dreide det seg i hovudsak om det skeive miljøet, og skrivet blei publisert på Skeiv Ungdom sine sider, både på deira eiga side og via Facebook, i tillegg til bloggen ”Best med bart”. ”Best med bart” er ein blogg om ein transmann sin veg til bart, ifølgje forfattaren sjølv, og eg var svært nøgd med å få delt skrivet mitt på internettsider og visste at aktuelle informantar ville kjenne til.

Skrivet blei også sendt ut til Harry Benjamin ressursenter si medlemsgruppe, i tillegg til at det har blitt delt i Forbundet for transpersoner i Norge og ei lukka Facebook-gruppe for transpersonar. Delinga av skrivet skjedde i puljer, og er her lista kronologisk. Det blei dermed ei slags etappevis rekruttering av informantar, slik at dei første som melde seg, melde seg

³³ Informasjonsskrivet og intervjuguide/temaoversikt er lagt ved under ”Vedlegg”.

etter å ha sett skrivet på ”Best med bart” og Skeiv Ungdom sine sider. Den første kvelden etter at ”Best med bart” hadde nemnt prosjektet mitt, fikk eg fem e-postar, og eg blei nestan overvelda av interessen. Eg hadde ikkje eigentleg turt å håpe på kor mange interesserte eg kom til å høyre frå, men i starten av prosjektet hadde eg sett for meg at omtrent fem informantar kom til å vere eit edrueleg anslag. Etter at alle puljane med deling av skrivet var gjort, sat eg igjen med ti informantar. Ei gjennomgåande melding frå dei som kontakta meg, var at dei gjerne ville vere med, og at dei var glade for å kunne bidra i eit slikt arbeid.

Eg vil her presisere at eg oppretta ein eigen e-post-konto for dette prosjektet. Dei til dels sensitive opplysningane som kunne kome fram i meldingane blei dermed haldt innanfor sin eigen sfære, og ikkje blanda med andre ting. Ein kort gjennomgang av andre praktiske atterhald som blei tatt, vil eg kome tilbake til i avsnittet ”Forskingsetiske refleksjonar”.

Menneska i mellomrommet: Om utvalet

Responser på informasjonsskrivet var som nemnt god og til tider overveldande. Sjølv om eg fikk om lag 30 henvendingar, var det ikkje alle desse som svara på oppfølgingsmail frå meg, og til slutt sat eg igjen med ti ulike intervjuavtalar. Det var ei viss geografisk spredning i denne gruppa. Seks av informantane var busett i eller i nærleiken av Oslo. Deretter var to intervju avtalt i Tromsø og to i Bergen. Eg såg det som viktig at ikkje alle intervju blei gjort i Oslo, og var svært nøgd med å få til intervju i min eigen by, i tillegg til Bergen.

Om utvalet kan eg ellers seie at det er personar frå slutten av tenåra til starten av førtiåra. Seks av desse har byrja med, er igong med eller er ferdig med prosessen på Rikshospitalet, medan dei resterande fire foreløpig står utanfor. Dei er på ulike stad i livet: Nokre er studentar, nokre er i fast jobb, medan andre er utan arbeid. Nokre er single, nokre har kjærestar og nokre er gifte. Nokre likar å bruke fritida til å trene, nokre heng på kafé. Utvalet er altså ei speiling av folket, med tanke på sivil status, yrke, alder og bustad. Det dei har til felles er kjønnsforhandlingane dei stadig er eller har vore gjennom.

I tråd med godkjenninga frå NSD, er alle informantane anonymiserte med omsyn til namn, alder og bustad. Dersom namn blir brukt, er det ikkje informantens sitt eiga namn og heller ikkje eit som liknar. Dette har eg vore klar på frå rekrutteringa starta, og eg opplyste også kvar enkelt informant om dette før intervjuet starta. Informantane har også blitt opplyst om

retten til når som helst å trekke seg frå prosjektet.

Når kontakten mellom meg og den potensielle informanten var igong, avtalte vi sted og tid for intervjuet. Det var informanten som fikk foreslå sted for intervjuet, og eg anbefalte for informanten å velje eit sted der han eller ho ville føle seg komfortabel, og ville ha ei kjensle av å kunne snakke fritt utan å vere redd for å bli oppdaga eller avbrutt på ein ubehageleg måte. Eg ville i så måte sikre at omstendighetane for informanten var så uproblematisk som mogleg, noko som særleg var viktig fordi tema i intervjuet fordra at det kunne bli ganske privat og personleg. I dei fleste tilfella foreslo den eg skulle intervjuet sted sjølv, og det var som oftast ein kafé han eller ho trivdes i eller kjente til. I eitt tilfelle blei intervjuet gjennomført på eit organisasjonskontor. I eitt anna tilfelle blei intervjuet gjort heime hos intervjupersonen, og sjølv om intervjuet i seg sjølv berre vara ein times tid, ende eg opp med å vere på besøk i tre timar. Det var ikkje naturleg å forlate rett etter å ha slått av båndopptakaren. I dette tilfellet fikk eg også møte intervjupersonen sin ektefelle. Det var kun ved dette tilfellet at eg møtte ein informant saman med ein annan.

Ein observerande ettermiddag

Ved eitt tilfelle har eg nytta meg av deltakande observasjon, da eg nytta sjansen til å besøke Stensveen ressurscenter da dei arrangerte ”mangfoldskafé” ein torsdag i juni. Denne mangfoldskafeen blei arrangert i forbindelse med sommertreffet som skulle vere same helg, og fleire hadde reist dit for å vere med på dette sommertreffet. Det kom folk frå andre delar av landet og frå andre nordiske land. Stensveen ressurscenter arrangerer mangfoldskafé ein torsdag i månaden og er i følgje dei sjølv open for dei som føler seg kalla³⁴. Det kan vere snakk om menneske med kjønnsidentitetstematikk som føler behovet for å møte andre i same situasjon, men det er også opent for folk i nærmiljøet som vil utvide sin horisont. Da eg besøkte Stensveen, sat det både besøkande og tilreisande til sommertreffet og folk frå lokalmiljøet som kjente Marion og Harald, som driv stedet, rundt bordet. Mange av dei tilreisande, var menn som opplevde Stensveen som eit sted dei hadde fridomen til å leve ut kvinna dei følte dei måtte ”gjømme bort” i kvardagen.

På Stensveen valte eg å ikkje gjere intervju, men heller konsentrere meg om å snakke med dei

³⁴ <http://stensveen.no/treff-og-arrangementer>

som var der, og til ein viss grad observere det som skjedde. Eg blei introdusert som student frå Tromsø da eg kom og fikk fortelje litt om mitt prosjekt. Eg vurderte situasjonen der og da som at dei som ville snakke med meg, kunne gjere det, og at dei som kanskje følte det blei litt for meget at eg var der, skulle få vere i fred. Eg ville ikkje presse meg på nokon med dei same spørsmåla eg nytta i intervju med dei som frivillig hadde stilt opp som informantar, all den tid dei hadde kome til Stensveen for å slappe av i selskap med likesinna. Dei som likevel ville snakke med meg, var opptatt av å fortelje sine historier og om livet som transvestitt. Fordi eg ikkje formelt gjorde intervju eller gjekk inn for å samle inn konkrete data medan eg var på Stensveen, ser eg på dette meir som deltakande observasjon. Eg vil derfor ikkje nytte meg av direkte sitat når eg skildrar mine inntrykk frå ettermiddagen på Stensveen. Eg sit likevel med inntrykk derifrå som supplerer intervjuet. Ettermiddagen på Stensveen gav meg eit innblikk i korleis menneske kan leve med og i ulike kjønnsuttrykk, og korleis det påverkar livet deira. I tillegg er det eksempel på korleis kjønnsuttrykk ikkje berre kan variere mellom kategoriar, men også korleis dette er avhengig av tid og rom. Rommet og stedet skulle vise seg å vere viktig for kjønnsuttrykket, noko eg ikkje hadde fått fram like tydeleg i intervjuet. Derfor vil i analysen også gi plass til det eg observerte og lærte på Stensveen.

Den gode samtalen og den kvalifiserte samtalepartnaren

Korleis skal ein nærme seg intervjupersonen? Som heile diskusjonen om queer viser, var det kanskje slik at både informanten og eg ville posisjonere oss opp mot kvarandre, og opp mot ein majoritet-minoritet-modell, enten ein vil det eller ikkje. Så er jo også grunnen til at eg har rekruttert mine informantar at dei på ein eller annan måte står utanfor ein majoritet, når det kjem til kjønnsidentitet. På ein eller annan måte avvik dei frå norma, som i dette tilfellet er menneske som er født i det kjønnet dei føler seg som og ikkje opplever større uoverensstemmingar med sitt kjønnsuttrykk og sin kjønnsidentitet. Slik sett blir forskaren, altså eg, i dette tilfellet ein representant frå majoriteten. I denne posisjoneringa kan det oppstå eit visst ubehag, dersom ein ikkje er obs på sin rolle. Det var derfor viktig for meg å ikkje sjå på intervjupersonane mine som ”spennande” eller på nokon måte som den ”eksotiske Andre”, samtidig som at det var nettopp det som skilte meg og informantane mine som nettopp var grunnen til at dei var informantar. Søndergaard kommenterer det slik i *Tegnet på kroppen*: ”En vis grad af afstand til et fænomen vil altid være en forudsætning for, at fænomenet kan gøres til genstand for refleksion” (Søndergaard 1996:56). Med denne posisjoneringa i bakhovudet, vil eg reflektere over eit par ting.

Sjølv om eg på sett og vis kanskje kunne bli posisjonert som ein ”utanifrå”, var det viktig for meg ikkje å understreke dette skiljet for sterkt. Mi forskerrolle skulle vere engasjert og interessert, og skrekken var å bli oppfatta som uvitande eller på nokon måte opptre ignorant og overlegent, som ein skrekkens representant sendt ut frå majoriteten for å forske på minoriteten. På jakt etter den gode samtalen og dei gode historiene, måtte eg også vise meg som ein kvalifisert samtalepartner, som nemnt i Kvale og Brinkmann (2009). Intervjuaren er kunnskapsrik og opplyst om tema for intervjuet, er klar, venleg og empatisk, og bør ha sans for gode historier (Kvale og Brinkmann 2009). Å innta denne forskarrolla gjorde ikkje nødvendigvis at min posisjon som representant frå majoriteten blei svekka, men den gjorde at eg kunne skape ein nødvendig tillit mellom intervjupersonen og meg.

Møtet med trans: Den ”eine” møter den ”andre”?

Eg er på veg til kafeen der vi har blitt einige om å møtast. Vi har til no berre sendt e-postar med kvarandre, og han har ikkje noko profilbilde knytta til kontoen sin, slik folk no til dags ofte har. Det har ikkje slått meg før no, når eg er på veg til dit vi skal treffast, at eg ikkje veit korleis han ser ut. Vi har heller ikkje blitt einige om eit signalement, og det er nesten så eg er frista til å seie til dei andre eg skal møte at vi må ha med ein nellik så vi kjenner kvarandre igjen. Eg kjem fram til kafeen, som er ganske folksam, og ser meg rundt etter eit anna menneske som ser ut som det også ventar på nokon dei ikkje kjenner. Eg blir nervøs. Korleis skal eg gå fram? Korleis ser den eg ventar på ut? Kan eg tydeleg sjå at det er ein som ein gong var kvinne? Korleis kan ein sjå det? Kan ein sjå det?

Ubehaget som her er skildra, var eit vedvarande ubehag, som i og for seg handla om fleire ting. For det første, er det ganske nervepirrande å berre stå og vente på nokon du ikkje eigentleg kjenner, og som du ikkje kan vere hundre prosent sikker på om kjem. Eit anna ubehag eg følte meir på, var det å skulle avgjere kven informantene min var, ved å ”sjå an” dei andre menneska i lokalet. Det at eg ikkje visste korleis informantane mine såg ut (og omvendt) gjorde at eg sjølv til dels måtte stole på mine eigne idear eller fordommar om korleis ein randperson ser ut. Dette kom særleg til syne da eg reiste på ”mangfoldskafé” på Stensveen ressurscenter på Kapp i Toten:

Eg tar toget til Gjøvik, og rekk akkurat bussen som skal gå vidare til Kapp. Dette er sted eg

aldri har vore før, og spør derfor bussjåføren kor lang tid det vil ta til Kapp. Marion sa på telefonen at ho skulle sende ei av jentene opp før å møte meg på busstoppet, så eg veit at nokon kjem til å stå og vente når bussen kjem til Kapp. Men det kan stå folk på alle busstopp. På mitt busstopp skal det stå ein transvestitt og vente på meg. Eg har berre sett transvestittar på film. Korleis ser ein kvardagstranse ut? Og kva skal eg seie? ”Eg gjekk av her, eg, for du må jo vere transen som ventar!”?

Poenget er her at mitt bilde av korleis ein randperson kan sjå ut, er eit eksempel på korleis ein førsteheit og ein annenheit skapast. Eg venta på eller leita etter noko eg kunne forstå som noko ”anna”, og det skapte eit ubehag i meg. Det var ubehageleg å innsjå at den prosessen gjekk føre seg, fordi eg til dels ikkje ville at den skulle eksistere. Eg ville jo vere eit opent og fordomsfritt menneske, ein forskar med blanke ark, og representere eit forskingsfelt og ein tradisjon kor kategoriar blir freista oppheva og utfordra. Likevel møtte eg meg sjølv i døra.

For kven er det egentleg eg møter i dette ubehaget? Er det ”den andre” eller er det egentleg meg sjølv? Kva slags ubehag sett dette igong? Det er her noko av ubehaget ligg: at eg skulle studere kjønna betydning og korleis kjønn blir gjort, og likevel sto eg sjølv fast i kjønnsforståingar som baserer seg på ytre attributtar, som er så normative, som baserer seg på det auget ser og som eg kan lese. Kva les eg som ”aksepterte” framføringar av kjønn – kva les eg som ei kvinne eller ein mann? Eg møtte ikkje berre ”den andre”, men eg møtte kanskje også først og fremst meg sjølv og mine forståingar av og fordømmar om kjønn og kjønnsuttrykk. Eg såg tidvis etter lave menn, tidvis etter breiskuldra damer. Å bli vár på dette, innebar at eg også blei klar over at dette med kjønn var komplisert og komplekst, også for meg, som så gjerne ville frigjere meg frå samfunnet sine kjønnsforståingar og idear om kva kjønn er og kan vere. Det gjorde at eg blei utfordra på mine eigne oppfattingar av ”normale” kjønnsuttrykk. Møtet med ”den andre” blei dermed også eit møte med kjønnsnormer som var innprenta i meg sjølv – og denne var det ubehageleg å bli konfrontert med.

Kva skjedde så med ubehaget? Blei det berre borte i det sekundet eg traff informanten min? Vedvarte det? Tok det ny form? I dei aller fleste tilfella stilna ubehaget da intervjuet tok til og ein relasjon med intervjupersonen blei oppnådd. I nokre heldt det seg fast, og det kunne kanskje enten gjere at eg ikkje fikk ein ordentleg god kontakt eller relasjon med den eg intervjuar, eller omvendt, at den manglande relasjonen skapte eit ubehag. Men også dei intervjuar har innhald og verdi. Også det vanskelege skal vere med vidare.

Ei anna utfordring ligg i tematiseringa og det personlege fokuset intervjuar nødvendigvis tok. Det kunne hende at spørsmåla mine vekka til live onde minner eller fikk informanten til å nærme seg spesielt såre punkt i si livsforteljing, noko eg ikkje kunne vere sikker på på forhånd. Men så var det jo slik at informantane mine hadde tatt kontakt med meg nettopp fordi dei *ville* snakke med meg, dei *ville* dele sine historier, dei stilte frivillig opp for å snakke om sine liv. I så måte var nok dei meir budd enn kva eg var. Dei hadde jo, trass alt, snakka med mange menneske i mange ulike roller i løpet av sin prosess, og dei var stort sett vante med å snakke om sitt liv og sine utfordringar. Eg var derimot heilt ny i feltet, heilt ny for desse forteljingane. Også eg hadde frivillig valt å gå inn i dei. Var eg dermed klar for ubehaget eg blei stilt ovanfor i intervjusituasjonen? Var eg rusta for sterke historier? Kanskje ikkje. Likevel var det klart for meg at det var viktig å få dei fram, og at relasjonen mellom informanten og meg til dels bygde på at eg ville få dei fram på ein ordentleg og respektfull måte.

Intervju som "relasjonell praksis"

Nokre av utfordringane i dette arbeidet, er skildra over. Utfordringa ved det å møte eit framand menneske eg på ein eller annan måte "kategoriserte" eller "definerte" utan å eigentleg ville det, var ei eg vil utheve. Likevel vil eg også poengtere at mine fordommar på ingen måte er brukt eller vist til i det vidare arbeidet og i analysen som følgjer. I intervjuar, og dermed også i materialet, er det først og fremst informantane sine eigne definisjonar som blir fremma og utheva. Deira eigen rett til å definere seg sjølv innanfor ulike kjønnskategoriar er den desidert viktigaste, og skal på ingen måte bli overkjørt av dei tankane eg gjorde meg på forhånd.

Ei anna utfordring er vil framheve, går på val av metode. Når ein vel å gå inn i narrative intervju, lar ein også intervjupersonen til ein viss grad styre intervjuet. I nokre intervju funka dette veldig bra, og flyten var god. Nokre av informantane var så vant til å snakke om dei tema eg ville inn på, at eg nesten ikkje trengte å sjå på spørsmålsarket mitt. Det likna til tider meir på ein djuptgåande samtale enn eit intervju, og i visse tilfelle fikk intervjupersonen snakke utan avbryting, og fortelje utan at eg kom med mange oppfølgingsspørsmål. Til ein viss grad funka ei slik tilnærming. Men denne tilnærminga er veldig avhengig av kva slags relasjon eg klarte å oppnå saman med den eg intervju, for i nokre tilfelle funka det ikkje

særleg godt i det heile tatt, og eg blei meir opphengt i spørsmålsarket mitt og fikk innimellom så korte svar at eg følte at eg enda opp med å snakke meir enn informanten. Margareta Hydén påpeiker at intervju av dette slaget, ”den berättarfokuserade intervjun”, framfor alt er sosial interaksjon og at eit intervju kan skildrast som ein ”relationell praktik, det vill säga, en social process där forskarens förmåga att skapa en relation till den intervjuade är avgörande för om målet med intervjun kommer uppnås eller inte” (Hydén 2000:153). Sjølv om spørsmåla mine var opne og ikkje direkte ”ja/nei”-spørsmål, funka dei ikkje i alle tilfelle til å setje igong lange resonnement og utgreiingar. Intervjumaterialet er dermed ganske variert, særleg i omfang, men også i kor stor grad eg følte at eg verkeleg fikk intervjupersonen i tale.

Og så er det slik at eg, med narrative intervju som metode, har fått tilgang til svært personlege og nære forteljingar og erfaringar. Den største utfordringa var å skulle handtere det som handlar om kjensler, både for meg sjølv og intervjupersonen. Det emosjonelle rundt intervjusituasjonen og historiene som skulle forteljast, såg eg for meg kunne bli vanskeleg å halde i sjakk. Når informanten skulle fortelje om sterke og såre opplevingar og erfaringar, korleis skulle eg respondere? Skulle eg halde meg kald, skulle eg vere sakleg, eller skulle eg leve meg inn i det og sitje med tårer i auga? Kva skulle eg seie? Skulle eg vise teikn på empati? Kva var greit og kva var ikkje? Som Gullestad (1996) også understreker, var det viktig å ikkje gå inn i ein rolle som terapeut, eller setje igong prosessar hos informantane som eg ikkje har ”faglige forutsetninger for å følge opp” (Gullestad 1996:42). Om det same skriv også Margareta Hydén: ”För att om informanten skall kunna tala, krävs att forskaren tar på sig ansvar för att bryta in och hjälpa till med en avgränsning om situationen förefaller att bli alltför känslomässigt plågsom eller kaotisk” (Hydén 2000:134). Eg trur det var lurt å ha tenkt på desse spørsmåla i forkant, og vere bevisst på at dei fanst, men eg trur også at det er umogleg å ha budd seg på korleis ein vil reagere i slike situasjonar. Eg trur ikkje det finst eit fasitsvar på kva ein skal svare når eit framand menneske sit framfor deg og fortel om situasjonar i livet kor det har stådd om liv og død, om psykisk helse. Det finst sikkert profesjonelle metodar å løyse det på, det finst nok profesjonelle reaksjonar, på same måte som det finst måtar forskaren helst ikkje skal reagere på. Eg vil berre understreke at dette var noko eg hadde reflektert over på førehand og som eg visste ville dukke opp på ein eller annan måte. Det vil ikkje dermed seie at eg hadde klare strategiar for korleis eg skulle løyse det.

Og da eg kom heim og var ferdig med feltarbeidet, da var eg eigentleg litt klar for å legge heile arbeidet vekk. Eg hadde ikkje lyst til å høyre på intervju, eg hadde nesten ikkje lyst til å

tenke på at dei overhovudet fanst. Dei tok meg tilbake til ubehaget eg har skildra over. Intervjupersonane hadde delt frå sine liv, historier som var sterke, såre og personlege. For dei finst ikkje noko anna; det er historiene om livet deira. Desse historiene har dei gitt meg, og eg har tatt imot. For meg var dette heilt nye historier, med problemstillingar og utfordringar eg aldri har måtte ta stilling til eller vere bevisst på. Eg opplevde det som vanskeleg å ”frivillig” høyre på så sterke historier, og syntest rett og slett det var vanskeleg å skulle setje meg ned og høyre på historier som var ganske jævlege, som eg syntest var tunge. Eg hadde ikkje lyst til å gå inn i det igjen, å gå tilbake inn i historier om det håplause. Men det fanst også intervju fylt av håp, av optimisme, av noko fändenivoldsk. Det tok meg berre litt tid å innsjå det. Medan eg var på feltarbeid, las eg deler av boka *Kroppslinjer. Kön, transsexualism och kropp i berättelser om könskorrigering* av Signe Bremer. Ho har langt på veg gjort mykje av det same som meg, og ein stad i teksten hennar har eg skrive ”my feelings exactly”: ”Av olika anledningar kom jag att få motstridiga känslor inför intervjumaterialet. Jag undvek länge att lyssna på och jobba med intervjuerna. Jag värjde mig och ville nog faktiskt under en tid helt undkomma några av dem” (Bremer 2011:53). Ho fann si løysning ved å lese bloggar skrive av ulike transpersonar. Eg fann eit slags avbrekk ved å sjå filmar og serier som tematiserte kjønnsidentitetstematikk på ulike måtar og med ulike tonar, og når eg hadde vore inne i den populærkulturelle bobla lenge nok, var det på tide å ta steget ut av ho. Intervjumaterialet mitt venta på meg, låg der utan Hollywood-filter, klart til å bli jobba med, klart til å bli elta litt. Det tok berre litt tid. Det måtte berre heve litt.

Forskingetiske refleksjonar

Ein del av det som går på forskningsetikk, er reint praktiske ting eg kort vil oppsummere. Eg hadde ein eigen e-post-konto kun for dette formålet. Alle informantane har blitt opplyst om at dei når som helst kan trekke seg frå prosjektet. Intervjua er tatt opp på recorder og lagt inn på ei minnepenn med passord som kun eg har tilgong til og verken opptaka eller data om informantane er lagra på min datamaskin. Alle informantane er anonymisert med tanke på namn og bustad, og har fått nye namn.

Under avsnittet om sjølvbiografien, nemnde eg så vidt at ein styrke ved sjangeren er at minoritetspersonar kan få moglegheita til å fortelje *si* historie frå *sitt* ståsted. Uthevingene er her på sin plass, for her ligg noko av kjerna til min forskningsetikk. Sjølvsagt er det ikkje slik at eg ”gir ordet” til informanten utan å bearbeide det på nokon måte. Forskaren er ikkje utan

ansvar, for ein viss tillit er oppnådd mellom intervjupersonen og meg, som byggar på at eg forvaltar livshistoriene på ein respektfull måte. Nettopp dette blir reflektert i uthevingane over: Ein intervjuperson, i dette tilfellet ein minoritetsperson, forteljer si historie frå sitt ståsted. Det er personleg, det er spesielt, det er individuelt, og det kjem frå eit spesielt sted. Det kjem frå menneske som blir reikna som minoritetar, og som ofte kan risikere å bli oversett i samfunnet. Historiene er derfor viktige, fordi dei på ei side fortel om korleis det er å leve som minoritet, og på ei anna side fortel noko om kva for eit samfunn det er som møter desse minoritetene. Gullestad skriver at ”en livshistorie kan leses på en slik måte at den belyser viktige samfunnsspørsmål” (Gullestad 1996:243). Og nettopp dette er forskningsetisk viktig: Historiene frå informantane mine kan ikkje reduserast til sensasjonelle historier, slik ein kan lese i den kulørte pressen. I dette arbeidet ligg ei erkjenning av at desse historiene og erfaringane er viktige, fordi det også viser kva for spørsmål samfunnet skal forholde seg til, som i dette tilfellet er spørsmål om korleis ein skal handtere det kjønna mangfaldet.

Og framfor alt handlar det om forhandlingar om identitet, både i seg sjølv og i møte med andre menneske. Identitetsforhandlingar og –prosessar er noko alle menneske må gjennom, nokre fleire enn andre. Å finne seg sjølv og sin plass i samfunnet er dermed noko eg trur dei aller fleste kan kjenne seg igjen i, og som eg no vil vie plass til å skildre.

KAPITTEL 5: Å FINNE SEG SJØLV - HISTORIER OM Å KOME UT

Innleiing

Rapporten ”Alskens folk” frå 2013 og boka *De usynlige kjønn* frå same år slår fast at det finst eit kjønns mangfald i Norge. Eg har gjort forsøk på å utforske dette mangfaldet, og har, ved hjelp av samtale og intervju med ti menneske som eg ser på som del av nettopp dette kjønns mangfaldet, gjort forsøk på å forstå kva det er består av. Ut frå mine analysar, vil eg argumentere for at kjønns mangfald er ein komplisert storleik. I mitt materiale viser det seg at kjønnsidentitet og –uttrykk kan vere fast og statisk, medan det i andre tilfelle kan vere avhengig av tid, rom og sosiale faktorar. Ei forståing for dette mangfaldet inneber ikkje berre å forstå at tokjønnsmodellen ikkje treng å vere gjensidig utelukkande og at menneske kan leve som begge kjønn, men det inneber også ei forståing av at kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet kan forhandlast og ha ein viss elasticitet. Det inneber altså ei forståing av at ein kan leve mellom kjønn, og mellom kjønna posisjonar. Kjønn kan dermed vere performativt og dynamisk.

I tillegg vil eg argumentere for at menneske som lever i dette mangfaldet i stor grad forholder seg til tokjønnsmodellen, og nyttar denne som forhandlingsmodell for korleis dei kan forstå seg sjølv som kjønna menneske i verda. Tokjønnsmodellen er normativ, og blir sett på som ”det normale”. Ved å søke seg inn mot denne, kan ein også finne sin plass innanfor ein lett forståeleg kategori, noko ein tidlegare har hatt vanskeleg for å gjere. Tokjønnsmodellen blir noko ein speglar seg i.

Eit siste argument eg vil føre, er at livskvalitet heng saman med moglegheita til å leve fullt ut i sitt ønska kjønnsuttrykk og i samsvar med eigen kjønnsidentitet. Å passere som sjølvoppfatta og sjølvopplevd kjønn gir mange god livskvalitet. Hormonbehandling og kjønnskorrigerande kirurgi er ei løysing på veg til målet. Mitt materiale viser også kva som kan skje dersom denne behandlinga av ulike grunnar blir forsinka. Menneska som har vore i slike situasjonar, fortel om det desperate og uholdbare ved det å ikkje få den hjelpa ein har krav på.

Desse argumenta vil eg få fram i analysen ved å dele opp i tre narrativ som går igjen i datamaterialet og som svarer til problemstillinga som blei stilt innleiingsvis: *Kva vil det seie å leve mellom kjønn?* I gjennomgangen av materialet fann eg ulike svar på dette spørsmålet, i

form av erfaringar og historier frå mine informantar. Eg kunne etterkvart sjå at nokre tema gjekk igjen, noko det også til dels var lagt opp til i intervju spørsmåla. Eg hadde til dømes spurt informantane om korleis dei oppdaga at kjønnsidentiteten ikkje samsvara med det kjønnet dei blei lese av alle andre som, i tillegg til at eg hadde bedt informantane om å fortelje korleis dei opplevde det og kva for kjensler dei hadde om det å kome ut. Desse spørsmåla fikk informantane til å snakke om barndom, om puberteten, om skulegang, om familien sin. Alle desse historiene kunne så plasserast inn i ei større historie, eller *narrativ*, om å kome ut. På liknande måte har dei to neste kapitla også funne sin form, ved eit overordna tema med tilhøyrande historier.

Dette kapitlet vil ta for seg historier rundt det å kome ut og å finne seg sjølv. Kapitlet som følger, dreier seg om sjølv behandlinga og prosessen med å korrigere kjønnet. Det tredje og siste analysekapitlet handlar om grenser. I desse kapitla er det tre sentrale spørsmål eg heile tida vil freiste å svare på, som nemnt i innleiingskapitlet:

- Kva slags samanstillingar av kropp – identitet – kjønn trer fram, og korleis gir det seg til kjenne?
- Kva slags forhandlingar går føre seg – både med seg sjølv og med andre?
- Kva slags normbrot skjer, korleis skjer dei og kva består dei i? I dette spørsmålet ligg det også implisitt at det finst ei norm – kva er så norma? Kva slags normer er det dei i så fall bryt?

Måten eg vil svare på desse spørsmåla, er ved å vise korleis kjønn, med intervju materialet som bakgrunn, blir italesat, iscenesat, forhandla og utfordra. Og så vil eg starte med det første: Korleis italesetjast kjønn? Korleis snakkar informantane om seg sjølv som kjønna? Korleis vektlegg dei kjønn? Det vil eg no sjå nærmare på, i narrativa om å kome ut.

Kome ut-prosessar: Kjønn blir italesat

Det ligg ei erkjenning bak det å kome ut. Ei erkjenning om at noko ikkje er som det skal, at noko må forklarast, at det må finnast ei løysning. ”Å kome ut av skapet” er eit uttrykk ein kjenner igjen frå historier om homofile og lesbiske som av ulike grunnar føler at dei må forklare sin seksualitet for menneske rundt dei. Homofile og lesbiske kjem kanskje ut av skapet for at folk skal slutte å undre og spekulere om seksualiteten deira, og for at det er viktig for dei at seksualiteten deira ikkje treng å vere noko hemmeleg. At det er nødvendig for

homofile og lesbiske å kome ut av skapet, vil også seie at det er noko ”annleis”, eller noko som viker frå norma, det heteroseksuelle. Ein erkjenner at noko har vore skjult og at det no skal fram i lyset. På same måte, ser det ut til at menneske med kjønnsidentitetstematikk også går gjennom slike ”kome ut”-prosessar, men til forskjell frå homofile og lesbiske, handlar det her om kjønnsidentitet, og ikkje seksualitet. Å fortelje om det dei har heldt meir eller mindre skjult, av ulike grunnar, blir for mine informantar viktig fordi dei berre slik kan få hjelp og behandling. For å kome til ei utgreiing på Rikshospitalet, må dei erkjenne for seg sjølv og fortelje dei rundt seg om sin kjønnsidentitet, som for transseksuelle altså avvik frå det biologiske kjønn. Eg vil i dette kapitlet sjå på korleis mine informantar kom til denne erkjenninga, korleis dei har jobba med det sjølv, korleis dei har fortalt det til andre og kva for reaksjonar dette får. Eg vil også sjå på kor vegen går vidare etter at dei har kome ut. Sentralt står forhandlinga og italesetjinga av eigen kjønnsidentitet, og forsøket på å finne sin stad som menneske i verda.

Noko av det eg kanskje ikkje var så godt budd på, men som likevel skulle vise seg å kome sterkt fram i intervjuet, var kroppen sin betydning når det kjem til kjønn og å bli lese som kjønn i verda. Eg drakk kaffe med ein ven, som også er svært interessert i kjønnsforskning, og så sa eg til han at alt handlar jo egentleg om kroppen, korfor har eg ikkje sett det før no? At kroppen er det ein har, at det er den ein nyttar som forhandlingsstorleik, og at den er fleksibel og dynamisk dersom ein vil at den skal vere det. Men kroppen er i andre tilfelle kjelde til frustrasjon, til fortviling, som handlar om meir enn det det handlar om når jenter og gutar synst dei er tjukke og treng å slanke seg. Informantane mine snakkar om kroppen sin, særleg korleis det blei ekstra traumatisk å ha ein kropp i puberteten, noko som mange sikkert kan kjenne seg igjen i, men det er nokre ekstra element her: Kroppen blir framand. Kroppen blir eit fengsel. Kroppen er ikkje ”eins eigen”. Det er ikkje ein sjølv ein ser i speglet, og derfor er det heller ikkje ”seg sjølv” ein tar med ut i verda, og det skaper problem med eins eigen identitet dersom ein ikkje får vise seg sjølv, dersom identiteten på nokon måte blir hindra, og da kan ein like greit halde seg heime. Og det gjer mange. Blir sitjande heime på rommet og vere sint, frustrert, trist, deprimert. Går kun ut når det er mørkt. Eg vil i det følgjande vise korleis kjønn er knytta til kropp, og til identitet. Og så finst det sjølv sagt nokon som utfordrar det. Dette er det eg no skal inn i: Historiene om kroppen, om å kome ut, om å finne seg sjølv, og å fortelje andre om desse konfliktane og problema.

Kristoffer: "Eg var ei tikkande bombe"

I ei bygd langt nord i landet, blir Kristina fødd. Ho veks opp på eit lite sted, langt frå storbyar, langt frå dei store folkemassane, på eit sted kor alle kjenner alle, kor alle veit kven ho er, og skulle dei ikkje vite kven ho er, så veit dei i alle fall kven foreldra hennar er. Så flyttar ho til ein større stad, til ei øy med litt fleire folk, der foreldra er primus motor for bygda. Alle veit kven Kristina er. Men ingen veit at Kristina ikkje eigentleg er Kristina, det er det berre ho sjølv som veit. Nokre av dei andre ungane i bygda kallar Kristina for Kristian. Sjølv om ho ikkje liker namnet eller å bli kalla Kristian av dei andre, så er det vel noko som er rett.

Kristina tenker nemleg sjølv at ho er ein gut, men kroppen seier noko anna, som stadig blir kjelde til frustrasjon og forvirring. Det tar mange år før ho skjønner kva som er feil. Det tar mange år før ho skjønner at ho kan få hjelp. Det tar mange år før ho skjønner at ho kan få bli den guten ho alltid har følt seg som. Som sekstenåring startar ho prosessen for seg sjølv, og gjer forsøk på å rydde opp i livet sitt for å vite heilt sikkert kva det er ho skal gjere. Ho får høyre om ein annan i bygda som har gjort det same som ho no skal gjere, nemleg å gå gjennom ein prosess med å gå frå å leve som jente til å leve som mann. Som tjuetåring fortel ho sin hemmelegheit til ei venninne, og derifrå går det slag i slag. Ho besøker fastlegen sin for å søke hjelp til å kome til Rikshospitalet og starte utgreiinga der.

"Eg var livredd. Eg ante ikkje kva eg skulle gå til. Eg ante ikkje kva som kom til å skje. Eg visste ikkje kor lang tid det ville ta. Eg såg jo for meg at eg skulle bruke resten av livet mitt på det her. At det kom til å ta ein ti-femten år. Og det var... Eg var lei meg, eg var frustrert, eg var ei tikkande bombe."

(Kristoffer)

Kristoffer kan no omtale tida før han gjekk igong med kjønnskorrigerande behandling som ei tid fylt med veldig mange ulike kjensler. Usikkerheita rundt kor lang tid det ville ta og kva det ville gjere med livet hans, var skremmande. Han trekk også fram sinne og aggresjon som store utfordringar i prosessen fram mot kjønnskorrigerande behandling. Eg ville gjerne at Kristoffer skulle skildre dette sinnet for meg, at han skulle forklare kva slags sinne det var han sleit med, og ikkje minst, korfor oppsto dette sinnet?

"Det er jo eit sinne om å... kvar gong du ser deg i speilet, så ser du ikkje det du VIL sjå. Alt er berre feil. Alt... Røysta eg høyrte i hovudet mitt var ikkje den som kom ut, og det eg såg i speilet, kroppen var ikkje min, og det var

ingenting som var mitt. Og det var liksom det å kjenne på det at eg var omringa av noko som ikkje tilhørde meg i det heile tatt, som ikkje er komfortabelt for fem flate øre. Og du veit ikkje kva du skal gjere med det. Og da blir du jo sint og frustrert og lei deg og alt på ein gong og da eksploderer du berre ein dag. Og det er mange gongar eg har berre... brutt saman og lagt meg ned og ikkje visst kva eg skulle gjere.” (Kristoffer)

Kristoffer seier at alt var feil og ”kroppen var ikkje min”. Desse kraftige opplevingane av at kroppen og det indre ikkje stemte overeins, gjorde til slutt at Kristina oppsøkte hjelp for å utgreiast for diagnosen transseksualisme. Ho oppfylte krava, og fikk dermed behandling og er i dag Kristoffer. Vegene dit har ikkje vore lett eller uproblematisk. Sinnet og frustrasjonen over å ikkje høyre heime i eigen kropp, har hatt konsekvensar. Men det er ikkje berre sine egne reaksjonar og kjensler Kristoffer har måtte forholde seg til og handtere.

”Det var veldig vanskeleg for mamma. Det skal ein ikkje leggje skjul på. Ho har jo hatt ei datter i over tjue år, og så plutsleg må ho omstille seg til at den dottera blir ein son. Så ho brukte jo bra mange år før ho klarte å seie ”han”. (...) Og ho ville jo ikkje ta del i det heller, for ho synst jo det var følt, med tanke på kor mykje eg måtte igjennom. Så ho helde seg på ei armlengdes avstand, og har vore der heilt til no.” (Kristoffer)

Måten Kristoffer snakkar om reaksjonane til mor si på, viser at hennar reaksjonar er viktige for han, og at det var utfordrande for henne å takle omstillinga frå Kristina til Kristoffer. Bestemora har vore veldig på bakbeina, og meinte at Kristoffer sette skam på heile bygda og heile familien med å kome ut med si historie, og det tok tid før ho vente seg til tanken på at Kristina hadde blitt Kristoffer. For å forhindre for mykje uvitande snakk på bygda, valde Kristoffer å gå ut offentleg med si historie. Ved å snakke om si kjønna erfaring offentleg, meinte bestemora at Kristoffer sat familien og bygda i eit dårleg lys. Ved å vere annleis, blei skam overført til andre i familien. Det å vere annleis kostar – ikkje berre for den som står i det sjølv, men også for dei andre rundt ein. Likevel seier Kristoffer at det ville ha kosta han meir å fortsetje å leve i skjul med sin hemmelegheit. Det ville ha blitt for tungt.

”Det hemmelege” kjem fram i lyset: Reaksjonar frå andre

Kristoffer var ganske ung da han fortalde sine nærmaste at han ville gjennomgå kjønnskorrigerande behandling, etter å ha levd med hemmelegheita i fleire år. I puberteten blei han klar over at det var noko som ikkje stemte, og det er det fleire som har opplevd, mellom anna Lars, som no er ein mann i vaksen alder. Han skildrar pubertetsåra på ein liknande måte som Kristoffer:

”Eg kjente på meg sjølv at eg var annleis, eg kjente jo på meg sjølv at alle la merke til meg, at eg ikkje passa inn, at eg var annleis enn alle dei andre. Og så var det vel først da eg kom i puberteten, da blei kroppen eit stort problem. Da fikk eg nesten kjensla av å vere innesperra i ein kropp som eg ikkje kunne identifisere meg med og som eg ikkje hadde det bra med å vere i. Så eg hugsar puberteten som ei sånn forferdeleg grusom tid. At kroppen berre gjekk i ei retning, og det blei berre verre og verre, og eg kunne liksom ikkje stoppe den her utviklinga...” (Lars)

Lars vaks opp som jente i eit anna nordisk land, og var i kontakt med helsevesenet i slutten av tenåra for å kome til utgreiing for transseksualisme, men opplevde det som svært uoppnåeleg å få hjelp, og slo det dermed frå seg. Lars har derfor levd som kvinne i førti år før han fikk behandling ved Rikshospitalet, og kom ut som transseksuell i vaksen alder. Opplevinga av å leve innesperra i ein kropp som ikkje stemte, har derfor vore vedvarande i mange år. Mistanken om at det var noko Lars ikkje fortalde, har likevel vore tilstade, spesielt hos mora:

”Mor mi har jo visst at det var noko med meg heile tida, så eg trur nok også ho hadde sine mistankar. Da eg var i tenåra, spurte ho meg om eg var transseksuell, ho stilte eit konkret spørsmål og eg nekta jo plent, ”Nei!”, det var eg ikkje. Og så kom eg tilbake eit par år etterpå og sa at eg var lesbisk, det var den informasjonen eg hadde til mine foreldre, at eg var lesbisk. Og da trur eg dei har forholdt seg til det. (...) Så sånn sett kom det jo litt brått på at eg kom som vaksen og sa at eg var transseksuell likevel.” (Lars)

Da Lars kom ut til sine foreldre, var dei urolege for om han ville få eit godt liv etter den behandlinga han skulle igjennom. Ville folk akseptere det? Ville han miste jobben? Kort sagt: Ville livet hans vere godt? Lars fortel at vegen fram til å kome ut har vore lang og rett ut

vanskeleg. Kjensla av å vere annleis og å ikkje heilt forstå korfor, har gjort at han har tvilt på sin eigen intelligens og evne til å omgåast med andre folk. Han seier at alt var grunnleggande vanskeleg, og at det for nokre år sidan skulle ein større personleg smell til før han kunne setje seg ned og ta tak og innsjå at det var transseksualisme som låg der og gjorde livet vanskeleg for han. Å ta tak i det som var feil, måtte til. For at han skulle makte livet, måtte noko endre seg. Da måtte han kome ut til sine foreldre, og til trass for at dei var urolege, har ting gått bra etter at behandlinga starta.

Ein annan informant fortel om reaksjonen til foreldra, som meir enn noko anna var lei seg for at dei ikkje hadde skjønt noko tidlegare:

”Dei var veldig lei seg, ikkje fordi eg var annleis, eller lesbisk, som dei trudde, men fordi dei var heilt... Dei var hysteriske for at eg hadde hatt det fælt, og syntest det var heilt forferdeleg. Så det var den reaksjonen. Men det har styrka forholdet mitt med foreldra mine, vi har alltid hatt eit godt forhold, men det er noko som har vore der, sidan dei ikkje har forstått, og lurt på kva det er med meg, da.” (Jonas)

Informantane fortel gjennomgåande om positive erfaringar det å kome ut til sine nærmaste. Reaksjonar som undring, bekymring, skam, redsel og usikkerheit verkar likevel å vere vanleg. Det opplevast som ei lette å endeleg få setje ord på det som lenge har vore ei utfordring: Ein får setje ord på sin ”annleisheit”. Det som er annleis blir italesat. Informantane får også sjansen til å forhandle og forvalte sin eigen identitet i mykje større grad, som får spelast meir ut når dei kjem ut med sin kjønnsidentitet. Det som til no har vore innestengt og skjult, kan tåle dagens lys.

Reaksjonane frå dei nærmaste er ein ting, dei får som regel vite kva som skjer og korfor. Vanskelegare er det ofte med dei som ikkje veit, og normer og fordommar kan kome til syne gjennom møte med desse menneska. Linn, som blei presentert i innleiingskapittelet, fortel om reaksjonane frå samfunnet elles som lite positive:

”Om eg var på shopping med venene mine i byen eller sånne ting, så var det andre menneske som snudde seg og kikka stygt på meg, fordi etterkvart som eg kom inn i puberteten og blei sånn 13-14-15, så begynte kroppen å utvikle

seg mannleg, det er jo sånn ein ser. (...) Det er veldig traumatisk.” (Linn)

Fordi Linn var for ung for å få hormonbehandling, gjekk kroppen hennar igjennom mannepubertet. Sjølv om ho levde som jente frå ho var 11, var det synleg for alle rundt ho at ho var ein gut, og ho følte at folk snudde seg etter ho på gata, og ho omtalar seg sjølv som eit monster. Sjølv om Linn levde i eit kvinneleg kjønnsuttrykk og på denne måten *gjorde* kjønn, blei ho ikkje lese som kvinne av samfunnet. Dette blei forsterka da ho kom i puberteten, og da ho ikkje fikk hormonbehandling frå Rikshospitalet grunna eit nedlagt behandlingstilbod, blei det for tungt, og det endte med at ho slutta på skulen og hamna i ein tung depresjon, som også førte til eit sjølvmoordsforsøk. Å leve i mellomrommet var ikkje til å halde ut.

Etter intervjuet med Linn, gjekk eg heim og gråt. Møtet med dei kjønna erfaringane ho hadde gjort seg, blei så sterke sett i samheng med mine egne erfaringar. Den individuelle fridomen til å vere seg sjølv, den eg sjølv tok så for gitt, var heilt fråverande i hennar tenåringsperiode. Historiene frå ungdomsåra var fylte av skam, sjenanse og sjølvforakt. Den kvinna eg møtte til intervju, framsto som roleg, trygg på seg sjølv og reflektert. Ho var fylt av håp for framtida, til trass for alt som låg bak ho. For å sitere Søndergaard (1996), såg Linn seg sjølv i dag som ein verdig representant for sitt kjønn.

”...Og så var det ei heil verd av berre sånne som meg!” Om fellesskap

I informantgruppa, er det ulikt korleis ein forholder seg til ei form for fellesskap med andre i ein liknande situasjon. Nokre har ikkje eit behov for å møte andre, medan andre er med i organisasjonar og arrangerer treff. Til dømes arrangerer HBRS medlemstreff på kafé for medlemmane i pasientgruppa der ein kan kome saman og treffe andre som skal gå, går eller har gått igjennom kjønnskorrigerande behandling. Linn pleier å gå på desse treffa, og for ho har det vore svært viktig å kunne ha ei slik moglegheit til å møte andre i same situasjon som ho sjølv. Sjølv om ho har vener som veit kva ho har vore igjennom, er det ikkje det same som å ha ein ven som verkeleg skjønner korleis det er. Å kunne treffe andre i same situasjon, gjer at det blir mindre einsamt, og dette fellesskapet har vore av stor betydning for ho. Ho skildrer det slik:

”Det å kome til eit sted og få nye vener som veit akkurat korleis det er, som veit korleis dei sosiale settingane er, som veit kor vanskeleg det er å berre

duşje i ein fellesgarderobe, det har gitt veldig mykje altså. (...) Nokre gongar på kvelden når ting blir litt vanskeleg, eg tenker kanskje på den kjærasten som ikkje haldt ut lenger, tenker på mobbing eller på kor vanskeleg det var den perioden før hormonbehandlinga blei sat igong. Kor vondt det var å slutte på skulen medan alle andre fikk fortsetje. Da er det godt å ha ei venninne ein kan ringe som kan kome bortover ein tur, som gjerne er i same situasjon, da, som forstår.” (Linn)

Å treffe andre med same type erfaringar, gjer at det blir mindre einsamt å vere dei. Det gjer at ein forstår at ein ikkje er aleine, likevel. Det same seier Lars, som har funne sitt fellesskap i den virtuelle verda – nemleg på internett. Da han blei open om sin transseksualisme, fann han eit heilt nytt samfunn han ikkje visste eksisterte, på YouTube. Her fann han fleire videodagbøker laga av transseksuelle og transpersonar rundt omkring i verda, kor ein kunne følgje prosessen dei gjekk igjennom, både fysisk og psykisk. Dei snakka om korleis det var å gå igjennom den prosessen han sjølv skulle gå igjennom, noko som fikk stor betydning for Lars. Det blei det første møtet med ”dei andre” der ute, dei som var som han sjølv:

”Det var det første møtet, det å møte og sjå desse videoane og føle at, ”Oi, det er jo mange der ute som har det som meg!”, å ha noko å spegle seg i, å kjenne igjen det dei seier og kjenne meg sjølv igjen i det dei seier. Så eg trur eg hadde ein sånn periode heilt i starten kor eg såg veldig mykje desse her videoane... Eg var den einaste rundt meg, eg var den einaste i heile verda, men så gjekk eg inn der på YouTube og så var det ei heil verd av berre sånne som meg!” (Lars)

Lars har ikkje følt nokon trong til å ha andre former for fellesskap med andre som er i same situasjon som han, det skjer mest som elektronisk kontakt via internett. Han fortel at det er det som er rett for han. For Linn hjalp det å ha andre i pasientgruppa å snakke med. Dei har på eit eller anna tidspunkt gått igjennom mykje av det same, ikkje berre i behandlinga på Rikshospitalet, men også tidlegare i livet, før behandlinga tok til. Det kan også vere nyttig å oppsøke slike miljø før behandlinga tar til, for å lufter tankane sine litt og finne sin plass i mylderet av organisasjonar og grupper. Det har Thomas fått kjenne på, som begynte å gå på

treff arrangert av FTP³⁵ for å møte andre å ”kaste litt ball med” før han oppretta kontakt med Rikshospitalet. Han søkte mot eit fellesskap for meiningsutveksling. For han blei det ei fin arena for å møte andre i ein lik situasjon, og situasjonar som ikkje var like i det heile tatt:

”Eg hadde kontakt med FTP her i byen, der møtte eg masse flotte folk. Altså, der er det jo mest mannlege transvestittar, men eg kunne snakke med dei, om ting som var felles og ting som var veldig ulikt. Og eg har fortsatt å gå der, på treff, både eg og kona mi faktisk, og det er jo ein herleg gjeng. (...) Så her i byen er det veldig overlapping på kven som går på HBRStreff og kven som går FTP-treff. Så folk går begge plassar. (...) Eg har hatt veldig mange da, å kaste ballar med.” (Thomas)

Det kan virke som at det for mange av informantane er viktig å finne eit fellesskap som forstår det ein sjølv går igjennom, fordi ein opplever at dei nærmaste ikkje kan forstå kva slags situasjon ein sjølv er i. Sjølv om informantane i mange tilfelle møter forståing frå familie, kjæraste og vener, kan dei også kome litt til kort. Da blir det viktig å finne andre å snakke med, som ikkje berre forstår, men som også veit korleis ein har det og kva ein går igjennom.

Tilbake til det hemmelege

Dette kapittelet har til no handla om å kome ut med sin transseksualisme, å kome ut med sin hemmelegheit om kjønnsidentitet. Avslutningsvis vil eg gå inn i eit fenomen som på ein måte kan sjåast på som eit paradoks, samtidig som det også viser kva slags rolle norma eigentleg har. Eit mål med kjønnskorrigerande behandling er å få eit kjønnsuttrykk og ein kropp som samsvarar med kjønnsidentiteten. For Lars er det viktig at han ser ut som ein mann og blir oppfatta som mann av omverda, fordi han opplever seg sjølv som mann. Når han blir lese, oppfatta og forstått som mann av andre, blir det kalla ”å passere”. Han forklarar det slik:

”Det å oppleve at folk som eg ikkje trur veit kven eg er tar meg for å vere mann, det kjennest veldig godt. Det har jo noko med å vere synleg, for eg trur nok at eg på ein måte heile mitt liv har vore usynleg, eit usynleg menneske, så

³⁵ FTP: Forbundet for transpersoner i Norge.

det er noko med å bli synleg, noko med at folk kan føle at no er eg synleg i verda.” (Lars)

Etter å ha levd i mange år med eit kvinneleg kjønnsuttrykk og med ein kvinneleg kropp, forklarar Lars at han synst det er godt å bli oppfatta som mann. Han seier at han blir synleg i verda som den han vil vere. Dette kan forståast som at Lars no har blitt den han skal vere, og at han dermed føler seg heil eller ”normal”. Thomas er inne på noko av det same:

”Vi har ein sånn veldig normalitetslengsel, veldig mange av oss. For vi har følt oss veldig sånn på sida, eg har sjølv følt meg så utruleg på sida i mange, mange år, sant. Og no skal eg endeleg bli, i gåseteikn sjølv sagt, normal.”
(Thomas)

Både Lars og Thomas snakkar her om korleis dei tenker om å vere ”normale”. Med ”normale” meiner dei menn som blir oppfatta som menn utan noko form for tvil. Og så er spørsmålet: Korleis skal ein handtere informasjonen om fortida si? Når ein har oppnådd målet sitt og endeleg, etter mange år i tvil, usikkerheit og skam, har fått den behandlinga ein treng for å vere den ein føler seg som, kva gjer ein da? Skal ein fortelje nye relasjonar om si fortid, eller om tida før den kjønnskorrigerande behandlinga? Kor mykje av fortida si skal ein dele? Og når ein har fått behandlinga og passerer som kvinne eller mann, er ein ikkje lenger ”trans” da? Eit par av informantane samanliknar det med å ha hatt kreft og så ha blitt kurert – er ein da ”tidlegare kreftpasient” for resten av livet? Linn seier det slik:

”Ein kan samanlikne det med at har du hatt kreft ein gong, så er det no eit tilbaketilgang stadium. Du er ferdigbehandla, det er over. Og det kan ha vore dramatisk og traumatisk og vanskeleg, og ja, det er på ein måte tilbaketilgang, det er noko som skjedde for kanskje mange år sidan, og ein anser seg ikkje som ein kreftpasient lenger, da. Ein er jo ikkje det, ein er ferdig med det.”
(Linn)

Det Linn her seier, er at når den kjønnskorrigerande behandlinga er over, så er ho ”ferdig”. Da er ho ikkje ein pasient med transseksualisme eller transseksuell. Da treng ho heller ikkje å fortelje om det til nye sosiale relasjonar, med mindre det blir heilt nødvendig. At ho ein gong har hatt diagnosen transseksualisme blir da ein hemmelegheit, ikkje nødvendigvis fordi det

handlar om skam eller frykt, men fordi ho no opplever å vere den ho *er*. Ho har derfor ikkje eit behov for å fortelje om si fortid.

Å halde si fortid eller sin tidlegare trans-status skjult, blir kalla å leve i ”stealth”. Det vil seie å leve i sitt ønska kjønnsuttrykk utan at det skaper undring blant andre. For nokre kan dette vere eit mål, som Thomas var inne på over: Normalitetslengselen er stor og han vil ikkje lengre vere annleis. Han vil ikkje skilje seg ut, han vil høyre til. Dette heng også saman med kva norma i samfunnet er: Ein skal vere enten det eine eller det andre. Ein skal enten vere kvinne eller mann. Ein skal helst ikkje skilje seg ut på nokon måte, da er ein annleis og det kostar mykje.

Men det er ikkje alltid slik at ein heilt naturleg blir lese som det eine eller det andre, og dersom ein ikkje passerer som kvinne eller mann, kan det fort oppstå undring og spørsmål som gjer at ein likevel må forklare sin situasjon og kven ein er. Ein av informantane, Kim, er for tida inne i ein kjønnskorrigande prosess der han får hormonbehandling, men har ikkje fått noko form for kirurgi gjort på kroppen sin. Han er heller ikkje sikker på om han kjem til å få utført kirurgi med det første. Kim omtalar seg som transmann, og sjølv om han i mange situasjonar gjer seg til kjenne som transmann, er det likevel situasjonar der dei rundt han ikkje kjenner hans situasjon. Det gjer at han stadig vekk må vurdere om han skal fortelje om sin trans-status, og det er ikkje berre enkelt:

”Du blir stressa av det... Om eg kjem inn i ein ny arbeidsplass, så er det ikkje sånn at eg går rundt til alle og fortel at eg ikkje har pikk som det første eg gjer, det er jo ein veldig merkeleg sosial ting å gjere, men det kjem jo eit punkt kor desse to aksane møtast for meg, kor det blir meir slitsamt for meg å ikkje seie det enn å berre seie det. Kor det krev energi av meg. Kor eg må passe på kva eg seier, eller kor eg må tenke over på kva eg seier, da orkar eg ikkje meir, da berre seier eg det, så slipp eg å tenke over kva eg seier.” (Kim)

Det er altså ikkje berre enkelt, korleis ein skal forholde seg til diagnosen ein har fått eller hatt. Som Kim forklarar over, kan det vere situasjonar kor det rett og slett krev for mykje energi å la vere å seie noko om det. Samtidig påpeiker han at det også kan vere ein veldig merkeleg ting å fortelje kven som helst. Det eg synst er interessant, er korleis mange vel å først kome ut med sitt ”problem”, får hjelp til å behandle ”problemet”, og så når ”problemet” er løyst eller

behandla, så er ikkje ”problemet” der lengre. Det går frå å vere hemmeleg, til å bli kjent, for så å bli hemmeleg igjen. Når det er sagt, forstår eg det slik at det er ulike grunnar til at det er hemmeleg. Som fleire av sitata frå informantane har vist i dette kapittelet, er hemmelegheiten til å begynne med knytta til skam, usikkerheit, frykt, sinne, redsel for det ukjente og redsel for å bli avvist. Kort sagt er det mange vonde kjensler knytta til tida før ein kom ut. Etter at prosessen er gjennomført, er det kanskje meir slik at dei no har funne ein ro i seg sjølv som gjer at det blir unødvendig å gå tilbake til tida før prosessen starta kvar gong ein skal bli kjent med eit nytt menneske.

Kjønn som noko ein gjer

I dette kapittelet har tema vore å kome ut av skapet og å definere seg sjølv opp mot ein tokjønnsmodell som seier at menneske kan vere enten kvinne eller mann. Som Aasebø seier i eit tidlegare sitert sitat, er det slik at i ”vår oppfatning av identitet framstår mannlig og kvinnelig som noe naturleg og fundamentalt” (Aasebø 2002:164). Måten vi tenker på kjønn på er festa i ein grunntanke om at kjønn er enten det eine eller det andre, enten kvinne eller mann, og at det kan opplevast som framandgjerande å ikkje vite kjønnet på det mennesket som står framfor oss. Først når kjønnet er kjent, blir det eit heilt menneske (Aasebø 2002). Dette er Aasebø sin analyse av korleis vårt samfunn tenker om kjønn, og eg meiner at dei historiene eg her har latt kome fram stemmer godt overeins med utsegna hennar. Menneske med diagnosen transseksualisme har ein kjønnsidentitet som ikkje stemmer overeins med det kroppslege kjønnet, og det gjer at dei treng hjelp for å få dette korrigert og skape samsvar. Dei som tidlegare har hatt problem med å bli akseptert og lese inn i ein tokjønnsmodell, får så hjelp slik at dei betre kan passe inn og bli lese som enten kvinne eller mann.

Men som Søndergaard påpeiker, er ikkje kjønn ein konsekvens av ei indre kraft eller eit resultat av kroppar, men noko vi *gjer*, som kulturelle gjentakingar og utsegn (Søndergaard 1996). Mine informantar *gjer* kjønn, sjølv om det ikkje alltid er uproblematisk. Kristoffer ber fleire teikn som gjer at han kan bli lese som mann av omgivnadane: Han har eit maskulint kjønnsuttrykk prega av ein tøff klesstil og ei barsk haldning, som er typisk knytta til oppfattinga av det mannlege kjønnet. Ein skal kanskje vere forsiktig med å seie kva som er maskulint og kva som er feminint, for dei fleste informantane påpeiker at det går an å vere begge delar uavhengig av kroppsleg kjønn. Likevel oppfatter eg det slik at dei fleste av informantane *gjer* kjønn ved hjelp av kjønnsuttrykk som klesstil, kroppshaldning og

kroppsspråk. Dei forhandlar kjønn ved å gjere det.

Det som er interessant her, er at mine informantar gjer kjønn på overskridande måtar, og på dynamiske måtar, og ein kan kanskje seie at dei gjer ulike kjønn til ulike tider. Kristoffer, til dømes, som vaks opp som Kristina, har jo i mange år levd meir eller mindre som jente, og også funnet alternative måter å vere jente på. At han har gått igjennom ein kjønnskorrigerande prosess som gjer at han lettare kan *gjere* det mannlege kjønn og bli lese som ein representant for det mannlege kjønn, er eit døme på korleis det å gjere kjønn kan vere dynamisk. Ved å vere dynamisk, er det også overskridande, og det er nok denne formen for overskriding av norma som er det viktige her, og som eg har vist tidlegare i kapittelet, også er det som vekkar reaksjonar hos andre. Det er overskriding av kjønnsnormer og tanken om at kjønn er enten det eine eller det andre, aldri begge, som til dømes vekkar skam hos bestemora. Eg vil gå nærmare inn på historier om å overskride grenser og utfordre norma i det tredje og siste analysekapittelet.

KAPITTEL 6: "UNDER ARBEID"; KROPPEN SOM EIT "WORK IN PROGRESS"

Spørsmål som dukkar opp

Der forrige kapittel handla om det å kome ut og å bli sikker og trygg på eigen kjønnsidentitet, skal dette kapittelet handle om kor vegen går vidare etter å ha delt sin hemmelegheit. Det skal dreie seg om utgreiingsperiode og behandlingstilbod, korleis det blir opplevd, kva informantane ønsker seg av behandlinga og kva målet med behandlinga er. Det er med andre ord eit dobbelt fokus her: Det eine på sjølve prosessen med utgreiing og behandling hos Rikshospitalet, det andre på kroppen. Her kjem kroppen som materiell storleik fram, ikkje berre som noko det blir snakka om, men som noko dei endrer på. Kroppen som kjønna storleik skal forhandlast. Det ytre skal passe til det indre, og da må det ulike former for inngrep til. Og så er spørsmålet: Korleis får ein det med kroppen sin etter endt behandling? Blir alt rett?

I dette kapittelet vil eg gå inn i dei ulike forteljingane om kroppen og om kjønnskorrigerande behandling som informantane mine har fortalt. I desse kjem motsetnader, kontrastar, likheiter og paradoks fram. Det kjem også fram kva som er norma og korleis det kan jobbast mot norma.

"Det får vere som det er, når det ikkje blei som det skulle"

Ei utfordring med kjønnskorrigerande behandling, er at det tar lang tid. Før det i det heile tatt kan vere snakk om å endre på sjølve kroppen ved hjelp av hormon og kirurgi, er det ein utgreiingsperiode først. Den som kontaktar Rikshospitalet må vere minst eitt år i utgreiing, såkalla Real Life Test, før det skal avgjerast om han eller ho skal få behandling. I Real Life Test skal ein leve i eitt år i sitt nye kjønnsuttrykk og presentere seg sjølv med sitt nye namn og få andre til å bruke rett pronomen. Det er altså ikkje berre ein prosess som angår ein sjølv, men kor ein også må forhandle med dei ulike menneska ein har rundt seg. Det er kanskje ikkje nødvendigvis slik at kjønn er ein privatsak?

Thomas fortel at denne utgreiingsprosessen var veldig tøff. Ei av utfordringane var at han

sjølv var så klar for å vere mann, men at han ikkje såg ut som ein mann. Han blei ikkje oppfatta som ein mann av omgivnadane. Dessutan måtte han lære seg meir om kven han var, og korleis han skulle vere utanfor huset sine fire veggjar:

”Altså, for det første skal ein gjennomgå noko som er... Det er ikkje berre som å få seg ein ny hårklipp. Og så er det veldig mykje som skjer i den ”real life”-testen, så ein former seg etter den ein er, for det held ikkje å berre vere seg sjølv innanfor dei fire veggane. Sjølvsagt er ein seg sjølv veldig mykje, mest innanfor heimet sine fire veggjar, men altså, det er noko med å lære seg ”kven er eg ute?”, ikkje sant, og sjå seg sjølv i det samspelet, saman med andre. Og faktisk tåle det at, ja, eg veit at eg ser ut som, eg ser kanskje ikkje så mannleg ut akkurat no, men det kjem, ikkje sant?” (Thomas)

Thomas påpeiker her at det kan vere vanskeleg å møte verda utanfor når du enno er i ein utgreiingsprosess, men at det må ein kanskje berre tåle. Han utdjupar:

”Det er noko med å tåle at nokon seier feil pronomen til deg, kanskje ikkje av og til, men faktisk kvar dag. Og at du heile tida må stå opp for den du er, da, i ulike samanhenger, ikkje sant. Og faktisk tåle og faktisk forstå at det er noko som sitt i ryggmargen på folk. Det må ein kanskje berre akseptere i den tida der. Men det er kjempetøft. For du er så innstilt, du veit sjølv så godt kven du er, etterkvart, så da kan det følast litt sånn urettferdig, å vente tre månadar på time hos psykiater, til dømes.” (Thomas)

Det Thomas her peiker på, er at det kan opplevast som sosialt vanskeleg å gå igjennom utgreiingsperioden, og at det for han kunne vere vanskeleg å forhandle kjønn med andre. Han seier at det er ”noko som sitt i ryggmargen på folk”. Kva er det som sitt i ryggmargen på folk? Slik eg tolkar det Thomas seier, snakkar han her om kjønnsforståing og kanskje meir spesifikt tokjønnsmodellen, og at folk er vande med å tenke i ein tokjønnsmodell kor alt som fell utanfor blir sett på som merkeleg og noko ein skal setje spørsmålsteikn ved. Dette kan så linkast opp til det å passere. Målet for Thomas er å passere som mann, og i utgreiingsperioden kjente han sterkt på redsla for ikkje å passere:

”Da kjente eg på den passeringsangsten. Da hadde eg ikkje lyst til å gå ut, hadde berre lyst til å isolere meg inne, berre lyst til å gjemme meg inne. Så ein er ganske

skjør og sårbar i den perioden. Så at det kan henge igjen i mange år etterpå, i veldig mange, det har eg stor forståing for.” (Thomas)

Dette liknar på det Linn sa i innleiingskapittelet: Å ikkje passere som det kjønnet ein føler seg som, gjer at ein heller vil halde seg heime. Thomas seier at han berre ville gjøemme seg heime, fordi å møte omverda kunne bli for tøft eller fordi han følte seg for skjør til å gå ut.

Å forhandle kjønn i denne perioden kan vere vanskeleg, fordi forhandling ikkje berre handlar om at personen sjølv skal forhandle sitt kjønn, men også om at samfunnet skal *forstå* eller *akseptere* eit ”work in progress”. Og det er vanskeleg, fordi dei sosiale strukturane er slik dei er, og fordi det er ein stor sårbarheit knytta til ”work in progress”, spesielt når dette ”work in progress” faktisk er din eigen kropp. Til dømes kan jo ikkje Thomas gå rundt og fortelje absolutt alle menneske som ser han at han går igjennom ein Real Life-test og at det derfor er slik at han ser ut som ei kvinne som prøver å vere mann for at dei ikkje skal undre seg. Som Kim påpeikte i det forrige kapittelet, ville det vere ein merkeleg sosial ting å gjere.

Det dette viser oss, er at tokjønnsmodellen og det ”normaliserte” kjønnet er så tatt for gitt, ikkje berre i samfunnet generelt, men også hos mine informantar. Fleire av dei strever jo også etter å passe inn i tokjønnsmodellen, og når dei opplever å ikkje passe inn eller at folk reagerer på korleis dei ser ut, blir det sett på som eit nederlag som gjer at ein heller kan halde seg heime for seg sjølv. Likevel er Thomas klar for å forhandle sitt kjønn, og rokke litt ved kjønnsforståing som seier korleis ein mann *skal* vere, og vil heller fokusere på korleis ein mann *kan* vere mange ulike ting:

”Rikshospitalet seier jo at dette blir ei kjønnskorrigering, du kan aldri skifte kjønn, i den forstand, for da ser dei jo på kjønn som ein biologisk storleik. Og det skjønner eg jo veldig godt. Eg sjølv er jo knappe 1.60 liksom, og er jo liten. Men eg tenker, gjer det noko? Så lenge eg får hjelp til å vere meg sjøl. Det er jo eit gammalt ordtak som er, korleis er det ’a, vent litt, ”det får vere som det er, når det ikkje vart som det skulle”. Det høres kanskje litt trist ut, men det er jo ikkje det. Eg tolkar det litt som ein fin ting, å akseptere tingane sin tilstand, og heller liksom sjå på det da, kva kan eg gjere? Sjå på muligheitene. Kva kan eg gjere her, ikkje sjå på kva eg ikkje kan gjere. Det er

noko med det. At kvar og ein må ta litt ansvar sjølv, da.” (Thomas)

I møtet med Thomas har han vist meg at han både måtte forhandle kjønnet sitt med omgivnadane, som kjæraste, vener, kollegaer og andre. Sjølv om det var vanskeleg i starten, ville han berre kome seg igjennom det. Han er også klar for å forhandle rundt kjønnsstereotypiar, og forhandle med andre i samfunnet om kva ein mann kan vere. Thomas er ein fyr med mykje optimisme og stå-på-vilje. Ein mann på 1.60 er like mykje ein mann som ein på 1.85, er budskapet hans.

Får du leve eller døy?

Eg møter Trine på kafé ein dag i juni. Ho har nyleg vore gjennom dei siste operasjonane i den kjønnskorrigerande behandlinga frå mann til kvinne, og det har ho venta lenge på. Det har tatt sju år frå ho starta i utgreiinga på Rikshospitalet til der ho er i dag. Det har tatt altfor lang tid, meiner ho. Så lang tid har det gått og så energikrevande og tøft har det vore at ho i dag er arbeidsufør på grunn av heile prosessen ho har vore igjennom. Det har tatt så lang tid at ho har blitt sjuk, fortalde ho. Berre utgreiingsprosessen tok tre år, delvis på grunn av skifte i personale og delvis på grunn av tvil frå utgreiarane si side:

”Dei var liksom ikkje så sikre og ho og hei. Og så fikk eg høyre at det er ikkje alltid at pasienten veit sitt eget beste. Dei masa jo om at det ikkje var alltid pasienten visste sitt eget beste, så da føler ein seg umyndiggjort i tillegg.

Intervjuar: Kva tenkte du da?

Nei, kva skal ein seie da liksom? Og så var eg jo redd for å seie for mykje, for at eg var redd for at eg ikkje skulle få hjelp, og da tør ein ikkje mase for mykje, og høyre at ein masar så fælt, ein blir så redd, da. For dei bestemmer jo over liv og død. Enten så får du leve eller så må du døy.” (Trine)

Trine nyttar seg av ganske sterke ord: Enten så får du leve eller så må du døy. I tre år gjekk ho i utgreiing for å få diagnosen transseksualisme, og det var tre harde år kor ho prøvde å leve som kvinne, til trass for at ho fortsatt kunne lesast som mann av omgivnadane. Det blei nært uleveleg for ho, og satte rett ut djupe spor i ho:

”Det tok jo tre år før eg fikk hormon. Og når du ikkje veit kor lang tid det vil ta, og du ikkje veit om du får avslag eller noko, du veit ingenting og leve sånn i usikkerheit i så mange år, det er ikkje bra altså. Og så får du berre høyre ”det er veldig mange som er nøgde med at det har tatt så lang tid”, javel, så fint for dei, og nokre tar sikkert skade av at det går for fort, men eg har tatt skade av at det har tatt for lang tid.” (Trine)

Å setje ei diagnose som F64.0 er eit stort arbeid, som tar mykje tid. I mitt møte med Trine har eg fått historier om korleis det kan gå når det tar lang tid. Mine analysar viser den sårbarheita og den enorme smerten det er å leve i ei slik fase kor ein ikkje aner kva som skal skje eller kva tid det skal skje. Trine hadde visst i mange år at ho trong hjelp, og kan sjå tilbake til barndomen for å sjå tydelege teikn på at ting ikkje stemte heilt overeins. Der Kristoffer i forrige kapittel skildra eit stort sinne knytta til det å leve mellom kjønna, knyttar Trine det til redsel, ein redsel ho ikkje heilt klarer å forklare:

”Eg visste jo lenge før eg kontakta dei [at eg hadde kjønnsidentitetstematikk], men eg var berre så redd. (...) Eg har jo slitt med dette ganske lenge, ikkje sant, og så å endeleg få kontakt med nokon og endeleg kome seg på Rikshospitalet, så trudde eg ikkje at det skulle ta så veldig lang tid, da. Det er liksom, yes, endeleg skal det ordne seg med ting, eg har gått med det så lenge, eg veit ikkje, så lenge eg kan hugse, og så blir ein møtt på den måten, det er ikkje noko særleg. For allereie så har du tapt barndomen, da, for du tør ikkje å seie ifrå, og så plutsleg mistar du nesten fleire år ekstra berre for at det skal ta så lang tid.” (Trine)

Eg vel å framheve Trine sine historier om redsel og umoglege kjensler for å vise at vi treng å høyre på desse erfaringane. Slik eg forstår det, er redselen for kva folk kjem til å seie eller korleis folk kjem til å reagere, noko av det som har vore vanskelegast for Trine. Redselen for å vere annleis er stor, i eit samfunn som ikkje veit å gi rom for feminine menn eller maskuline damer. Møta mine med både Trine og Linn, den andre kvinnelege informant, var veldig sterke for meg. Dei fortalde om så mykje smerte og så mange tunge kjensler knytta til det å gå gjennom ein kjønnskorrigerande prosess. Dei fortalde om knallharde forhandlingar for å vere den dei *er*, både i seg sjølv, med familie og kjæraste, og med samfunnet for øvrig. I desse

møta blei eg også tvungen til å tenke på min eigen posisjon som kvinne. Det eg tok så for gitt, hadde tatt mange år for dei å oppnå. Den innsikta var og er fortsatt overveldande.

Å gå i Storgata med flat brystkasse

Da eg intervjuar Kristoffer, var det berre nokre veker til han skulle inn på Rikshospitalet for å få ein av dei store operasjonane innanfor kjønnskorrigerande behandling frå kvinne-til-mann, nemleg mastektomi, fjerning av bryst. For Kristoffer hadde denne operasjonen vore noko han har sett fram til lenge:

”Det har liksom vore mitt ”final goal”. Og eg har jobba, liksom, det er det eg har gått etter heile tida, akkurat den operasjonen, for den er så viktig, for den er så stor, og det er jo på overkroppen, ikkje sant, så da er jo alt det synlege, det er borte. Og da, når eg ser meg i speilet, da ser eg det eg VIL sjå. Det som eg alltid har sett for meg. Og no er eg der, det er rett rundt hjørnet. Det er rart, det er heilt sært. (...) Eg har jobba så lenge og så hardt for det å berre kunne gå i t-skjorta i byen på ein sommardag og få motvind mot flat brystkasse. (...) Den største draumen min gjennom heile prosessen har vore det å kunne gå i t-skjorte blant folk. Og ikkje bli sett på liksom, ”hæ, korleis er kroppen din?”, sånn ”HÆ?”, ikkje sant? Det å kunne dra på symjing og berre kunne vere ute generelt på sommaren utan å måtte pakke seg inn i ti lag med klede for å skjule dei delane av kroppen som ikkje stemmar heilt overens. Så den dagen eg skal gå gjennom Storgata i t-skjorte, og få litt motvind og brystkassa er flat, det... Eg klarer ikkje å sjå det for meg. Eg trur eg kjem til å grine.” (Kristoffer)

Dette sitatet frå Kristoffer står i ganske sterk kontrast til korleis han snakka om kroppen sin og forholdet til kroppen i forrige kapittel. Kroppen, slik han opplevde den i puberteten, var ein problematisk storleik som forringa livskvaliteten hans. Den var framand og ikkje hans eigen. Kroppen som tilhøyrer fortida, slik han snakkar om den, er knytta til vonde kjensle han helst ikkje vil tilbake til. Ved hjelp av testosteronbehandling, har kroppen fått eit meir mannleg uttrykk, men han har enno teikn på kroppen som er kvinnelege. Brysta er slike teikn. Når desse er fjerna, ser Kristoffer for seg at kroppen er slik den skal vere. Ting kjem til å bli mykje lettare. Draumen om å gå i Storgata i t-skjorte ein sommardag er viktig for han. Sjølv

om det er ein daglegdags ting og noko dei fleste menn tar for gitt, har det stor betydning for Kristoffer. Kanskje nettopp at det er daglegdags og nettopp noko dei fleste menn tar for gitt gjer at det får så stor verdi? Det vil vise at han er ein mann som alle andre, og ikkje ein ”merkeleg” figur med mannleg kjønnsuttrykk og kvinnelege kroppsteikn.

Eg ba Kristoffer forklare meg korleis han ser på denne operasjonen, for å få hans ord på kjenslene rundt å gjennomgå denne kjønnskorrigerande behandlinga. Han svara: ”Da er eg ferdig. Da er eg heil. Det er heilt sjukt å tenke på.” Kristoffer seier her at han må gå igjennom denne formen for kirurgi for å bli heil. Slik eg forstår det, betyr det at kun ved hjelp av kirurgi vil det indre og det ytre samsvare. Dette svarar til uttrykket ”fødd i feil kropp”, som ofte blir brukt for å omtale menneske med transseksualisme. For mange, som Kristoffer, vil dette uttrykket passe godt. Det viser at kropp og identitet heng nøye saman. Han er ikkje ”seg sjølv” før desse høyrer saman.

Sjølv om denne tankemåten, som her er representert med Kristoffer si historie, går igjen i fleire av intervjua, blir den oppfatta som problematisk av nokre av informantane. Det vil eg gå nærmare inn på under.

Normbrytarane

I ein kjønnskorrigerande prosess frå kvinne-til-mann, får mange ei endring i fysisk utsjånad ganske raskt så fort hormonbehandlinga blir sett igong. Testosteronet gjer at musklar omformast og omplasserer seg, fettfordelinga blir annleis, og det kjem sterkare hårvekst i andletet. Fleire av mine mannlege informantar seier at det å starte på hormonbehandlinga gjorde at dei fort følte seg og blei oppfatta som menn, rett og slett fordi dei såg meir mannlege ut enn før. Dette gjeld det ytre, det som ein kan lese på ein kropp med klede. Men under kleda finst fortsatt kvinnelege kroppsteikn, som bryst og genitalia, og historia over fortel tydeleg om kjensle knytta til nettopp ei brystkasse med kvinnelege bryst som snart skal fjernast. To av informantane, Kim og Thomas, tok i intervjuet eit skritt vidare og snakka meir inngående om genitalia-området. Her er det fleire ting som står på spel, som eg har vore inne på i tidlegare kapittel. I Norge krevst det at ein kvinne-til-mann-transseksuell fjernar reproduktive organ som livmor for å oppnå juridisk status som mann, noko mange, mellom anna Amnesty, meiner er eit brot på menneskerettane. Ei frykt kan også vere at det fysiske resultatet ikkje skal vere godt nok.

Kim er den av informantane som snakkar mest inngående om nettopp denne problematikken, og er ikkje redd for å snakke i klartekst. Han lever som mann og oppfattar seg sjølv som mann, men har foreløpig juridisk status som kvinne. Når vi snakkar om genitalia og fokuset på genitalia i ein kjønnskorrigerande prosess, spør eg han om han skjønner korfor dette fokuset er så sterkt. Svaret han gir er tankevekkande:

”Eg forstår på ein måte at kropp blir veldig fokus, det er kropp som endrar seg, det er kroppen du tar tak i når du løyser eit sosialt relasjonsmessig problem, da. Og dysfori er jo veldig kroppsretta. Kjensla av kjønnsustrekkelegheit i eigen kropp, at du føler at kroppen signaliserer feil kjønn eller er feil da. Men eg tenker at ein burde... Om ein går med på at ein kan vere mann utan å vere fødd med penis, så kan du også vere med på at ein kan vere mann utan å leve med penis, og da må ein slutte å tenke at ein skal ha penis, for at det er det normale, eller det som er ”den riktige mannen”. For da anerkjenner du ikkje deg sjølv som mann. Det same gjeld for den andre vegen. Tenker ein at ein kan vere mann utan å ha penis, så... Eg trur det hadde vore betre for transfolk si psykiske helse, eller folk med kjønnsidentitetstematikk, om ein opna for ein litt alternativ måte å tenke på kropp og kjønn på. (...) Og den her ideen om at ein skulle ønske ein var fødd annleis og målet om å oppnå den her cis-kjønna stereotype ideen om mannen eller kvinna, gjer at ein aldri får... Ein burde heller finne glede i at ein passerer, om ein gjer det, eller at ein har ein kropp som funkar veldig mykje betre enn den gjorde før.” (Kim)

Kim utfordrar det dikotomiske skiljet mellom mann og kvinne og set spørsmålsteikn ved kva ein ”ekte” mann er. I det han seier meiner han at det finst fleire måtar å vere mann på, og at kroppen ikkje nødvendigvis må ha alle fysiske attributt på plass for å vere mann. Det er til dels ein utfordrande tanke, men den er forfriskande og gjer at det skapast meir rom for kva ein mann kan vere. Det viktigaste, seier han, er jo at han blir lese som mann og at han passerer som mann. Her er performativitet eit stikkord: Kim kan *gjere* kjønn og dermed bli lese som mann.

Thomas påpeiker noko av det same i sitt intervju. Frykten for å bli ”ferska” som ein ”uekte”

mann må han berre legge bak seg, fortel han, for da snevrar han inn sine moglegheiter til å leve godt som mann:

”Ellers så er jo vi gutta veldig redde for å bli ferska på do, sant, på offentlege toalett. Eg har bestemt meg for at det drit eg i. Om heile min manndom skulle stå på om eg kunne stå og tisse eller ikkje, da lagar ein seg sjølv eit veldig snevert handlingsrom. Og eg trur mange av oss går i den fella, vi lagar oss eit veldig snevert handlingsrom. Og så bruker vi det til å på ein måte presse oss sjølv ned, da. At vi aldri kan bli fullstendige, på ein måte.”

(Thomas)

Det er viktig å påpeike at det Kim og Thomas her gjer, ikkje handlar om på nokon måte å henge ut andre i den same situasjonen som tar andre val eller har andre tankar enn det dei har. Slik eg ser det, er dei inne på viktige diskusjonar om kva kjønn *er* og kan vere, og deira løysing er at kjønn ikkje handlar om kva som finst mellom beina, men om kven ein *er* og ønsker å vere. Dei fokuserer på at kjønn ikkje er biologisk, men sosialt konstruert: Kva ein mann er, treng ikkje å handle om teiknet på kroppen, for å bruke omgrepet til Søndergaard (1996).

Nokre avsluttande undringar

Eit viktig poeng i dette kapittelet har vore å vise betydninga og forhandlingar av tokjønnsmodellen, med spesielt fokus på historier frå Real Life Test og kjønnskorrigerande behandling. Tokjønnsmodellen er ein modell som mine informantar med diagnosen transseksualisme i stor grad forholder seg til og jobbar med å passe inn i. Men eg har tidlegare sagt at eg skal sjå på kjønns mangfaldet. Er mine informantar da ikkje del av dette kjønns mangfaldet eg har sagt at eg skal sjå på? Både ja og nei. Dette er ikkje ei homogen gruppe kor alle har dei same tankane, dei same draumane eller dei same synspunkta. For fleire av informantane med diagnosen transseksualisme, som til dømes Thomas og Linn, er tokjønnsmodellen noko som tidlegare har gjort at dei har følt dei ikkje passa inn, og dei har stått utanfor den. Etter å ha fått kjønnskorrigerande behandling, blir det derimot ein modell som gjer at dei enklare kan finne sitt sted i samfunnet – det blir lettare å forstå og ”kategorisere” dei som menneske. Det går ei linje tilbake til Aasebø sin påstand om at ein person ikkje fremtrer som ”et menneske før vi har plassert det som kjønn” (Aasebø

2002:164). Det seier noko om kor grunnleggande viktig kjønn er for å lese eit anna menneske.

Eit anna poeng, er at mine informantar også er med på å utfordre kjønnskategoriane, både å vise at dei kan vere fleksible, som eg påpeika i oppsummeringa til kapittel 5, og at dei også tilbyr nye måtar å gjere kjønnsrollene på. Thomas seier jo rett ut at han ikkje vil trykke seg sjølv ned og gjere seg sjølv til mindre mann berre fordi han ikkje kan stå og tisse, og at han fortsatt kan vere mann sjølv om han ikkje er særleg høg. Spørsmålet er så om dette er med på å utfordre kjønnskategoriane og kjønnsrollene eller om det er med på å gjere at informantane fortsatt blir sett på som randpersonar? Kan ein nokon gong slutte å vere annleis? Eller slutte å vere trans? Slutte å vere transseksuell? Desse spørsmåla er for store til at eg kan svare på det her, men her vil eg trekke fram eit særleg godt og tankevekkande sitat frå Jamison Green som tydeleggjer dette på ein god måte:

”So why tell anyone about my past? Why not just live the life of a normal man? Perhaps I could if I were a normal man, but I am not. I am a man, and I am a man who lived for 40 years in a female body. But I was not a woman. I am not a woman who became a man. I am not a woman who lives as a man. I am not, nor was I ever a woman, though I lived in a female body, and certainly tried, whenever I felt up to it, to be a woman. But it was never in me to be a woman. (...) I always felt like something 'other'. Can I just be a man now, or must I always be 'other'?” (Green 2006:503).

Slik eg ser det, er kjønnskategoriane for tronge for å famne mine informantar sine erfaringar, og dei har lite sjanse for å utvidast. Det skal ikkje så mykje til for å vere annleis og ikkje ”høyre til” i ein kategori, og det er noko av dette Green peiker på i sitatet over. Det kan framstå som paradoksalt at dei som har opplevd slik ”annleisheit” i så stor grad at det har gått utover livskvaliteten, likevel insisterer på å halde fast ved ein tokjønnsmodell som er ekskluderande for nokre, noko dei trass alt har følt på kroppen sjølv. Burde ikkje erfaringane deira gjere at dei vil jobbe for utviding av kategoriar og større aksept for kjønns mangfaldet?

I dette kapitlet kom det tydelegaste brotet med ein normalisert tokjønnsmodell i historiene til Kim om å leve som mann utan penis. Likevel kan også Kim lesast inn i ein tokjønnsmodell av andre menneske ved at han har eit mannleg kjønnsuttrykk, som dermed føyar seg inn i dikotomien mannleg/kvinneleg. Her spelar Judith Butler sitt performativitets-omgrep inn. Sjølv om verken Kim eller Thomas er fødd i mannskroppar, har dei ved hjelp av kjønnskorrigerande behandling fått meir maskuline kroppar. Men vel så viktig som konkret

kroppsleg forandring, følger også det sosiale kjønnen med på utviklinga, som blir spesielt viktig i Real Life Test. Søndergaard seier, med bakgrunn i Butler, at kjønn ikkje er ein konsekvens av ei indre kraft eller eit resultat av kropp, men at det er noko vi *gjer*, som kulturelle gjentakingar (Søndergaard 1996). Ein som meistrer desse kulturelle gjentakingane, eller utføringane, kan så plasserast som kjønn, som Aasebø er inne på i sitatet over. I det neste og avsluttande analysekapittelet, vil eg gå inn på erfaringar om og utfordringer med slike kulturelle gjentakingar, gjennom historier om å gjere kjønn og å leve i mellomrommet.

KAPITTEL 7: Å LEVE I MELLOMROMMET; GRENSEHISTORIER

”Korfor kan det ikkje vere fint å vere annleis óg da? Altså, kven eg er handlar jo mest av alt om kva eg gjer det til.”

(Thomas)

Kva slags rolle spelar kjønn i grensene?

Sitatet frå Thomas er toneangivande for dette siste analysekapittelet. Dette kapittelet vil ta for seg historier om å leve i mellomrommet og å leve mellom kjønn. Her vil eg ta teksten litt bort frå den delen som handlar om utgreiing og tankar om eigen kropp, og heller fokusere på historier om korleis det er å leve i ein kropp som ikkje nødvendigvis kan kategoriserast som mannleg eller kvinneleg og om korleis det er å leve i eit samfunn kor ein heile tida føler seg tvungen til å måtte kategorisere seg som mann eller kvinne. Dette kapittelet rommar både spenning og sårbarheit.

I den norske kulturen og det norske samfunnet er det vanleg å tenke på kjønn som enten ”mann” eller ”kvinne”, og desse kategoriane er eit døme på kva slags grenser som finst mellom kjønn. Ein er enten det eine eller det andre, eller så kan ein vere ”uforståeleg” for mange. Dette kapittelet fokuserer på kva slags andre grenser menneske som lever mellom kjønn kan oppleve og føle på. Ei rekke spørsmål kjem til: Kva for grenser finst? Korleis viser dei seg og korleis blir dette bearbeida av randpersonane? Og korleis blir grensene handtert av samfunnet, representert ved familie, partner, skule/jobb, offentlege instansar/offentleg rom? Og til slutt: Kva slags makt finst i desse grensene? Og kva slags norm er det som kjem fram i grensemøta? Eg vil i dette kapittelet argumentere for at desse grensene kan vere både fysiske og forestilte.

”Det var litt som å lande”

Tone har vakse opp i ein liten by på austlandet og flytta derifrå for å studere på eit universitet i ein større by. Like før ho flytta heimefrå, kom ho over eit omgrep på internett som sette ord på noko ho sjølv hadde strevd med å setje ord på. Nokre år i forvegen hadde ho kome ut som lesbisk, men ho visste at det var noko meir ved identiteten hennar som var annleis enn hos andre, og som også trengte ei forklaring. Etter å ha oppdaga bandet *Antony and the Johnsons*

med transpersonen Antony Hegarty, måtte Tone finne ut meir om kva ein transperson egentleg var for noko. Det skulle vise seg å vere eit skritt i riktig retning:

”Eg hugsar ikkje ordlyden, men i alle fall, da tenkte eg... Det var litt som å lande, da, for eg hadde jo med vilje styrt unna å finne det ut tidlegare. For eg syntest at alt som starta med ”trans” var veldig skummelt, og hadde ein god del fordommar, tippar eg, som menn i skjørt og ja, syntest at alt det ”trans” var litt skummelt, sikkert fordi eg visste innerst inne at det hadde noko med meg å gjere.” (Tone)

Tone følte at ho ”landa” da ho kom over definisjonen på kva ein transperson er. Det fanst eit ord for det ho følte: At ho ikkje var kvinne, men ikkje heller mann. Ho var noko midt i mellom, og fikk dermed kanskje også utfordra sine egne fordommar om trans. Spesielt kom dette fram da ho tok til å studere ved universitetet i ein større by, og kunne skli inn i miljø som ikkje fanst i byen ho vaks opp i. Ho fann tidleg plass i meir frilynte studentorganisasjonar og miljø, kor det var heilt greit å vere litt utanom det vanlege. Ho skildrar det slik:

”Grunnen til at eg begynte å finne ut av det da, trur eg var at eg stadig vart oppfatta eller lesen som mann eller gut. Etter at eg tok til å studere, så litt sånn klisjé, men du kjem i eit miljø med litt sånn frilynte folk og politisk vettuge folk, mykje meir interessert i politikk og mykje meir kritisk til kjønnsroller og stereotypiar og alt slikt, så da kjente eg at det var eit veldig sånn trygt miljø og slo ikkje akkurat ut håret, men eg klippa det, og gjekk stadig meir i herreklede, da... Kunne gå i skjorte og slips på universitetet, litt sånn.” (Tone)

Tone fortel om miljøskifte, både ved at ho har flytta, men også ved at ho kjem inn i nye miljø som er knytta til studenttilværinga. Desse miljøskifta gjer at ho møter nye folk, noko som etterkvart opplevast som trygt og bra, og som gjer at ho meir og meir kan tilpasse seg eit maskulint kjønnsuttrykk. Den sosiale tryggleiken og haldningane miljøet ho tilhørte sto for, gjorde at ho kunne forhandle sin mellomposisjon som trans ganske problemfritt. Tone lever i dag i eit maskulint kjønnsuttrykk, men har foreløpig ikkje tenkt å få hjelp frå Rikshospitalet for noko slags utgreiing eller behandling.

”Det klassiske problemet er jo damedoen”: Om fysiske grenser

At Tone lever i eit maskulint kjønnsuttrykk samtidig som ho nyttar seg av kvinneleg pronomeren og har juridisk kjønn som kvinne, gjer at det stadig oppstår forvirring, spesielt for folk rundt ho. Å leve i ein mellom-posisjon kan vere vanskeleg for andre å forstå og fortolke, nettopp fordi ein er så vant til å tenke på dei tydelege grensene mellom kjønna. I nokre tilfelle er også desse grensene materialisert tydeleg, som når det kjem til offentlege toalett:

”Det klassiske problemet er jo damedoen. Eg går gjerne på handicapdo om eg kan, men nokre gongar må ein jo gå på damedoen. Eg går ikkje på herredoen, det tør eg ikkje. Så da går eg dit kor eg alltid har gått, og der kor nokon sikkert vil seie at det er rett at eg skal gå. Men da hender det stadig at folk spør om dei har gått feil, eller veldig ofte snur medan eg står og vaskar hendene, så snur dei i døra og så sjekkar dei skiltet, og så kjem dem innatt. Som oftast er dei flau, da.” (Tone)

”Der kor nokon sikkert vil seie at det er rett at eg skal gå” seier Tone om damedoen. I denne talemåten antydar ho at det ikkje nødvendigvis er så enkelt. Det juridiske og biologiske kjønn hennar er kvinne, medan det fysiske kjønnsuttrykket er meir maskulint. Ho blir, som ho seier i sitatet litt lengre opp, lesen som mann eller gut. At ho da går på damedoen, skaper forvirring frå andre, som til dømes må gå ut og sjekke om dei har lese rett symbol på døra inn.

Offentlege toalett som rom er som regel delt opp i to, damedo og herredo, av og til finst også eit handicap-toalett. Dette er eit døme på korleis grenser mellom kjønn blir materialisert ved å vere merka med damesymbol eller mannesymbol, og er grenser vi blir opplært til å følgje. Å gå inn på ”feil” do er flaut, pinleg eller skambelagt frå vi er små. Det er kanskje frykta for dette pinlege som gjer at nokre damer må dobbeltsjekke at dei har gått rett når dei ser Tone der inne?

Både Tone og Fredrikke er glade i å symje i symjehall på fritida, og begge fortel om korleis møtet med damegarderoben kan vere ei utfordring. Tone lever i eit ganske maskulint kjønnsuttrykk og blir stadig tatt for å vere gut. Dette føler ho spesielt på på veg inn i garderoben, som på sett og vis skil seg frå offentlege toalett, fordi ein trass alt kler seg naken og viser fram sine teikn på kroppen:

”Eg har tenkt sånn, garderobe er greit, for eg har jo ein vanleg kvinnekropp. Så der er det greit så lenge eg ikkje har klede på. Men på vei inn, da... Da merkar eg sjølv at eg blir veldig usikker. Litt sånn... kan eg gå inn her? Da er det greit å ha med nokon andre så det ikkje ser så mystisk ut. Men eg overdriv jo, eg blir jo veldig paranoid, eg trur jo at alle heile tida går og stussar, og om dei ser på meg, ”ja, no sitt dei og lurar”, eg overdriv sikkert veldig.” (Tone)

Tone påpeiker her sjølv at ho kanskje er litt paranoid og trur at alle følgjer med på kva ho gjer og kva for ei dør ho går inn, og medgir at ho kanskje overdriv det veldig. Samtidig er det kanskje ikkje så merkeleg at ho blir vár på korleis omgivnadane reagerer, for det dei kan sjå, er eit guteliknande menneske på veg inn i damegarderoben. Den same kjensla av å bli iaktatt skildrar også Fredrikke:

”Nokre gongar stirrar folk veldig rart på meg når eg kjem inn i jentegarderoben i symjehallen, men eg har jo veldig jentete ansikt, så eg ser vel ut som ei jente i gutteklede. For det meste.” (Fredrikke)

Fredrikke er foreløpig ikkje inne i prosessen hos Rikshospitalet, men satsar på å kome inn til utgreiing i løpet av åra som kjem. Ho har sumt sidan barneskulen, men har gjort seg nokre tankar om at det kan bli vanskelegare å fortsetje med det når ho kjem eit stykke inn i prosessen:

”Det er jo eit lite sånn halvvegs problem, at eg ikkje veit kva eg skal gjere i dei... Det er jo nokre år kor du ser halvvegs ut som ei jente, halvvegs ut som ein gutt, for du har ikkje fått alle hormona og operasjonane og alt mogleg rart, under behandlinga, og da kan eg jo ikkje symje lengre.” (Fredrikke)

Å leve mellom kjønn kan altså by på problem når det gjeld romlege oppdelingar på bakgrunn av kjønn, som offentlege toalett og garderober. Fredrikke seier i sitatet over at det kan bli problematisk når ho er i den kjønnskorrigerande prosessen, og er halvvegs det eine, halvvegs det andre, og ser da for seg å legge symjinga på hylla. Det er eit klassisk problem for fleire av mine informantar, og er noko dei aller fleste på eit eller anna tidspunkt var inne på i løpet av intervjuet.

Eg vil også her utheve at det finst andre fysiske grenser kor kjønn viser seg å vere viktig. Linn fortalde meg ei historie om da ho var på klassetur til Russland i den perioden da ho levde i eit kvinneleg kjønnsuttrykk, men fortsatt med ein mannleg kropp. I verda gjekk ho rundt som kvinne, men i passet sto det at ho var mann. Dette gjorde seg så gjeldande da ho blei tatt inn til passkontroll på veg inn i Russland. I kontrollen måtte ho kle av seg alle kleda og bli kroppsinspisert, noko ho opplevde som svært ubehageleg, all den tid ho allereie levde i eit stort ubehag med eigen kropp. Slik ho opplevde det, måtte ho gjennom kontrollen for at det verkeleg skulle stadfestast kva for kjønn ho hadde. Opplevinga var så ubehageleg at ho ikkje våga å reise ut av landet før ho hadde fullført kjønnskorrigierende behandling og kunne slippe ein liknande situasjon igjen. Det var ikkje berre grensa mellom Norge og Russland som gjorde seg aktuell for Linn: I denne grensepasseringa måtte ho også forholde seg til grensene mellom kjønna. Minna om å leve mellom kjønn på den måten og konfrontasjonen av denne måten å leve på, er spesielt knytta til vonde kjensler på grunn av denne hendinga. Kjønn kan altså gjere seg gjeldande i svært fysiske grensemøter.

”Kva er du eigentleg?”

I avsnitta over er det skildra ulike døme på korleis kjønn spelar ei rolle i samfunnet og korleis kjønna grenser kan avgjere kor du kan opphalde deg og kor du ikkje kan opphalde deg. Toalett merka med dame eller herre er kanskje det aller mest typiske dømet på ei slik grense. Men for Tone er det ofte slik at ho må velje mellom enten det eine og det andre, som når ho skal krysse av i ulike skjema for *mann* eller *kvinne*, og fortel meg at ho ofte skulle ønske det fanst ei moglegheit for å krysse av for *annen*. Det er stadige misforståingar og forvirringar som oppstår, som til dømes når ho må vise legitimasjon og den som sjekker legitimasjonen blir i sterk tvil. Tone meiner at det ikkje berre kan vere strevsamt for ho å leve i ein slik mellomposisjon, ho trur også det kan vere vanskeleg for andre å forstå at det går an i det heile tatt å leve mellom kjønn på den måten:

”Det er jo synd at det skal vere så vanskeleg for så mange, å skjønne det at det å vere eit kjønn ikkje er det same som å bli fødd og så er det slik eller slik. For eg mistenker at folk flest har fått ei forståing etterkvart for at det går an å vere... Føle seg som motsett kjønn og skifte kjønn, som dei kallar det. Det trur eg kanskje mange etterkvart har skjont. Det er greit, for da er du fødd som det eine, men så vil du vere det andre. Men om du ligg og vakar imellom og vil

vere litt begge delar, det går ikkje an, det skjønner dei ikke. Det blir frykteleg vanskeleg. Og eg får sånn spørsmål, "kva er du egentleg?". Du må vere ein ting." (Tone)

Det Tone her peiker på er den normative kjønnsforståinga som tvingar "alle" til å velje mellom enten det eine eller det andre, og som gjer at ein kan bli forstått og lese som kjønn i verden. Det blir meir komplisert når ein ikkje vil gjere det, når ein vil utfordre denne norma:

"Det er ikkje det at eg ikkje vil vere dame i det heile tatt. Eg vil berre... Ja, eg trur eg trivst som ein sånn mellom... Eg liker littegrann at folk ikkje klarer å plassere meg óg. At det lagar litt kaos i kosmoset deira." (Tone)

Ein annan informant, Alex, lever også i mellomposisjonane som Tone har skildra, og kan frå tid til anna skape forvirring blant andre om kven personen framfor dei egentleg er og kva slags kjønn ein her har å forholde seg til. Også Alex synst det kan vere givande å ikkje heilt kunne plasserast inn i ein avgjort kategori av andre. Det blir forklart slik:

"Eg lever jo både som gut og jente, her og der og overalt... For meg er mann og kvinne berre biologisk kjønn, det er på ein måte berre kjønn. Og for meg så treng ikkje menn å vere maskuline eller kvinner vere feminine, for meg så er det liksom, dei kan vere alt mogleg rart. Så det er veldig mange som misforstår kjønnsuttrykket mitt, sidan eg er både veldig maskulin og feminin i andletet, for kven seier at gutar ikkje kan bruke sminke liksom? Kva er liksom normalt, kva er egentlig menn og kva er egentlig kvinner?" (Alex)

Alex har mange av dei same tankane som Tone, og vil gjerne utfordre folk sine oppfatningar av kva kjønn kan vere og kva dei ulike kjønnskategoriane kan fyllast med. For Alex er det eit val å leve aktivt i mellomrommet, og veksle mellom kjønnsuttrykk. Det er det mange som ikkje liker. På bloggen sin har Alex delt sine tankar om kva kjønn er og kva kjønn kan vere, og skildra korleis det er å leve mellom kjønn. Det har ført til mange negative kommentarar, spesielt frå folk på den vidaregåande skulen Alex går på, som blir posta på bloggen. I nokre kommentarar står det at Alex ikkje fortener å leve, og er ganske sterke og vonde for Alex å forholde seg til. Å leve opent mellom kjønn kostar.

Grenser for trans

Tone og Alex er dei to informantane mine som er tydelegast på å omtale seg sjølv som *trans* og opplever seg sjølv som at dei lever mellom kjønn. Som eg har sett på i dei foregåande kapitla, er det fleire av informantane som nyttar ord som *kjønnsbekreftande/-korrigerande prosess* og seier at dei har *kjønnsidentitetstematikk*. Fleire av dei som er diagnostisert med transseksualisme, poengterer at transseksualisme er noko ein har og at det ikkje treng å bli ein del av identiteten deira. Thomas tar eit eget oppgjær med slike haldningar:

”Eg er ikkje så redd for å bruke korkje ordet transseksuell eller transseksualisme, heller ikkje så veldig redd for å bruke ordet transperson, for eg har fortsatt mange gode vener i LLH til dømes, og i FTP. Eg er ikkje så... Det er noko med at om ein skal vere med menneske ein er verkeleg nær, ha noko ekstra med å gjere i kvardagen, så føler eg at det at eg har den bakgrunnen eg har, at det er ein naturleg del. Så eg har jobba ein del med det, for eg har sett så mange som er livande redd for å bli avslørt, på ein måte.” (Thomas)

Dei tre eg har presentert her, Tone, Alex og Thomas, er alle klare og tydelege på at kjønn er viktig for dei og ein stor del av identiteten deira. Medan Tone og Alex lever i mellomposisjonar, utan nokon form for behandlingstilbod, og kallar seg sjølv *transperson*, er Thomas inne i ein kjønnskorrigerande prosess hos Rikshospitalet. Ein kan kanskje tolke det som at Tone og Alex utfordrar grensene mellom kjønna, medan Thomas retter seg etter desse grensene i og med at han definerer seg som mann i ein kjønnskorrigerande prosess. Likevel er ikkje Thomas nødvendigvis ein ”slave” av desse grensene, for han har valt å vere ærleg om bakgrunnen sin. At han har levd mange år i ein kvinneleg kropp og delvis kvinneleg uttrykk er ein del av den han er i dag. Han vil dermed opne for at det finst fleire måtar å vere mann på, og at ein ikkje treng å vere fødd med biologisk mannleg kjønn for å vere mann i dag. Slik sett utfordrar også Thomas grensene for kva ein mann kan vere.

Thomas seier at han ikkje er redd for å nytte seg av ord som ”transseksuell” eller ”transperson”. Som eg har peikt på tidlegare, er det fleire av informantane mine som ikkje vil definere seg sjølv som transperson, og nokre som gjer det. Eit par av informantane blei nesten opprørte når eg ba dei forklare korfor dei ikkje ville definerast som transpersonar. Eg vil her vise korleis svara deira får fram at det faktisk er ein kompleksitet på dette feltet ved at

informantgruppa ikkje nødvendigvis er ei heilskapleg gruppe, og også vise korleis definisjonar kan vere både nyttige og stigmatiserande.

”[Transpersonar] er ei gruppe vi har hørt mykje om i det siste, som liksom veks fram, og det er problematisk, for mange av dei, dei ønsker ikkje full behandling og mange av dei fyllar ikkje kriteria for å få diagnosen F64.0. Så det kan vere stigmatiserande for transseksuelle med diagnosen som berre ønsker behandling, og så gli inn i dagleglivet og ikkje lage noko særleg ut av det, så kan det vere veldig stigmatiserande å stadig bli samanlikna med eller kanskje misforstått i den grad at folk trur at ein tilhøyrer den gruppa transpersonar, som ofte er litt meir utagerande, kva skal eg seie, skrullefolk, som leiker med kjønn. Ofte så er det ikkje så alvorleg for dei her med kjønn, same kva du er for noko og litt sånn fram og tilbake, det er ikkje så farleg. Så det kan vere problematisk å bli sat i bås med dei da. Da blir ein sett på som noko ein ikkje er.” (Linn)

”Det er jo noko ein har følt heile livet, at ein plutselig... Eg føler at det med trans er sånn at dei berre fann ut ein dag at det hadde vore kult, det virkar ikkje som at det er så djuptgåande, da. Dei treng sikkert hjelp, det er ikkje det, men det blir noko anna.” (Trine)

Sitata frå Linn og Trine viser her i alle fall to ting: Alvoret mange transseksuelle føler på ved å gå igjennom ein slik prosess, og det viser også, som eg har vore inne på før, at fleire av informantane mine er veldig opptatt av tokjønnsmodellen som forhandlingsmodell. Det som er utanfor denne tokjønnsmodellen, blir sett på som annleis, også av fleire av dei transseksuelle informantane mine, som helst ikkje vil bli sett i samanheng eller bli misforstått som ”transperson”. Det vekker harme eller frustrasjon for Linn og Trine at kjønn for nokre kan vere ein slags lek eller noko ein ikkje tar så lett på. Det store alvoret fleire av dei transseksuelle informantane kjenner på og har gått igjennom, som har tatt fleire år av livet deira, bør understrekast. Likevel er det også noko i det Thomas seier i sitatet litt tidlegare: Ein treng ikkje å vere så redd heile tida. Ueinigheita om transpersonar og transseksuelle som ei gruppe, har eg greia ut tidlegare i denne oppgåva. Det dei har til felles, er først og fremst ei tilknytning til omgrepet ”kjønnsidentitetstematikk”.

Kjønn: Offentleg eller privat? Om forestilte grenser

For å dra på mangfaldskafé på Stensveen, hadde eg pynta meg i den finaste kjolen eg hadde med meg på feltarbeid. Marion, som driv det heile, nikka anerkjennande og sa at kjolen var veldig fin. Sara, som hadde henta meg på busshaldeplassen, sa med glimt i auget at den var riktig flott, ”men du kjem til å få konkurranse frå oss transer!” Og inn kom dei: i kjoler, i skjørt, med langt hår, både naturleg og parykk, nokre i godt humør, andre meir sjenerte.

Møtet med ”jentene på Toten” blei eit møte med dei menneska som eg vil seie får merke tokjønnsmodellen og all kjønnsnormativitet på kroppen. Mange av dei ønsker å leve i både eit mannleg og eit kvinneleg kjønnsuttrykk, men får av ulike årsakar ikkje levd ut det kvinnelege kjønnsuttrykket i så stor grad dei ønsker. Det kan vere fordi dei vil skåne familien eller partner, eller fordi jobben dei har gjer at det ikkje passar å kome i kvinneleg kjønnsuttrykk på arbeid. Stensveen ressurscenter er i så måte eit fristed kor dei ikkje treng å gjømme seg eller vere redde for at nokon skal oppdage dei. Fleire av dei eg snakka med, fortalde at det kunne vere veldig vanskeleg for kona å akseptere den kvinnelege sida ved partneren sin.

Fleire av dei eg møtte på Mangfaldskafeen, kom langvegsfrå til Toten for å vere med på sommartreffet. Nokre hadde kjørt fleire mil, andre hadde kryssa landegrenser for å møtast. Ein av dei som var der, gav spesielt uttrykk for at det var svært viktig å kome dit og treffe andre og vere seg sjølv i ro og mak, utan at kona trengte å bry seg eller skamme seg. Andre var meir tilbakehaldne og kanskje ikkje heilt klar for å snakke inngåande med ein forskar.

Eg har gjort meg fleire tankar etter treffet på Stensveen. På den eine sida, er det så godt å vite at det finst ein stad for desse menneska i mellomrommet, som er trygg og kor dei kan lære å bli ”trygg i eget uttrykk”, som er Marion på Stensveen sin hjartesak. På den andre sida, seier det jo litt om kor avgrensa moglegheitene til å leve mellom kjønn eller som transperson kan opplevast. Slike treff som Stensveen ressurscenter arrangerer trengst fordi kjønnskategoriane er for tronge. Grunnen til at eg vil framheve dette, er å vise at kjønn, som for ”Jentene på Toten”, kan vise seg å vere både privat og offentleg, og at det kan eksistere nokre grenser for korleis kjønn får utfalde seg. Sara, som eg snakka mest med under mitt altfor korte opphold på Stensveen, kunne fortelje at ho aldri viste seg i kvinneleg kjønnsuttrykk i byen ho bodde i, korkje på jobb eller i offentlegheita. Men når ei forening for transvestittar, som ho er aktivt med i, har møter, da er ho alltid i kvinneleg kjønnsuttrykk. Og heime, innanfor huset sine fire veggar, da er det Sara som får kome ut. Liknande historier kunne dei fleste som var der

fortelje. Slik eg forsto det, var det slik at opphaldet på Stensveen hadde ein så sterk grunntanke om aksept, forståing og toleranse at dei som var samla her opplevde det som eit fristed. Da eg tok toget tilbake frå Gjøvik dagen etter, såg eg fleire av jentene på tur inn til byen.

Dei kjønna grensene desse menneska opplever på kroppen, dreier seg om kva som er greit ”heime” og ”ute blant folk”, om kva som er offentleg og privat når det kjem til kjønn. Moglegheita til å vere den ein er og føler seg som blir avgrensa på grunn av normative grenser om kva kjønn er i vårt samfunn. Ein tanke om at menn skal vere menn gjer at det er lite rom for å utvide denne kjønnsrolla og kanskje er det for lite aksept og forståing for at menn også kan ha kvinnelege sider. I stor grad handlar utfordringane ”Jentene på Toten” strever med om makt og norm, som eg vil diskutere meir inngåande i avsnittet under.

Normeringa si makt

Menneska i dette kapitlet kryssar grenser, føler på grenser, utfordrer grenser. Eg har også vist at det finst mange ulike former for grenser som kan oppfattast som kjønna eller kor kjønn har stor betydning. Det kan gjelde i skiljet mellom heime og borte, eller handle om romlege grenser som toalett og garderobe. Det kan også dreie seg om å krysse landegrenser og å måtte gjennom kroppsvisitering. Dette er fysiske og ”faktiske”/synlege grenser. Men det finst også meir forestilte og ”usynlege” grenser, eller normative grenser, som er meir underliggande. Dei er ikkje nødvendigvis vanskelegare å få auge på av den grunn, men dei kan vere vanskelege å utfordre.

Grenser, slik det handlar om i dette kapitlet, kan handle om makt og om normering. Dei romlege grensene mellom damegarderoben og herregarderoben er der for å oppretthalde tanken om at det er naturleg og normalt at menn og kvinner skifter klede kvar for seg, og antakeleg har det også noko med seksualitet å gjere. Slike former for grenser ber med seg eit ønske om å kontrollere (uønska) kjønna adferd. På liknande vis finst det også ei makt i samfunnet sine normer om kva ei kvinne skal vere og ikkje skal vere, og slike normer gjer seg også gjeldande for menn. Å utfordre desse på ein dynamisk kjønnsverskridande måte, er å utfordre normer. Det ligg ei makt i det å vere den som definerer norma, og å vere den som opprettheld norma. Med mitt materiale, kan det å orientere seg etter og leve opp mot tokjønnsmodellen bli sett på som ein måte å imøtekome den gjeldande samfunnsnorma på.

Transseksuelle får ein psykiatrisk diagnose som gir rett til kjønnskorrigerande behandling, og det ligg mykje kjønnskraft i denne prosessen. Å utfordre norma ved å leve mellom kjønn, enten midlertidig eller for ein lengre periode, er ei form for motkraft. Randpersonane i mitt materiale representerer dermed både kraft og motkraft, norma og normbryting.

KAPITTEL 8: Å LEVE MED KJØNN – EI AVSLUTNING

Tilnærmingar til teksten

Det aller første sitatet denne oppgåva opnar med, er eit sitat henta frå romanen *Drømmefakultetet* av Sara Stridsberg. I dette sitatet ligg eit anslag og dette anslaget har eg gjennom heile denne teksten freista å følgje opp. Kjønnen er ikkje eit fengsel, det er ei moglegheit: Det er berre ulike måtar å fortelje på. I dette kan ein vidare tolke at kjønn er performativt, dynamisk, rett og slett ein storleik som kan forhandlast og fortolkast på ulike måtar og av ulike menneske. Dette er linja eg har freista å halde meg til, både teoretisk, empirisk og analytisk. Det er den raude tråden eg stadig har snurra mellom fingrane medan teksten har blitt til og medan alle intervjuar nok ein gong fikk liv, frå opptak til tekst.

Problemstillinga som har vore berande for denne oppgåva, har vore: *”Kva vil det seie å leve mellom kjønn?”* Denne problemstillinga kan forståast på to måtar som eg har gjort greie for i innleiingskapittelet. Den eine måten å forstå den på er at eit menneske kan leve mellom kjønn, i ein tidsavgrensa periode, kor mellomrommet berre er ein slags haldeplass før ein kjem fram til målet. For fleire av informantane som gjennomgår kjønnskorrigerande prosess, er dette ”mellomrommet” perioden i prosessen kor utgreiing, hormonbehandling og liknande tar til, perioden før ein kan endre juridisk kjønn og dermed også leve fullt ut, på alle måtar, i opplevd kjønn. Den andre måten å leve mellom kjønn på, handlar meir om eit ønske om at kjønnskategoriar ikkje treng å vere så viktige som dei er. Eit menneske treng ikkje vere kvinne eller mann, det kan vere både/og eller ingen av delane. I denne oppgåva er denne måten å forstå mellomrommet på mest tydeleg representert av Tone og Alex, sjølv om andre også er inne på slike tankemåtar.

I denne oppgåva har eg ønska å kunne seie noko om korleis kjønn kan forståast på nye eller overskridande måtar, og korleis forståinga av kjønn som biologisk storleik kan utfordrast. Eg ville gjere forsøk på å forstå kva det vil seie at kjønn er performativt, men samtidig ville eg også ha eit fokus på den materielle kroppen og forholdet mellom kropp og kjønn. For å ta dette ned frå eit generelt, overordna og teoretisk plan, valde eg å fokusere på menneske med kjønnsidentitetstematikk, med spesiell interesse for transpersonar og personar med diagnosen transseksualisme. Fordi disse statistisk sett er minoritetsgrupper i samfunnet, såg eg det som

ekstra interessant å få fram deira historier om å vere eit kjønna menneske, og kor det å vere, å ha eller å gjere kjønn på eit eller anna vis ville vere grenseoverskridande og utfordre ei normativ kjønnsoppfatting. Ei oppfatting om at eit menneske enten er det eine eller det andre kjønn for evig og alltid skulle utfordrast, det same skulle oppfattinga om at kjønn som kategori berre har to underkategoriar: Mann og kvinne. Eg har ønska at historiene til mine informantar skulle vise korleis desse oppfattingene er normative, stigmatiserande og rett ut øydeleggande for det som er annleis.

Oppsummering

I denne oppgåva har eg gjort forsøk på å utforske kjønnsidentitet og kva for prosessar menneske med kjønnsidentitetstematikk går igjennom, både fysisk, emosjonelt og relasjonelt. Ved hjelp av historiene til ti informantar på ulike stader i livet har eg freista å utforske det norske kjønns mangfaldet og nokre av dei kjønna minoritetane. Slik eg ser det, er det eit viktig bidrag i kunnskapsarbeidet som må bli gjort på det norske kjønns mangfaldet. Målet har ikkje nødvendigvis vore å normalisere det, men heller å vise at det ikkje treng å bli sett på som unormalt eller noko mystisk. Det eg har gjort forsøk på å få fram gjennom heile denne oppgåva er nettopp dette: Kjønn er dynamisk, og strenge kjønnskategoriar utan rom for ”randpersonar” er problematiske. At noko produserast som ”oss” og ”dei andre”, ”norm” og ”avvik” fører med seg inkluderings- og ekskluderingsprosessar. At noko blir produsert som ”andenhet” er ikkje så rart, for det skil seg frå ”det normale”, men det blir problematisk når ”andenheten” fører til vanskelegheitar med å finne sitt sted som menneske i verda, og når dette fører med seg ein ekskluderingsprosess på bakgrunn av identitet.

Eg har også argumentert for at grunnen til at den kjønna ”andenheten”, for å nytte omgrepet til Søndergaard (2000), kan bli sett på og oppfatta som unormal, er at normene for kjønn er svært sterke i vårt samfunn og gir lite rom for utviding av kjønnskategoriane. I mine analysar har eg særleg trukket fram tokjønnsmodellen vi forstår verda ut ifrå: Enten er ein mann eller så er ein kvinne, og ein person blir ikkje forstått som menneske før vi kan plassere det som kjønn (Aasebø 2002). Menneske med transseksualisme opplever at kjønnsidentiteten er motsatt av det biologiske kjønn, og kan få medisinsk hjelp til å korrigere kroppen slik at det er samsvar mellom opplevd kjønn og den faktiske kroppen.

I analysane mine har eg vist at det for mange er ein samanheng mellom livskvalitet og moglegheita til å leve fullt ut i ønska kjønnsuttrykk og i samsvar med eigen kjønnsidentitet. Å få leve fullt ut som opplevd kjønn og bli lese og oppfatta som sjølvopplevd kjønn, ser ut til å gi informantane det eg tolkar som god livskvalitet. Tilsvarande viser analysane at menneske i ein kjønnskorrigerande prosess går igjennom svært harde tider i livet sitt når kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og det ”lesbare” kjønn ikkje samsvarar. Spesielt utgreiingsperioden synest å vere tøff, og som ein periode kor ein er veldig sårbar. Å leve mellom kjønn kan seiast å vere ei påkjenning, ikkje berre emosjonelt, men også relasjonelt, spesielt når ein skal ut i verda og ut i samfunnet. Eg har argumentert for at den normative tokjønnsmodellen gjer at det oppstår kjønna ”andenhet” som samfunnet ikkje heilt veit å akseptere, forstå eller handtere. Dersom heile prosessen er kaotisk og uoversiktleg for den som går igjennom den, er den i alle fall det same for framande.

I analysane mine har eg også vist at det finst menneske som kjempar imot tokjønnsmodellen ved å ikkje ville velje mellom kjønnskategoriane, ved å oppleve seg sjølv som ein stad i mellom eller som begge delar. Dei utfordrar kjønnskategoriane ved ikkje å vere eintydig det eine eller det andre, og kan vekke forvirring eller negative reaksjonar hos andre fordi folk er ”vant til” å tenke tokjønnsmodell, all den tid den er så innarbeidd i samfunnet. Eg meiner at det bør vere plass til alternative måtar å tenke, gjere og vere kjønn på enn berre dei to normaliserte, og har derfor tatt med dei stemmene som snakkar for slike endringar – eg kunne sikkert, og burde kanskje ha hatt med fleire. Ein del av min konklusjon er at større aksept for kjønsmangfald og større forståing for kjønn som ein dynamisk storleik vil gjere at færre vil føle seg stigmatisert og framandgjort, og at fleire vil føle seg frie til å vere den dei er, i staden for heile tida å kjenne på samfunnet sine stigmatiseringar.

Det viktigaste poenget med denne oppgåva har derfor vore å vise korleis kjønn kan forståast som noko anna enn ein biologisk storleik. Eg har gjennom analysane vist fram korleis kjønn kan vere sosialt, performativt og dynamisk, noko ei forståing av kjønn som kun biologisk storleik utelukkar. Eg har vist at kjønn ikkje er bestandig, at kjønnsroller og kjønnsuttrykk ikkje er faste og urokkelege, og gjennom analysane har eg fått fram kva for grenser som finst mellom kjønn, det vere seg fysiske og forestilte, og eg har vist korleis desse grensene kan utfordrast og overskridast. Med inspirasjon frå dei teoretiske arbeida til Judith Butler og Dorte Marie Søndergaard, har eg vist korleis kjønn alltid kan forhandlast.

Det usedvanlege kan bidra til synleggjeringa av det sedvanlege

Det viktigaste i dette arbeidet har for meg vore å vere så empirinær som mogleg. Det utelukkar ikkje dermed det teoretiske bakteppet, som også er viktig. For nettopp i det teoretiske rammeverket, ligg det fleire føringar for vegen vidare med arbeidet, men ikkje berre ligg det føringar der: Det ligg også ei forståing av kva kunnskap om kjønn kan vere, korleis ein forskar kan nærme seg denne kunnskapen og kva ein kan nytte denne kunnskapen til. Ein hovudtanke i det teoretiske rammeverket, som har røtter i poststrukturalistisk feministisk teori, er at kunnskap ikkje er generell eller objektiv. Det ber med seg at forskingsresultata og funna mine ikkje har som mål å vere ei objektiv sanning, og oppgåva som heilskap gjer ikkje krav på å vere kjelde til generaliserande kunnskap. Likevel meiner eg at mine analysar kan male nokre bilde av og seie noko viktig om korleis det kan vere å leve mellom kjønn i Norge i dag. Ein kan dermed seie at det kanskje finst nokre generaliserande ambisjonar i oppgåva og nokre overordna spørsmål det er freista å finne svar på, spesielt om korleis det er å leve med ein kjønna ”andenhet”.

Kunnskapen denne oppgåva tilbyr er ikkje generaliserande, men i sin form og med dei vala eg har tatt om å vere strengt kvalitativ, gir det oss bilde av korleis det kan opplevast å leve som ein kjønna minoritet i det norske samfunnet akkurat no. Men her er ligg også det viktigaste poenget mitt: Nettopp ved å utforske det som er annleis, kjem også det som er ”normalt” eller ”vanleg” til syne. Ved å utforske det som er annleis, kjem også norma til syne: Det som er annleis speglar seg i det som ikkje er det. Søndergaard seier det enno meir tydeleg i *Tegnet på kroppen*:

”Det annerledes, det usædvanlige kan bidrage til synliggørelsen af det sædvanlige. En kulturs eller en subkulturs randpersoner kan derfor ofte bidrage med væsentlig kundskab om kulturens indforståede ordener gennem deres annerledes udtryk og væren” (Søndergaard 1996:16).

Ved hjelp av det teoretiske rammeverket og fokuset på ”randpersonar”, som fører med seg eit fokus på det performative og kjønnet som noko ein *gjer*, ikkje noko ein *er*, kan altså denne oppgåva vere eit nyttig dokument for å vise nettopp det Søndergaard peiker på i sitatet over. Vår kultur, den norske kulturen, sine innforståtte ordenar kjem til syne. Kva kjønn er, kva kjønn kan vere, reint normativt sett, kjem til syne ved hjelp av minoritetshistorier og historier om å ikkje møte desse ordenane. Korleis dei ulike informantane forholder seg til

mellomrommet mellom kjønn seier heilt tydeleg noko om dei ordenane som finst og som vi som samfunn dagleg forholder oss til. I det metodiske arbeidet blei det framheva at informantane skulle fortelle om seg sjølv, og ved hjelp av å fortelje om seg sjølv og sin eigen identitet kan eit menneske også gi eit bilde av samfunnet han eller ho lever i. Dette påpeiker Marianne Gullestad når ho snakkar om sjølvbiografiar: ”På grunn av selvbildenes relasjonelle karakter inneholder en selvbiografi ikke bare bilder av selvet, men også bilder av det samfunnet forfatteren lever i og forstår seg selv ved hjelp av” (Gullestad 1996:26). No har ikkje materialet her vore sjølvbiografiar, men intervju kor informantane har fått fortelje om seg sjølv og sine liv, og har dermed sjølvbiografiske trekk. Dette grepet gjorde at eg nettopp har fått tak i det Gullestad påpeiker: Intervjuet gir både sjølvforteljingar og erfaringar, samtidig som det gjer at vi kan nærme oss bilder av det samfunnet informanten lever i og forstår seg sjølv ved hjelp av.

Det eg vil utheve som ein styrke ved det teoretiske rammeverket som er nytta, er implikasjonane for det metodiske arbeidet. Ved å nytte meg av poststrukturalistiske feministiske teoriar og queerteori, har eg også situert meg i ein fagleg tradisjon kor kvalitativt forskararbeid absolutt synest å vere føretrekt. Eg såg på intervju som metode som den beste og mest interessante for mitt arbeid, som det eg ville få mest igjen for å nytte meg av. Valet av intervju som metode gjorde at eg fikk mykje materiale som kunne nyttast, og enno er det mykje som ikkje fikk plass i denne teksten. Eg skulle gjerne sett at eg hadde fått nytta meir av materialet. Eg skulle også ha ønska at eg hadde fått meir inngående intervju med nokre av dei eg møtte på Mangfoldskafé på Stensveen Ressurscenter, men det blei ikkje heilt rett med tanke på tid og sted. Det ville ha gitt enno fleire nyansar til det å leve mellom kjønn.

Avslutning

I kapittel 7, om grenser for trans, seier Tone at ho ofte får spørsmålet ”kva er du egentleg?”. Bakgrunnen for dette spørsmålet er at ho vel å ikkje kategorisere seg som kvinne eller mann, men noko midt i mellom. Ho omtaler seg sjølv og sin posisjon som ”transperson”; verken det eine eller det andre. Ho fortel at ho liker at folk ikkje heilt kan plassere ho.

Vi lever i eit samfunn kor spørsmålet ”kva er du egentleg?” synest å vere eit gyldig spørsmål. Nysgjerrigheita vår blir pirra når vi ikkje heilt kan kode mennesket vi har framfor oss: Er det ein mann? Er det ei kvinne? Nysgjerrigheit kan vere sunt, og bere preg av ei lyst eller ein

trong til å kategorisere og skape orden i alt vi oppfattar rundt oss. Men, som eg har vist i denne oppgåva: For menneske med kjønnsidentitetstematikk kan det opplevast som ganske uuthaldeleg å stadig vere fokus for denne nysgjerrigheita. Ikkje alle er like komfortable med det som Tone er. Alltid å måtte svare på spørsmål som ”kva er du eigentleg?”, enten det blir stilt eksplisitt eller ymta frampå, alltid å bli vurdert utifrå to gjensidig utelukkande kjønnskategoriar, alltid å bli målt opp mot ein tokjønnsmodell som mange oppfattar som biologisk betinga, alltid å finne seg i å bli kategorisert som ”annet”, alltid vere ein ”andenhet” samanlikna med alle dei menneska i verda som tilfeldigvis er fødd i eit kjønnsuttrykk som er lineært med kjønnsidentiteten. Menneske med transseksualisme og transpersonar må dagleg finne seg i å bli konsitutert og oppfatta som noko ”anna”, som ein ”andenhet”.

Kvar dag blir det fødd barn som med sine nyfødde øyrer får inn orda ”Det er ein gut!” eller ”Det er ei jente!”. Det er dei første orda dei høyrer. Dei kan bli pakka inn i rosa eller blå pledd, og litt seinare kan dei bli kledd opp i klede i den eine av dei to fargane, og kanskje skriv foreldra på Facebook at ”endeleg kom prinsessa vår til verda”. Dette er sjølvstøtt ei stereotyp framstilling av korleis det går føre seg når barn kjem til verda, som ser ut til å vere ganske vanleg. Men det som er vanleg, kan også vere problematisk. Det er problematisk at små jenter blir omtala som ”prinsesser” og små gutar som ”prinsar” frå dei er bittesmå, for det seier noko ganske tydeleg om kjønnsrollene sine moglegheiter – eller kanskje heller om begrensingar. Grunnen til at eg problematisere dette her, er fordi det seier noko viktig om kva for rolle kjønn har i vårt samfunn og korleis vi frå fødselen av reproduserer idear om kva kjønn og kjønnsroller kan eller skal vere.

I denne oppgåva har eg gitt ordet til menneske som på kvar sin måter utfordrar omgrep som ”normal”, ”normalitet” og ”norm”. Dei viser korleis norma kan spenne bein på dei, men dei viser også korleis dei kan gjere sitt for å spenne bein på norma. Alle informantane i denne oppgåva viser korleis mellomrommet mellom kjønn er mogleg, samtidig som dei viser at det også kan vere heilt umogleg og uuthaldeleg. Sønnergaard skriv at ein kvar form for identitetet ber med seg ein eksklusjon av noko anna som ikkje høyrer til identiteten og stiller seg utanfor (Sønnergaard 2000). Ho skriv vidare at dekonstruksjonen sitt mål er å undersøke denne ekskluderingsprosessen, å søke seg mot det ”andre” og den ”andetgørelsesproses, hvorigennem det ’andet’ konstitueres” (Sønnergaard 2000:64). Queerteori kan seiast å bygge vidare på dette; ein vil setje fokus på korleis det ”normale” konstituerast og undersøke kva norma er. Som nemnt over, er Sønnergaard sitt poeng at ein studie av det som skil seg ut også

vere fruktbart for å studere norma. I denne oppgåva har eg gjort forsøk på å vise begge deler ved hjelp av dekonstruksjonistiske grep. Desse dekonstruksjonistiske grepa sett lys på inkluderings- og ekskluderingsprosessar, som har kome fram i samtalar med informantane mine.

Ved å løfte fram historier og erfaringar om det å leve mellom kjønn, har eg vist at kjønnskategoriar kan utfordrast. Ved å utfordre dei, bidrar informantane til å utvide handlingsrommet når det kjem til kjønnsuttrykk. I desse historiene kjem det fram at kjønnskategoriane treng ikkje å vere så tronge, dei treng ikkje å vere så faste, dei treng ikkje å vere stramt knytta til faste normer om kva det vil seie å vere kvinne eller mann. Ved å løfte fram erfaringane til desse menneska, ønsker eg å utfordre gjengse forståingar av kva kjønn *er* og heller vise kva kjønn *kan vere*. Historiene som har blitt presentert er viktige, fordi dei ber med seg menneskelege erfaringar om å oppleve seg sjølv og bli forstått utanifrå som ein ”andenhet”. Dei viser forhandlingar, overskridingar, utfordringar, moglegheiter og umoglegheiter. Eg har argumentert for at ei anerkjenning av at det er mogleg å leve mellom kjønn, og randpersonane sine erfaringar, med all si sårbarheit, leikenheit, moglegheit og umoglegheit, skal vi våge å ta del i og forholde oss til. Ved å ta del i desse erfaringane, kan ein betre forstå og få meir kunnskap om det norske kjønns mangfaldet, og på den måten håpar eg at mitt arbeid kan vere eit bidrag til å auke toleransen og utvikle forståinga av det å leve mellom kjønn.

KJELDER:

- AASEBØ, Turid Skarre. 2002. Kjønn – en saga blott? *Norsk pedagogisk tidsskrift* 02-03/2002, s. 162-173.
- ALMÅS, Elsa og BENESTAD, Esben Esther Pirelli. 2001. *Kjønn i bevegelse*. Universitetsforlaget.
- ALVESSON, Mats og SKÖLDBERG, Kaj Sköldberg. 2009. *Reflexive Methodology. New Vistas for Qualitative Research*. SAGE Publications.
- AMBJÖRNSSON, Fanny. 2006. *Vad är queer?* Natur & Kultur.
- ARNTZEN, Marion og KAHRS, Kari. 2013. *De usynlige kjønn*. Fagbokforlaget.
- BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET. 2012. Stortingsmelding 6 (2012-2013). En helhetlig integreringspolitikk. Regjeringen.no. Tilgjengelig: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-6-20122013/8/1/1.html?id=706043>
- BENESTAD, Even. 2002. *Alt om min far*. Exposed Film Productions.
- BERG, Anne-Jorunn, FLEMMEN, Anne Britt og GULLIKSTAD, Berit. 2010. Innledning: Interseksjonalitet, flertydighet og metodologiske utfordringer, i BERG, Anne-Jorunn, FLEMMEN, Anne Britt og GULLIKSTAD, Berit (red.) *Likestilte norskheter. Om kjønn og etnisitet*. Tapir akademisk forlag.
- BREMER, Signe. 2011. *Kroppslinjer: kön, transsexualism och kropp i berättelser om könskorrigering*. Makadam forlag.
- BRINKMANN, Svend og KVALE, Steinar. 2009. *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal akademisk forlag.
- BUTLER, Judith. 1990. *Gender Trouble*. Routledge.
- CHRISTENSEN, Lene. 2013. Transpersoner og transseksuelle: Viktige signaler fra norske myndigheter. Amnesty, 20.09.2013. Tilgjengelig: <http://www.amnesty.no/aktuelt/viktige-signaler-fra-norske-myndigheter>
- DEVOR, Holly. 1997. *Female-to-Male Transsexuals in Society*. Indiana University Press.
- DUSSAUGE, Isabelle. 2010. Sex, lögn och evolutionens förvrängda löften: Harald Eia & Ole-Martin Ihle, Født sånn eller blitt sånn?. *Tidsskrift for Kjønnforskning* 4/2010, s. 433-445
- ENG, Heidi. 2006. Homo- og queerforskning. I LORENTZEN, Jørgen og MÜHLEISEN, Wencke (red.). *Kjønnforskning; en grunnbok*. Universitetsforlaget.
- FALCH-OLSEN, Ida, FAGERHEIM, Ragnhild Heggem og LOHNE, Jenny-Linn. 2013. Tarald (35) vil ha rett til ny vurdering. VG, 02.07.2013. Tilgjengelig: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10117871>
- FORBUNDET FOR TRANSPERSONER I NORGE (FTP). Hjemmeside. Tilgjengelig: <http://www.ftpn.no/default.asp?sec=3>
- FRIDTUN, Kristin. 2013. *Syn og segn* 2/2013, s. 42-49.
- GREEN, Jamison. 2006. Look! No, don't! The Visibility Dilemma for Transsexual Men. I STRYKER, Susan og WHITTLE, Stephen (red.). *The Transgender Studies Reader*. Routledge.
- GULLESTAD, Marianne. 1996. *Hverdagsfilosofier*. Universitetsforlaget.
- HARRY BENJAMIN RESSURSSENTER (HBR). Diagnosen transseksualisme – hva er det? Tilgjengelig: <http://www.hbrs.no/no/transseksualisme>
- HEGARTY, Antony. 2005. For today I am a boy. Frå *I am a bird now*. Secretly Canadian.
- HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET. 2013. Styrker tilbudet til transseksuelle og transpersoner. Regjeringen Stoltenberg II, 19.09.2013. Tilgjengelig:

- <http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/hod/Nyheter-og-pressemeldinger/pressemeldinger/2013/styrker-tilbudet-til-personer-med-transs.html?id=735733>
- HYDÉN, Margareta. 2000. Forskningsintervju som relationell praktik. I HAAVIND, Hanne (red.) *Kjønn og fortolkende metode. Metodiske muligheter i kvalitativ forskning*. Gyldendal akademisk forlag.
- KANDAL, Torjus Kleiven. 2012. Eneste transe i bygda. Nordlys, 17.07.2012. Tilgjengelig: <http://www.nordlys.no/nyheter/article6151735.ece>
- LANDSFØRENINGEN FOR LESBISKE, HOMOFILE, BIFILE OG TRANSPERSONER (LLH). 2012. *Transpersoner*. Tilgjengelig: http://www.llh.no/filestore/Dokumenter_LLH_Sentralt/Brosjyrer/LLHTransbrosjyre080512.pdf
- LEINE, Ingunn Saltbones. 2010. Ja, takk – hjerne. VG Rampelys, 01.03.10. Tilgjengelig: <http://www.vg.no/rampelys/artikkel.php?artid=582108>
- LHBT-SENTERET. Kjønnssidentitetstematikk. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Tilgjengelig: <http://www.bufetat.no/LHBT/ABC---ord-og-uttrykk/Kjonnsidentitetstematikk/>
- LOHNE, Jenny-Linn. 2013. Svært høy arbeidsledighet blant transpersoner. VG, 04.07.2013. Tilgjengelig: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10111676>
- LOHNE, Jenny-Linn, FALCH-OLSEN, Ida og FAGERHEIM, Ragnhild Heggem. 2013. Ingentransland. VG Nett, 2013. Tilgjengelig: <http://www.vg.no/spesial/2013/transer/>
- LORENTZEN, Jørgen. 2006. Biologise fortellinger om kjønn. I LORENTZEN, Jørgen og MÜHLEISEN, Wencke (red.). *Kjønnsforskning; en grunnbok*. Universitetsforlaget.
- LYKKE, Nina. 2008. *Kønnsforskning. En guide til feministisk teori, metodologi og skrift*. Forlaget Samfundslitteratur.
- MALT, Ulrik. ICD-10. Store medisinske leksikon. Tilgjengelig: <http://sml.snl.no/ICD-10>
- MEYER, Walter (komitéleder). 2001. Standard of Care. Behandlingsmodell for diagnosen transseksualisme. Omsett til norsk av Harry Benjamin Ressurssenter. Tilgjengelig: <http://www.hbrs.no/norsk/Standard+Of+Care.9UFRjSYi.ips>
- MOI, Toril. 2002. *Hva er en kvinne?* Gyldendal forlag.
- ROS, Janneke van der. 2013. Alskens folk. Levekår, livssituasjon og livskvalitet for personer med kjønnssidentitetstematikk. Likestillingssenteret. 124 s.
- SKEIV UNGDOM. Kjønn. Tilgjengelig: <http://www.skeivungdom.no/kjonn>
- STENSVEEN RESSURSSENTER. Om oss. Tilgjengelig: <http://stensveen.no/om-oss>
- STRIDSBERG, Sara. 2007. *Drømmefakultetet*. Aschehoug forlag.
- SÆLLMANN, Siv Kristin og NYSTØL, Kim. 2014. Jubler for Conchita-seier. NRK, 12.05.2014. Tilgjengelig: <http://www.nrk.no/sorlandet/jubler-for-conchita-seier-1.11713183>
- SØNDERGAARD, Dorte Marie. 1996. *Tegnet på kroppen. Køn: Koder og konstruksjoner blandt unge voksne i akademia*. Museum Tusulanums Forlag.
- SØNDERGAARD, Dorte Marie. 2000. Destabiliserende diskursanalyse: Veje ind i poststrukturalistisk inspirert empirisk forskning. I HAAVIND, Hanne (red.): *Kjønn og fortolkende metode. Metodiske muligheter i kvalitativ forskning*. Gyldendal akademisk forlag.
- SØRENSEN, Anne Scott, HØYSTAD, Ole Martin, BJURSTRÖM, Erling og VIKE,

- Halvard. 2008. *Nye kulturstudier. En innføring*. Spartacus Forlag.
- TRULSEN, Ola Nymo. 2010. NRK felt for "Jentene på Toten". NRK, 14.12.2010.
Tilgjengelig:
<http://www.nrk.no/kultur/nrk-felt-for-jentene-pa-toten-1.7425253>
- TØNSETH, Kim Alexander, BJARK, Therese, KRATZ, Gunnar, GROSS, Annika, KIRSCHNER, Rolf, SCHREINER, Thomas, DISETH, Trond H. og HARALDSEN, Ira. 2010. Kjønnskorrigerende kirurgi ved transeksualisme. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 4/2010, s. 376-379.
- VALVIK, Marita E. 2014. Er blått automatisk adm.dir. og rosa hjerteknuser? *Aftenposten*, 20.01.2014. Tilgjengelig: <http://www.aftenposten.no/okonomi/Er-blatt-automatisk-admdir-og-rosa-hjerteknuser-7440293.html#.U2j-T8eyM7B>

Informasjonsskriv

Forespørsel om å delta i intervju i forbindelse med ein masteroppgåve

«Det som du er, vær fullt og helt, og ikke stykkevis og delt.»

Ein studie om kjønnsidentitetstematikk.

Av Sigrid Agnethe Hansen, masterstudent i Samfunnsplanlegging og kulturforståing ved Universitetet i Tromsø.

Eg skal i gong med ein masteroppgåve kor tematikken er kjønn og identitet. Vi lever i eit samfunn som hevdar å vere opptatt av mangfald og dei moglegheitene som ligg i mangfaldet. Men kor sant er det at samfunnet sett pris på mangfald? Når det gjeld kjønnsuttrykk, har vi fortsatt ein jobb å gjere når det kjem til å akseptere og forstå dei ulike formane som utspeler seg utanfor den etablerte to-kjønna modellen. Kva er kjønn i dag? Korleis blir kategorien kjønn utfordra og utvida? Er kjønn viktig for oss? Er kjønn viktig når det gjeld vår identitet?

Dette er spørsmål eg sjølv tenker mykje på og gjerne vil ha svar på. Gjennom å snakke med menneske med ulik kjønnsidentitetstematikk, vil eg forsøke å problematisere spørsmåla ovanfor.

For å finne ut av desse spørsmåla, vil eg med dette spørre deg som føler at du har noko å bidra med om du kan tenke deg å bli intervjuet i forbindelse med mitt forskningsprosjekt. Studien vil bidra til kunnskap om personar med kjønnsidentitetstematikk.

All informasjon om deg vil bli behandla konfidensielt og vil bli anonymisert i oppgåva. Personopplysningar som namn, fødselsstad, alder og liknande vil vere tilgjengeleg kun for meg. Det vil bli foretatt eit intervju, som du i ettertid vil få anleiting til å endre, korrigere eller tydeleggjere når det er gjennomført. Intervjua vil bli tatt opp på bånd.

Opplysningene vil bli behandla konfidensielt, og ingen enkeltpersonar vil kunne gjenkjennast i den ferdige oppgåva. Opplysningene vil bli anonymisert og opptaka skal slettast når oppgaven er ferdig, innan 1. juli 2014.

Intervjua vil skje i juni måned. Lokasjon blir vi einige om saman. Intervjuet vil vare i omlag ein time.

Eg vil understreke at det er frivillig å delta og at du når som helst kan velgje å trekke deg utan å måtte oppgje nokon grunn.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Er dette interessant for deg? Kunne du tenke deg å vere med på eit intervju? Ta kontakt med meg på mailen under. Ta gjerne kontakt om du ønsker meir informasjon.

Vennleg helsing
Sigrid Agnethe Hansen
mastersigrid@gmail.com
Rektor Qvigstads gate 11
9009 Tromsø

Samtykkeerklæring:

Eg har mottatt skriftleg informasjon og er villig til å delta i studien.

Signatur Telefonnummer

Intervjuguide/Temaoversikt

I hovudsak ønsker eg å ha eit relativt opent og fritt intervju, utan for mykje kjensle av å bli kryssforhørt. I tillegg er det ganske sensitive og personlege spørsmål som er skissert, og dersom eg merker at det ikkje er ok å stille desse spørsmåla til intervjupersonen, vil eg freiste å sjå an stemninga. Eg ønsker ikkje å støte, opprøre eller fornærme nokon med mine spørsmål. Spørsmåla som står under er dermed rettleiande, og ikkje absolutt avgjorte.

Introduksjon

Her forteljer eg kort og kven eg er, kor eg kjem ifrå og litt om korleis eg har blitt interessert i temaet.

Prosjektet har kjønn som overordna tema, og da særleg korleis kategorien kjønn blir utvida, utfordra eller haldt fast. Gjennom samtalar og intervju vil eg fokusere på erfaringar rundt kjønn, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet. Eg er spesielt opptatt av å høyre om korleis ulike menneske med ulike kjønnsuttrykk definerer seg sjølv, og om dei oppfattar kjønn som viktig for sin identitet.

Generelt

Generelle rammer for intervjuet. Det vil bli tatt opp på diktafon og eg vil stundvis gjere notater. Intervjuepersonen vil bli informert om retten til å trekke seg når som helst utan å måtte oppgje grunn.

Fri samtale om intervjupersonen sin bakgrunn og gjerne vidare om intervjupersonen sin livssituasjon no. Følgjande tema og spørsmål blir tatt opp.

Livshistorie

- Kor kjem du ifrå?
- Alder
- Oppvekst/tidlegare livssituasjon
- Noverande livssituasjon: Jobb, utdanning, familie

«Født i feil kropp»?

- Kor gammel var du da du blei bevisst din eigen kjønnsidentitetstematikk?
- Kjensler rundt dette.

- Kva tid fortalte du det til andre? Kva slags reaksjonar fikk du?
- Hvis inne hos Rikshospitalet: Kor langt i prosessen er du? Korleis opplever du prosessen?
- Nyttar du ordet «trans» om deg sjølv? Hvis ja, korfor? Hvis nei, korfor ikkje?

Kjønnsuttrykk

- Kva tenker du om ordet «kjønnsuttrykk»?
- Kva tenker du på når du høyrer ordet «kjønnsrolle»? Er det ein link mellom «kjønnsuttrykk» og «kjønnsrolle»? Kva er i så fall linken?
- Kva tenker du om kategorien «kjønn» sin rolle i dag?